



Nynorsk kultursentrum

Årsmelding og rekneskap 2017



Ivar Aasen-tunet
Olav H. Hauge-senteret
Vinje-senteret
Allkunne
Vinje-fondet
Administrasjonen

Framsida

Ivar Aasens blanke ark. Foto: Ivar Aasen-tunet / Anders Aanes 2016

Innhald

Årsmelding frå styret

1 2017: samlingane 5

- 1.1 Økonomisk resultat
- 1.2 Administrasjonen
- 1.3 Ivar Aasen-tunet
- 1.4 Olav H. Hauge-senteret
- 1.5 Vinje-senteret
- 1.6 Allkunne
- 1.7 Vinje-fondet
- 1.8 Gjester og brukarar
- 1.9 Samfunnsaktør
- 1.10 Samlingar, forskning og dokumentasjon
- 1.11 Utstillingar og formidling
- 1.12 Publisering
- 1.13 Festivalar
- 1.14 Kulturprogram
- 1.15 Skulesekk-framsyningar
- 1.16 Kafé og utleige
- 1.17 Butikkar
- 1.18 Institusjonsbygging
- 1.19 Kommunikasjon
- 1.20 Vedtektsendringar
- 1.21 Samla resultat 2000–2017

2 Visjon og strategi 9

- 2.1 Visjon
- 2.2 Føremålsparagraf
- 2.3 Verdier
- 2.4 Samfunnsoppdrag
- 2.5 Det rause museet
- 2.6 Situasjonen for nynorsk skriftkultur
- 2.7 Posisjonen vår
- 2.8 Mål
- 2.9 Ivar Aasen-tunet
- 2.10 Olav H. Hauge-senteret
- 2.11 Vinje-senteret
- 2.12 Allkunne
- 2.13 Strategiske val
- 2.14 Politikk for det 21. hundreåret
- 2.15 Institusjonell utvikling

3 Drift 13

- 3.1 Resultat
- 3.2 Inntektsprofil og kostnadsutvikling
- 3.3 Vedlikehald og investeringar
- 3.4 Samfunnsrekneskap
- 3.5 Råd og styre
- 3.6 Administrasjon
- 3.7 Økonomisk risikovurdering
- 3.8 Vidare drift

4 Disponering av resultat 15

5 Rekneskap 16

- Resultatrekneskap
- Balanse
- Notar
- Revisjonsmelding

Administrasjonens årsrapport

1 Organisasjon 24

- 1.1 Råd
- 1.2 Styre
- 1.3 Medarbeidarar
- 1.4 Verneombod og internkontrollutval
- 1.5 Rekneskap og revisjon
- 1.6 Personalforvaltning
- 1.7 Samarbeid mellom avdelingane
- 1.8 Medlemskapar
- 1.9 Verv og representasjon
- 1.10 Råd og utval
- 1.11 Nasjonale nettverk
- 1.12 Internasjonale nettverk
- 1.13 Samarbeidspartnarar
- 1.14 Planar som styringsreiskap

2 Administrasjonen 29

- 2.1 Mål og strategi
- 2.2 Bygningar og uteområde
- 2.3 Forankring
- 2.4 Organisering
- 2.5 Innhald og drift
- 2.6 Årets nynorskbrukar

3 Ivar Aasen-tunet 30

- 3.1 Mål og strategi
- 3.2 Bygningar og uteområde
- 3.3 Forankring
- 3.4 Organisering
- 3.5 Innhald og drift

4 Olav H. Hauge-senteret 32

- 4.1 Mål og strategi
- 4.2 Bygning og uteområde
- 4.3 Forankring
- 4.4 Organisering
- 4.5 Innhald og drift

5 Vinje-senteret 33

- 5.1 Mål og strategi
- 5.2 Bygning og uteområde
- 5.3 Forankring
- 5.4 Organisering
- 5.5 Innhald og drift

6 Allkunne 34

- 6.1 Mål og strategi
- 6.2 Organisering
- 6.3 Innhald og drift

7 Vinje-fondet 36

- 7.1 Mål og retningslinjer
- 7.2 Organisering
- 7.3 Søknader og tildelingar

8 Samlingar, dokumentasjon og forskning 36

- 8.1 Samlingsforvaltning
- 8.2 Samlingar i Aasen-tunet
- 8.3 Samlingar i Hauge-senteret
- 8.4 Samlingar i Vinje-senteret
- 8.5 Kunstsamling
- 8.6 Sikring og bevaring
- 8.7 Dokumentasjon og forskning

9 Utstillingar, formidling og publisering 41

- 9.1 Basisutstillingar
- 9.2 Temautstillingar
- 9.3 Vandreutstillingar
- 9.4 Publisering
- 9.5 Fagleg representasjon
- 9.6 Publikumssørvis

10 Tilbod til born og unge 42

- 10.1 Nye tilbod
- 10.2 Tunkatten Lurivar
- 10.3 Born og småbarnsfamiliar
- 10.4 Barnehagar
- 10.5 Skular
- 10.6 Den kulturelle skulesekken
- 10.7 Klart vi les!

11 Festivalar 45

- 11.1 Dei nynorske festspela
- 11.2 Ulvik poesifestival

12 Kulturprogram 47

- 12.1 Arrangement Aasen-tunet
- 12.2 Arrangement Hauge-senteret
- 12.3 Program andre stader

13 Kafé og utleige 49

- 13.1 Kafédrift
- 13.2 Utleige

14 Butikkar 50

- 14.1 Butikk Aasen-tunet
- 14.2 Butikk Hauge-senteret
- 14.3 Handlenett.no
- 14.4 Nye varer

14.5 Varelager

15 Digitale tenester 52

- 15.1 Nettstader i bruk
- 15.2 Allkunne.no
- 15.3 Aasentunet.no
- 15.4 Festspela.no
- 15.5 Tunkatten.no
- 15.6 Haguesenteret.no
- 15.7 Poesifestivalen.no
- 15.8 Vinjesenteret.no
- 15.9 Besøk og brukarar

16 Kommunikasjon 55

- 16.1 Mediedekning
- 16.2 Presse og kringkasting
- 16.3 Trykksaker
- 16.4 Annonsering
- 16.5 Sosiale medium og strøyming
- 16.6 Reiseliyssamarbeid
- 16.7 Logo- og profilprogram

17 Gjester 56

- 17.1 Gjesteprofil
- 17.2 Marknadsposisjon 2016
- 17.3 Gjesteundersøking
- 17.4 Opningstider
- 17.5 Billettsystem og prisar

18 Økonomi 58

- 18.1 Resultat og inntektsprofil
- 18.2 Investeringar
- 18.3 Driftsinntekter
- 18.4 Driftskostnader
- 18.5 Drifts- og prosjekttilskot
- 18.6 Samfunnsrekneskap
- 18.7 Samarbeidspartnarar

19 Retning 2021 61

- 19.1 Strategisk utvikling og nye oppgåver
- 19.2 Utvikling av samarbeid og nettverk
- 19.3 Språk- og litteraturpolitisk aktør
- 19.4 Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret
- 19.5 Språk- og kulturpolitisk perspektivmelding

Vedlegg 68

- Statistikk 2000–2017 68
- Fagleg representasjon 2017 69
- Publisering 2017 74
- Løyvingar frå Vinje-fondet 2010–2017 76
- Kulturprogram 2017 77
- Dei nynorske festspela 2017 89
- Temautstillingar 2000–2017 95
- Forfattarrommet i Aasen-tunet 2000–2017 96
- Årets nynorskbrukar 2000–2017 98

Årsmelding frå styret

1 2017: samlingane

2017 var året då Nynorsk kultursentrum sjølv tok initiativ til å få hand om ei samling av stor kulturhistorisk verdi, og som vil ha stor bruksverdi særleg for Vinje-senteret. Samlinga inneheld mellom anna fleire originalbrev frå A.O. Vinje. I tillegg dokumenterte vi samlingane til Einar Økland.

Nynorsk kultursentrum hadde til saman 27 143 gjester, mot 40 194 året før. Vi har i mange år vore eit av musea i landet med flest born og unge blant gjestene. I 2017 utgjorde born og unge heile 50 prosent av gjestene våre, mot 40 prosent året før.

Vi nådde mange av dei faglege og økonomiske måla, og alle driftsavdelingane gav overskot. Driftsinntektene minka med 0,7 millionar eller to prosent frå 29,3 millionar i 2016 til 28,6 millionar. Driftskostnadene minka med 1,0 million eller fire prosent frå 28,4 til 27,4 millionar kroner.

Drifta i 2017 blei styrt fram til det beste årsresultatet nokon gong. Med eit resultat på 1 328 000 mot 1 232 000 året før kunne vi dermed setje av ein vesentleg sum til basisutstilling i Vinje-senteret.

Gjennom ein avtale med Vinje kommune tok vi over ansvaret for utvikling og drift av Vinje-senteret, Stortinget løyvde midlar til basisutstillinga i senteret, og den første medarbeidaren blei tilsett. Møre og Romsdal fylkeskommune inkluderte Nynorsk kultursentrum i museumsplanen sin, og det var viktig for oss. Nynorsk kultursentrum la hausten 2017 fram *Språk- og kulturpolitisk perspektivmelding* som sitt innspel til ei stortingsmelding om kulturpolitikk som regjeringa sette i gang arbeidet med dette året.

Omfattande fagleg arbeid og initiativ som samfunnsaktør, fleire digitale brukarar enn nokon gong og godt økonomisk resultat vitnar om at staben gjorde meir enn ein kunne vente.

Store, nye prosjekt og det vi elles utretta, gjorde miljøet rundt Nynorsk kultursentrum endå større i 2017. Svært få nasjonale kulturinstitusjonar er meir riksdekkjande. Vi gjennomførte 309 eigne arrangement og tilstelningar i 47 kommunar i ni fylke, mot 507 arrangement i 71 kommunar i ti fylke året før. Åtte kommunar var nye, mot 14 året før.


Tiltaka gjennomførte vi i samarbeid med 108 institusjonar, organisasjonar og private verksemdar.

Vi følgde opp samarbeidsavtalen med Vest-Telemark Museum 2017–2020 og med kommunane Vågå, Lom og Skjåk om utgreiing om Diktarhuset. International network for language museums hadde 14 medlemsmuseum ved utgangen av året.

Styre og tilsette representerte ved 180 høve, mot 203 året før.

Vi hadde 19 fast tilsette og 52 tilsette i engasjement og vikariat, 10 eksterne medlemmer i råd og utval og 30 frivillige i samspel med 59 medlemmer i råd og styre. Medarbeidarar og frivillige utførte i alt 20,0 årsverk, mot 20,3 året før.

Figur 1. Driftsinntekter etter avdeling 2014–2017 Prosent



Vi utvida verksemda i 2017, rekrutterte fleire nye medarbeidarar og løyste dei fleste oppgåvene vi prioriterte. Mykje kan enno gjerast betre, men ved systematisk arbeid nådde vi viktige mål i *Visjon og strategi 2016–2019* og sette oss nye mål i *Visjon og strategi*

2018–2021. Vona vår ligg i grunntanken om at den beste ideen enno ikkje er tenkt.

1.1 Økonomisk resultat

Nynorsk kultursentrum har forretningskontor i Ørsta kommune og driv kulturnæring i Ørsta, Ulvik og Vinje.

Slitesterkt, målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette gav samla driftsinntekter på 28,6 millionar, mot 29,3 millionar året før.

Driftsresultatet blei svært godt med eit overskot på 1 328 000, mot 1 232 000 året før. Resultatet gjorde det mogleg å setje av ein større sum til basisutstilling i Vinje-senteret, auke vedlikehaldsfondet og setje av midlar til nye investeringsprosjekt som styrkjer samlingsforvaltning, drift og publikumstilbod.

Marknadsinntektene utanom offentlege tilskot var på 5,8 millionar, mot 6,4 millionar året før, og utgjorde med det 22 prosent av alle inntekter. For kvar femte offentlege krone skaffa vi dermed ei krone sjølv. Det ordinære statstilskotet utgjorde 68 prosent av driftsinntektene, mot 62 prosent året før.

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er organisert med fleire driftsavdelingar, mange nettstader og fleire større prosjekt.

1.2 Administrasjonen

Administrasjonen dekkjer fellesfunksjonar, samordnar verksemda og står opp under drifta i alle delar av institusjonen.

Dei viktigaste resultatane var planar for 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018, kjøp av domenet Nynorsk.no frå Norsk Målungdom, grunnlag for omorganisering av verksemda, artikkelserien «Luther-tesar 2017» i 13 delar og *Vinje-bibliografien*.

Driftsinntektene var på 3,6 millionar mot 3,1 millionar året før. Med finansinntekter gav drifta eit overskot på 668 000, mot 7000 året før.

1.3 Ivar Aasen-tunet

Dette dokumentasjons- og opplevingssenteret for nynorsk skriftkultur er kjernen i verksemda vår.

Dei viktigaste resultatane var temautstillinga *Sannare enn røynda?*, familiekonsert med premiere på fleire nye nynorske barnesongar, *Bok og bakverk* som nytt lågterskeltilbod, og fleire større investeringar i bygningar og anlegg.

Driftsinntektene minka med tre prosent frå 15,1 millionar i 2016 til 14,6 millionar i 2017. Drifta gav eit overskot på 167 000, mot 588 000 året før.

Aasen-tunet hadde 20 060 gjester i 2017, mot 26 866 året før.

1.4 Olav H. Hauge-senteret

Dette er eit dokumentasjons- og formidlingssenter for Olav H. Hauge og lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser.

Dei viktigaste resultatane var tidslinja *All verdas lyrikk gjennom 4000 år* i basisutstillinga, skulesekk-turnear som for første gong fekk over 4000 gjester, seminaret «Lyrikk, samfunn og krise» i regi av Nettverk for poetisk tenking, og ombygd møterom som gav eit nytt kontor.

Utan Ulvik poesifestival i 2017 minka driftsinntektene med 23 prosent frå 6,9 millionar i 2016 til 5,3 millionar. Drifta gav eit overskot på 82 000, mot 296 000 året før.

Hauge-senteret utan poesifestival hadde 6915 gjester i 2017, mot 11 332 med festival året før.

1.5 Vinje-senteret

Vinje-senteret skal bli eit dokumentasjons- og formidlingssenter for diktning og journalistikk.

Arbeidet heldt fram i samsvar med hovudlinjene prosjektplanen frå 2016. Arkitektar og byggeteknisk konsulent gjorde ferdig forprosjekt. Stortinget løyvde 1,6 millionar til basisutstillinga i Vinje-senteret, og Vinje kommunestyre vedtok å løyve 24 millionar til byggeprosjektet i åra 2017–2019.

Dei viktigaste resultatane var avtale med Vinje kommune om utviklings- og driftsansvaret for Vinje-senteret frå 1.5.2017 og forvaltning av Vinjestoga frå 1.1.2018, tilsetjing av dagleg leiar som første medarbeidar, og kjøp av ei større litteraturhistorisk samling

med mellom anna fleire originalbrev frå A.O. Vinje.

Samla inntekter for Vinje-senteret auka med 50 prosent frå 1,6 millionar i 2016 til 2,4 millionar i 2017. Drifta gav eit resultat på 25 000, mot null året før.

Vinje-senteret hadde 168 gjester på arrangement i 2017, mot 1350 i 2016.

1.6 Allkunne

Allkunne utviklar nynorsk kvalitetsinnhald på Internett og er det einaste redigerte digitale oppslagsverket på nynorsk.

Dei viktigaste resultatane var fleire avtalar med Samlaget om publisering av verk, samarbeid med forlag og forfattar om *Nynorsk litteraturhistorie* av Jan Inge Sørbø, ei ordning med gjesteredaktørar fram mot stortingsvalet, og artiklar om alle nynorskaviser.

Driftsinntektene auka med sju prosent frå 2,6 millionar i 2016 til 2,8 millionar i 2017. Drifta gav eit overskot på 83 000, mot 68 000 året før.

Ved utgangen av året hadde Allkunne publisert 25 030 artiklar, mot 23 005 året før.

1.7 Vinje-fondet

Vinje-fondet skal styrkje bruken av nynorsk i media, og vi forvaltar midlane etter avtale med Kulturdepartementet.

Kulturdepartementet løyvde 598 784 til Vinje-fondet i 2017. Frårekna ei forskottert løyving i 2016 løyvde fondet 480 000 til fire prosjekt, mot 650 000 til fem prosjekt året før.

Samla kostnad i 2017 var 720 000, mot 720 000 året før. Eit overforbruk i 2017 på 9000 blir dekt av løyvinga for 2018 med etterhald om budsjettvedtak i Stortinget.

1.8 Gjester og brukarar

Talet på gjester ved arrangement og utstillingar minka med 32 prosent frå 40 194 i rekordåret 2016 til 27 143 i 2017. Vi gjennomførte ein festival, mot to året før, hadde færre gjester på skulesekk-framsyningane, likeins på utleiearrangement.

13 510 eller 50 prosent av gjestene var born og unge, mot 15 928 året før. I få norske

museum utgjer born og unge ein større del av gjestene enn hos oss.

Talet på brukarar (øktar) på nettstadene auka med 42 prosent frå 418 410 i 2016 til 594 507 i 2017. Frå og med 2017 reknar vi øktar, ikkje unike brukarar. Talet på viste sider auka med 13 prosent frå 1 252 694 i 2016 til 1 413 509 i 2017. Tunkatten.no hadde 54 215 nedlastingar og avspelingar, mot 50 051 året før.

I sosiale medium auka talet på følgjarar og likarar med 14 prosent frå 17 690 i 2016 til 20 181 i 2017.

1.9 Samfunnsaktør

Nynorsk kultursentrum gav i 2017 to høyringsfråsegner, om framlegg til museumsplan for Møre og Romsdal og innspel til ei ny kulturmelding frå regjeringa.

Som før om åra delte vi røynsler frå eige arbeid med andre institusjonar, mellom anna i to nettverk i Virke.

På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune leverte Hauge-senteret *Stader for skrift. Rapport om diktarheimar i Hordaland*.

På 19. året leidde vi arbeidet i Nynorsk forum, som særleg samordna framlegg til nynorskprioriteringar i statsbudsjettet.

Prisen *Årets nynorskbrukar* blei delt ut for 18. gong og gjekk til generalløytnant Morten Haga Lunde i Etterretningstenesta for å gi bruk av nynorsk den autoriteten som trengst på eit område som har vore mindre språkleg mangfaldig enn resten av samfunnet.

1.10 Samlingar, forskning og dokumentasjon

Samlingane våre inneheldt 59 942 gjenstandar og objekt ved utgangen av 2017. Av dette var 59 prosent tilfredsstillande registrert. Over 98 prosent av museumsgjenstandane var registrerte og 50 prosent av alle bøkene. Vi hadde også 109 hyllemeter arkivalia, og av dette var 73 prosent tilfredsstillande arkivert.

26 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknytning til samlingane våre. Dette resulterte i fire større publikasjonar i 2017.

I åra 2015–2018 leier Nynorsk kultur-sentrum forskingsprosjektet *Museum som minnepolitiske aktørar* med sju museum.

1.11 Utstillingar og formidling

Vi hadde 8468 utstillingsgjester i 2017, mot 10 539 året før.

Hauge-senteret opna i mai temautstillinga *Ordefar*, og Aasen-tunet opna temautstillinga *Sannare enn røynda? Ei utstilling om liv og dikt i litteraturen*, i juni. I begge basisutstillingane var det noko nytt kvar dag.

To temautstillingar frå Aasen-tunet blei viste i kulturinstitusjonar på to stader, mot fire utstillingar på tre stader året før.

1.12 Publisering

Tilsette og personar med verv i institusjonen stod for 62 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 81 året før.

I 2017 gav Nynorsk kultursentrum ut tre større skrifter, og fleire var i arbeid for utgiving i 2018 eller seinare.

1.13 Festivalar

Vi gjennomførte ein festival i 2017 mot to året før.

Dei nynorske festspela blei arrangerte for 26. gong. Driftsinntektene var på 2,0 millionar, mot 2,1 millionar året før. Dette gav eit underskot på 17 000, mot eit overskot på 113 000 året før. Temaet var *Tabu*, og festspeldiktaren Lars Mæhle sette sitt tydelege preg på festivalen. Festspela hadde 4054 gjester på 53 arrangement, mot 5405 gjester på 56 arrangement året før. 111 utøvarar stod for innhaldet, mot 224 året før. Fire av ti arrangement var gratis.

Ulvik poesifestival 2018 var under planlegging i 2017.

Etter initiativ frå medlemslaget Litteraturdagane i Vinje gjorde vi avtale om å ta over festivalen frå 1.1.2018. Styret oppnemnde programråd for åra 2018–2021.

1.14 Kulturprogram

Vi gjennomførte 108 arrangement i eigen regi utanom festivalar, mot 104 året før. Aasen-tunet stod for 83, Hauge-senteret 21 og

Vinje-senteret 4, mot 66, 30 og 3 året før.

3782 gjester var til stades på desse arrangementa, mot 3401 året før, og 404 utøvarar stod for innhaldet.

1.15 Skulesekk-framsyningar

7958 elevar og lærarar var med på 165 turné-framsyningar i 29 kommunar av tre elevprogram i Den kulturelle skulesekken, mot 11 882 gjester på 296 framsyningar i 65 kommunar året før.

Produksjonane strekte seg frå litteraturformidling til språkleg identitet. Vi hadde ingen premierar i 2017, mot to året før.

Turneane gav ei omsetning på 0,8 millionar, mot 1,3 millionar året før.

1.16 Kafé og utleige

Kafeen i Aasen-tunet hadde driftsinntekter på 0,6 millionar, mot 0,8 millionar i 2016. Drifta gav eit underskot på 123 000, mot eit underskot på 92 000 året før.

Vi hadde 2792 gjester på 58 arrangement i form av utleige eller regi av eksterne arrangementar, mot 4842 gjester på 97 arrangement året før.

1.17 Butikkar

Butikkane i Aasen-tunet og Hauge-senteret hadde samla driftsinntekter på 1,3 millionar, mot 1,7 millionar året før. Etter nedskriving av varelager på 82 000 for ukurans gav drifta eit underskot på 482 000, mot eit underskot på 158 000 året før.

Butikkane selde bøker for 663 000 mot 878 000 året før. Dette utgjorde 49 prosent av omsetninga, mot 51 prosent året før.

Nettbutikken Handlenett.no hadde ved utgangen av året 1369 kundeadresser, mot 1778 ved førre årsskiftet. Nedgangen skriv seg frå omlegging av butikksystemet.

1.18 Institusjonsbygging

Arbeidet med å utvide grunnlaget for verksemda vår heldt fram i 2017, og styret fastsette rammene for å handtere utviklinga.

Det er ikkje lenger eit spørsmål om Vinje-senteret blir realisert, men når det kan opnast med eit komplett publikumstilbod.

Frå og med 2018 eig og driv Nynorsk kultursentrum tre språk- og litteraturfestivalar.

Utgreiingsarbeidet om Diktarhuset i Lom tok til hausten 2017 i samsvar med avtale med Vågå, Lom og Skjåk kommunar. Oppland fylkeskommune løyvde i 2017 midlar til arbeidet.

I samarbeid med familien Økland og Sunnhordland Museum dokumenterte vi i 2017 dei enorme samlingane til Einar Økland. Dette resulterte i skriftet *Økland-samlingane. Eit portrett av skrift- og biletkultur* for intern og avgrensa bruk.

International network of language museums hadde 14 medlemmer i like mange land i tre verdsdelar. Ein internasjonal konferanse for språkmuseum i Firenze gav oss eit vidare internasjonalt nettverk.

1.19 Kommunikasjon

Kommunikasjonskostnadene blei reduserte med 11 prosent frå 1,6 millionar i 2016 til 1,4 millionar i 2017. Dette utgjorde 5,1 prosent av samla driftskostnader, mot 6,0 prosent året før.

Ulike sider av verksemda vår blei omtalt i 2746 registrerte artiklar og oppslag i norske massemedium, mot 2921 året før.

Det samla opplaget på trykksaker var 82 000 eksemplar, mot 110 000 året før.

1.20 Vedtektsendringar

I samsvar med innstilling frå rådet vedtok styret fleire vedtektsendringar som Kulturdepartementet godkjende.

1.21 Samla resultat 2000–2017

Vi har hatt nær 396 000 gjester på arrangement og utstillingar og 5 147 000 unike nettstadbrukarar. I alt har altså vel 5,5 millionar nytta tilboda våre.

Etter 18 driftsår er dette gjort:

- 59 942 museumsgjenstandar, bøker, skrifter og audiovisuelle objekt
- 109 hyllemeter arkivalia
- 5476 tilstellingar, av dette 4149 eigne i 175 kommunar i alle fylke
- 37 temautstillingar er laga og har vore lånte ut 188 gonger til stader i 18 fylke

- 1974 framsyningar av ti elevprogram i Den kulturelle skulesekken for 66 315 elevar og lærarar
- 475 357 nedlastingar og avspelingar frå Tunkatten.no
- 433 talar og foredrag, 260 artiklar og 33 bøker og småskrifter

2 Visjon og strategi

Styret vedtok i 2007 eit visjonsdokument for Nynorsk kultursentrum. Etter drøfting i stab og råd vedtok styret *Visjon og strategi 2018–2021* i juni 2017.

2.1 Visjon

Nynorsk, sjølvstøtt, når som helst og kor som helst. Vi vil eit samfunn der det er sjølvstøtt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der nynorsk kan brukast i alle situasjonar, også i alle former for litteratur.

2.2 Føremålsparagraf

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingssenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.

2.3 Verdiar

Open, modig, overraskande. Verdiane viser kven vi er, kva vi vil vere og kva som pregar det daglege arbeidet vårt. Vi utfordrar fordomar om norsk språkpolitikk og om delar av samtidslitteraturen, vi vil overraske ved å sjå etter nye løysingar på gamle spørsmål, og vi skal vere til å stole på.

2.4 Samfunnsoppdrag

Kunnskap og opplevingar som gjer det lettare og kjekkare å vere nynorskbrukar. Driftsgrunnlaget vårt er å vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvtilit.

Det vi gjer undervegs til visjonen, skal vere med og auke den allmenne toleransen

og respekten for nynorskbrukarane. Dei som høyrer på oss, skal kjenne seg att i det vi seier, men også kunne bli overraska.

Det vi gjer undervegs til visjonen, skal vere med og auke den allmenne toleransen og respekten for nynorskbrukarane.

Den nynorske grunntanken om kort avstand mellom tale og skrift inneber at språk kan demokratisere samfunn. Vi vil bruke kunnskap om språk og litteratur i fortid og samtid til å endre framtida slik at fleire blir og blir verande nynorskbrukarar.

2.5 Det rause museet

Museumsdrift er grunnlaget for den breie verksemda vår. Vi vil vere det rause museet som gir publikum og gjester meir enn dei ventar, og som deler kunnskap og røynsler.

Alle digitale tenester er gratis, kulturprogram og festivalar skal ha eit variert utval av arrangement som er gratis. Alle som vitjar oss, skal få enkle faglege tilbod som er utanom inngangsbilletten.

2.6 Situasjonen for nynorsk skriftkultur

Nynorsk kultursentrum arbeider ut frå den forståinga at språk som regel ikkje kan forståast bere språkleg, men også må definerast historisk, sosialt, kulturelt, økonomisk eller politisk. I dette ligg at språk er mykje meir enn eit kommunikasjonsmiddel, og at nynorsk og bokmål er to norske språk, ikkje to målformer av norsk.

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg enn bokmål, men ein stor og vital skriftkultur i verda. Nordmenn er i skiftande fleirtal og mindretal også språkleg sett. Den språklege toleransen er større enn for nokre tiår sidan, men å ta i bruk nynorsk på nye område utløyser framleis motstand.

Det blir tenkt annleis om språk både i Noreg og mange andre land no enn då ideen om Ivar Aasen-tunet blei forma i 1990. Det fleirspråklege har fått status, og den språklege toleransen er truleg større enn før, men motviljen mot nynorsk kjem som før raskt til syne når det røyner på, dvs. særleg når nynorsk blir teken i bruk på nye område. Det er lettare å arbeide for visjonen vår no enn

for ti år sidan, men nynorskbrukarane er ikkje blitt fleire i vår tid.

Nynorsk kultursentrum har over tid utvikla viktig kunnskap som ikkje var der frå før. Denne har vi brukt til å opne nye inngangar som aktør og skape nye forteljingar som formidlar. Dette gjeld særleg kunnskap bruken av nynorsk og bokmål, og om nynorsk skriftkultur generelt, til dels i internasjonale jamførande perspektiv. Det gjer nynorsk skriftkultur til ein av dei best dokumenterte i verda. Vi har også arbeidd mykje med å tenkje fram ein ny, framtidsretta argumentasjon for nynorskbrukarane sine vilkår i samfunnet.

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gammal og bygger på ein tusenårslang skrifttradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til noko liknande. Dei siste tjue åra har ein nynorsk digital skriftkultur teke form.

Litteratur er ein hjørnestein i alle skriftkulturar. Nynorsk kultursentrum arbeider heile tida innanfor eit klassisk, før-romantisk litteraturomgrep som femner om både skjønnlitteratur og sakprosa, diktning og journalistikk.

Den norske samtidslitteraturen er vital på det skjønnlitterære feltet både når det gjeld prosa, lyrikk og dramatikk, og bøker for born eller vaksne. Presset mot litteratur på nynorsk er framleis stort innanfor sakprosa, likeins for journalistikk på nynorsk utanfor dei fleste riks- og regionmedia.

2.7 Posisjonen vår


Nynorsk kultursentrum er det største litteraturmuseet i Noreg, driv det einaste senteret for diktning og journalistikk i Noreg, det einaste senteret for lyrikk i mange former i Noreg, det einaste språkmuseet i Norden og det eldste språkmuseet i verda, og det einaste redigerte leksikonet på nynorsk.

Nynorsk kultursentrum blei stifta i 1993 for å etablere og drive Aasen-tunet. Frå 2018 forvaltar vi tre museum, tre festivalar, eit leksikon og åtte andre nettstader, og vi forvaltar ei støtteordning. Vi er like mykje ein allmenn kulturinstitusjon som eit museum.

Rekna i inntekter er vi den tredje største nynorskinstitusjonen, etter Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget. Vi er den einaste institusjonen med museum i tre fylke, og ein av få aktørar som opnar nye museum i Noreg. Musea våre har alle ein høgare himmel over seg i form av vidare rammer enn det personane og sjangrane gir, Aasen-tunet tek seg av den nynorske skriftkulturen, Hauge-senteret og Vinje-senteret dekkjer både nynorsk og bokmål, og Allkunne utvidar nynorsk skriftkultur inn i det digitale.

Truleg er vi eit av musea i Noreg med størst del born og unge blant gjestene. I 2017 var 50 prosent av gjestene barn og unge, mot 40 prosent året før. Gjennomsnittet for alle museum i landet er mykje lågare (figur 2). Den nyaste museumsstatistikken er frå 2016.

Figur 2. Barn og unge gjester 2013–2016
Prosent



Vi er eit av få norske museum som eig fleire nettstader enn bygningar. Med digitale tenester når vi ut til ti gonger fleire enn dei som gjestar arrangement og utstillingar.

Nynorsk kultursentrum er ei kunnskapsbedrift og ein lærande organisasjon med sterk vilje til fellesskap, systematisk resultatvurdering og svært utoverretta arbeid. Institusjonen er utan langsiktig gjeld.

2.8 Mål

Nynorsk kultursentrum vil gjere det lettare å vere nynorskbrukar, styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane og skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur.

2.9 Ivar Aasen-tunet

Mål 2016–2019: Bli førstevallet som museum og reisemål for publikum i regionen og doble gjestetallet i den sentrale sommar-sesongen.

Slagord: Ivar Aasen-tunet – målet for alle.

2.10 Olav H. Hauge-senteret

Mål 2016–2019: Bli eit anerkjent formidlings-senter for diktaren Olav H. Hauge med Hauge-senteret.no som ein sentral nettstad for lyrikk i mange former.

Slagord: Olav H. Hauge-senteret – store opplevingar på små flater.

2.11 Vinje-senteret

Mål 2016–2019: Etablere Vinje-senteret som ny driftsavdeling saman med Litteraturdagane i Vinje.

Slagord: Forteljingane som vil bli med heim.

2.12 Allkunne

Mål 2016–2019: Passere 45 000 publiserte artiklar og fullføre publiseringa av tekstar frå Caplex.

Slagord: Allkunne – levande leksikon.

2.13 Strategiske val

Vi er det vi gjer, og det vi gjer, skal vere til nytte for andre. Vi veksler mellom det kommersielle, populære og fagleg viktige. Vi arbeider systematisk med å nå ut til nye grupper. Ingen prosjekt er avslutta før dei er formidla og gjort kjende.

Summen av det vi gjer, er med og påverkar biletet av kva nynorsk skriftkultur rommar, og kva nynorsk handlar om. Vi gjer det vi kan for å utvide bruksområdet for nynorsk.

Språk er den viktigaste infrastrukturen i samfunnet, formar kvardagen for alle og gjer oss til eit kvardagsmuseum. Vi skal vere der språkbrukarane og lesarane er. Vi vil vere med og prege framtida på grunnlag av hundreårserklæringa frå 2013.

Vi er ein av svært få kulturinstitusjonar i heile Norden som konsekvent arbeider med skriftkulturens perspektiv, og for oss femner

litteratur om både skjønnlitteratur og sakprosa. Vi vekslar mellom munnleg og skriftleg litteratur, frå songlyrikk til journalistikk. Jamførande perspektiv skal no prege meir av det vi gjer.

Vi vil vere ein kulturinstitusjon i dialog med mange land og kulturar. Ved å ha ei rolle internasjonalt blir vi viktigare både nasjonalt, regionalt og lokalt.

2.14 Politikk for det 21. hundreåret

Demografiske endringar, sterk urbanisering og auka press frå engelsk mot bokmål er dei tre sosiale og kulturelle faktorane som det neste tiåret får mest å seie for bruken av nynorsk. Over tid er nynorskbrukarane ikkje tente med at bokmål må vike for engelsk.

Det er offisiell politikk å følgje *prinsippet nynorsk*, som Nynorsk kultursentrum første gongen formulerte i 2005. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med der norsk språk blir tematisert, og at det skal grunnigvast viss omsynet til nynorsk er irrelevant. Det står att å gjere dette i praksis.

Til 200-årsdagen for Ivar Aasens fødsel 5.8.2013 tok Nynorsk kultursentrum initiativ til den såkalla hundreårserklæringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret» frå Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum.

Gjennom *Språk- og kulturpolitisk perspektivmelding* til Kulturdepartementet hausten 2017 presenterte vi ein omfattande situasjonsanalyse og formulerte mange nye tiltak. Eit av emna var den digitale kvardagen. I alt frå menyar på nettstader til talegjenkjenning må nynorsk og bokmål vere jamstilte funksjonar.

2.15 Institusjonell utvikling

Vi utviklar institusjonen ved å utvide driftsgrunnlaget, skape nye og originale tilbod og konsekvent arbeide på sjølvstendig grunnlag. Nynorsk kultursentrum går ikkje inn og blir ein del av andre institusjonar.

Gjestetala tel, men innhaldet avgjer. Vi skal framleis vere ein av dei mest aktive og utoverretta kulturinstitusjonane i Noreg. Språkleg toleranse og dialog med mange land og kulturar skal prege verksemda vår.

Ei kunnskapsverksemd som vår må leve med at ambisjonane er høgare enn det vi faktisk maktar å gjennomføre. Svært mange oppgåver må løysast for at det skal bli sjølv sagt for kven som helst å bruke nynorsk når som helst, kor som helst.

Kvalitet i alle ledd skal vere kjennemerket for verksemd i vår regi. Likevel skal vi våge å prøve ut nye idear. Det er lov å feile og nødvendig å lære av feila.

Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Nynorsk kultursentrum er ein tydeleg tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar.

Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte. Vi involverer oss der vi kan spele ei reell rolle og ha ein viss styringsrett, og vi ønskjer å vere ein institusjon å rekne med og stole på. Vi har vide samarbeidsflater og ønskjer å bli oppfatta som ein offensiv, påliteleg og løysingsorientert aktør. Det skal vere ei god investering å satse på oss.

Medarbeidarane har ein svært samansett kompetanse. Likevel er det alltid noko meir vi bør vite og noko meir vi bør kunne. Vi veit aldri nok, og vi vil heile tida lære meir. Alle tilsette skal kunne meir på sine fagfelt når dei sluttar enn då dei tok til.

Nynorsk kultursentrum ønskjer å bli ein større organisasjon, og det er strategisk føremålstenleg for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta.

Etablerte tiltak må ha passert sine milepålar før nye større tiltak blir ein del av porteføljen. Alle nye tiltak vi set i verk eller går inn i, skal styrkje drifta av etablerte tiltak.

Dei neste åra arbeider vi særleg med desse oppgåvene:

1. Sikre investerings- og driftsgrunnlag for Vinje-senteret med komplett publikums-tilbod seinast 2020.
2. Realisere planane for Jon Fosse-arkivet.
3. Styrkje den administrative kapasiteten i institusjonen.
4. Planleggje reiskaps- og lagerhus i Aasen-tunet.

5. Avklare eventuelt driftsgrunnlag og innhald for Diktarhuset i Lom.

6. Forme rammene for eit samarbeid med Sunnhordland Museum om Økland-samlingane.


7. Utvikle eit internasjonalt prosjekt om den norske røynsla med løysing av kulturelle konflikhtar utan vald.

3 Drift

Med driftsinntekter på 28 607 000 var 2017 prega av at alle avdelingane gav positive resultat. Nynorsk kultursentrum nådde endå vidare ut også dette året.

Arbeidet for større eigeninntekter heldt fram. Eit fleire år langt arbeid for å styrkje driftskapitalen viser att. Sidan 2014 har institusjonen ygt opp eit vedlikehaldsfond som no utgjør 600 000, og styret har fastsett retningslinjer for bruken av fondet. Ved utgangen av 2017 var eigenkapitalen inkludert vedlikehaldsfondet 5 millionar kroner.

Figur 3. Inntektsprofil 2013–2017
Prosent



3.1 Resultat

Drifta gav eit overskot på 1 327 628 etter finansinntekter, mot 1 232 433 året før. Drifta var styrt i retning av eit resultat som kunne sikre avsetjing til prioriterte investeringar og vidare oppbygging av vedlikehaldsfondet.

3.2 Inntektsprofil og kostnadsutvikling

Offentlege tilskot utgjør sikre inntekter som gjer det mogleg for oss å skape større markadsinntekter. Mange år har kvar krone

meir offentlege tilskot også gitt ei krone meir i markadsinntekter, men ikkje i 2017.

Dei offentlege tilskota var på 23 222 000, mot 21 576 000 året før. Desse tilskota utgjorde 81 prosent av inntektene, mot 77 prosent året før (figur 3). Markadsinntektene var på 5 134 000, mot 6 244 000 året før, og utgjorde 19 prosent av inntektene, mot 23 prosent året før.

Vi har heile tida lagt til grunn at løn og honorar skal utgjere godt under 60 prosent av samla kostnader. I 2017 stod løn og honorar for 52 prosent av samla kostnader, mot 50 prosent året før.

3.3 Investeringar

Dei vedlikehaldsoppgåvene vi meinte var nødvendige, blei gjennomførte i 2017. Frå 2014 har Nynorsk kultursentrum bygt opp eit vedlikehaldsfond, og styret fastsette i 2017 reglar for bruken av dei midlane. Etter planen skal fondet kome opp i ein million kroner før midlar kan hentast ut.

Vi gjennomførte sju større tiltak til ein samla kostnad på vel 1,4 millionar. Alt dette fullfinansierte vi sjølve, og 0,5 millionar kom frå avsetjingar i tidlegare rekneskapar. Avskrivingskostnadene auka likevel berre frå 537 000 i 2016 til 551 000 i 2017.

Ombygging av Steinhuset i Aasen-tunet og av møterommet i Hauge-senteret gav oss fire nye, gode arbeidsplassar.

Til Vinje-senteret kjøpte vi dessutan ei større litteraturhistorisk samling med mellom anna fleire originalbrev frå A.O Vinje.

3.4 Samfunnsrekneskap

Den økonomiske verdien av verksemda vår er stor, og vi skapte verdier for mange også i 2017.

Vi betalte 3 011 000 i forskotstrekk og 1 676 000 i arbeidsgivaravgift, til saman 4 687 000, mot 4,5 millionar året før. Dette utgjorde 17 prosent av samla kostnader, som året før. Til Ørsta kommune betalte vi 12 000 i eigedomsskatt.

Vi betalte 13 890 000 i bruttoløn og sosiale kostnader, mot 14,1 millionar året før.

Honorar til utøvarar og redaksjonelle medarbeidarar eks. sosiale kostnader utgjorde 2 704 000, mot 3,5 millionar året før.

3.5 Råd og styre

Rådet handsama 25 saker på to vanlege møte og eit telefonmøte, mot like mange saker på tre møte året før. Utanom tilsynsfunksjonen arbeidde rådet særleg med Vinje-senteret, strategi for nynorskforsking, nasjonalt språkforum, konsekvensar av kommune- og regionreform, konsekvensar av stortingsvalet, fylkeskommunale museumsplanar, utgreiing om Diktarhuset i Lom og programprofil for Litteraturdagane i Vinje.

Styret handsama 80 saker på fire vanlege møte og eit skriftleg møte, mot 92 saker på sju møte året før. Styret arrangerte også Perspektivdagen for nynorsk 2017 i Ørsta. Utanom dei faste sakene budsjett, tilskots-søknader, rekneskap og årsmelding arbeidde styret særleg med *Visjon og strategi 2018–2021* og to langtidsplanar, utvikling av Vinje-senteret og den samla verksemda, ei språk- og kulturpolitisk perspektivmelding, Einar Økland-samlingane, museumsplan for Møre og Romsdal, retningslinjer for vedlikehaldsfondet, kjøp av samlingar og for styret, organisering av institusjonen og stillingsomtale for direktøren, evalueringar av museumsreforma og forvaltninga av rettskriving for nynorsk og bokmål.

3.6 Administrasjon

Kulturdepartementet godkjende ei vedtektsendring som gir Nynorsk kultursentrum det formelle driftsgrunnlaget som trengst.

Vi hadde 21 medarbeidarar i 19 faste stillingar og arbeidsavtalar med 41 andre betalte medarbeidarar, og 30 frivillige hjelpte til. I alt blei det utført 20,04 årsverk, mot 20,33 året før.

Den helse-, miljø- og tryggleiksplanen som blei vedteken i 2013, blei følgd opp i 2017. Sjukefråværet utgjorde 6,9 prosent av samla arbeidstid, mot 3,9 prosent året før.

Nynorsk kultursentrum førte også i 2017 ein målretta likestillingspolitikk. Fire av sju styremedlemer var kvinner, og i rådet var

åtte av 22 medlemer kvinner; to stiftarar var utan representasjon i 2017. I den utvida leiargruppa sat fire menn og ei kvinne, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2017 ni kvinner og ti menn.

Ved tilsetjingar prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjonar. Over tid skal det vere balanse mellom tal på kvinner og menn i staben, på same måten som vi ønskjer variasjon i alder, geografi, bakgrunn og fagprofil.

Alle krav i lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne gjeld ikkje for verksemda vår, men vi gjer alt vi kan for å oppfylle dei relevante krava.

Verksemda vår er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillèt. Verksemda følgde alle miljøregelverk i 2017. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir, plast og restavfall, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum leverte i 2017 ingen produkt som skaper vesentlege miljøproblem.

3.7 Økonomisk risikovurdering

Den økonomiske risikovurderinga er delt i finansrisiko og marknads-, kreditt- og likviditetsrisiko.

Nynorsk kultursentrum har ikkje langsiktig, renteberande gjeld og er difor ikkje utsett for endringar i rentenivået. Vi har heller ikkje vesentlege finansinntekter som blir påverka av eventuell endring i rentenivået. Nynorsk kultursentrum har ikkje transaksjonar eller krav/gjeld i utanlandsk valuta og er såleis ikkje utsett for valutarisiko.

Nynorsk kultursentrum har god soliditet med ein eigenkapitalprosent på 44 prosent per 31.12.2016. Vi er avhengige av offentlege tilskot til drifta. Viss vi ikkje får venta tilskotsauke eller tilskot blir reduserte, kan dette få følgjer for drifta. Styre og direktør er merksame på denne situasjonen og gjennomfører eventuelle strakstiltak for å tilpasse drifta til inntektsnivået.

3.8 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på 270 000 kroner og står på renteberande konto.

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilete av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kroner.

	2015	2016	2017
Driftsinntekter	23 216	27 820	28 607
Resultat	665	1232	1328
Eigenkapital	3366	4049	4426

4 Disponering av resultat

Av årsoverskotet på 1 327 628 kroner blir 377 628 kroner lagd til eigenkapitalen. Etter dette hadde stiftinga ved årsskiftet ein eigenkapital på 4 426 421 kroner.

150 000 kroner blir sett av til vedlikehaldsfondet, som etter dette er på 600 000 kroner.


600 000 kroner blir sett av til basisutstilling i Vinje-senteret og 200 000 kroner til lager- og reiskapshus i Aasen-tunet.

Hovdebygda, 31. desember 2017 / 27. februar 2018


Lodve Solholm, leiar


Grete Riise, nestleiar


Hilde Barstad


Sæbjørn Forberg


Jon Østbø


Brit Bildøen


Stina Aasen Lødemel


Ottar Grepstad, direktør

Resultatrekneskap

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2017	2016
Sal av varer		3 067 911	3 853 032
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	23 473 534	21 575 782
Billettsal		827 804	1 456 104
Sponsorinntekter og annonser		482 958	519 705
Andre inntekter		754 873	415 714
Sum driftsinntekter		<u>28 607 080</u>	<u>27 820 337</u>
 Varekostnad		1 094 536	1 417 178
Lønskostnader m.m.	4	13 889 754	13 043 647
Ordinære avskrivningar	6	550 608	537 020
Leigekostnader		457 666	628 726
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 227 302	1 209 317
Reparasjonar og vedlikehald		458 717	435 327
Reise/opphald		1 414 297	1 807 134
Honorar	4	3 738 723	4 000 792
Marknadsføring		1 417 214	1 624 960
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 751 002	1 410 208
Andre driftskostnader		1 367 060	821 662
Sum driftskostnader		<u>27 366 879</u>	<u>26 935 972</u>
 Driftsresultat		<u>1 240 201</u>	<u>884 366</u>
 Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		88 772	76 463
Annen finansinntekt	7	0	273 846
Rentekostnader		1 344	2 241
Resultat av finanspostar		<u>87 428</u>	<u>348 068</u>
 Ordinært resultat før skattekostnad		1 327 629	1 232 433
Ordinært resultat		<u>1 327 629</u>	<u>1 232 433</u>
 Årsoverskot	5	<u>1 327 629</u>	<u>1 232 433</u>
 Overføringar			
Avsett til forpliktingar	5	950 000	550 000
Overføringar annan eigenkapital	5	377 629	682 433
Sum overføringar		<u>1 327 629</u>	<u>1 232 433</u>

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigedelar	Note	2017	2016
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	6	2 530 874	2 286 445
Inventar og utstyr	6	1 150 575	927 201
Sum varige driftsmiddel		<u>3 681 449</u>	<u>3 213 646</u>
Finansielle driftsmiddel			
Sum anleggsmiddel		<u>3 681 449</u>	<u>3 213 646</u>
Omløpsmiddel			
Varelager	3	1 140 060	967 055
Krav			
Kundar	2	295 086	495 077
Andre krav	2, 7	521 719	609 583
Sum krav		<u>816 805</u>	<u>1 104 661</u>
Bank, kasse (bundne midlar: 525.377)		5 279 324	3 923 961
Sum omløpsmiddel		<u>7 236 189</u>	<u>5 995 677</u>
Sum eigedelar		<u>10 917 638</u>	<u>9 209 323</u>

Balanse


Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigenkapital og gjeld	Note	2017	2016
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	5	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>270 000</u>	<u>270 000</u>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	5	4 156 422	3 778 793
Sum opptent eigenkapital		<u>4 156 422</u>	<u>3 778 793</u>
Sum eigenkapital		<u>4 426 422</u>	<u>4 048 793</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Avsetjing til forpliktingar	5	1 700 000	1 282 215
Leverandørgjeld	7	1 016 955	565 017
Trekk og offentlege avgifter		1 042 998	1 000 653
Påkomne kostnader		1 475 746	1 273 157
Periodiserte tilskot		1 255 518	1 039 488
Sum kortsiktig gjeld		<u>6 491 217</u>	<u>5 160 530</u>
Sum gjeld		<u>6 491 217</u>	<u>5 160 530</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>10 917 638</u>	<u>9 209 323</u>

(1) Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet frå Kulturdepartementet er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.

I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 27.2.18



Lodve Solholm
leiar



Ottar Grepstad
direktør



Grete Riise
nestleiar


Jon Østbø
styremedlem


Brit Bildøen
styremedlem


Stina Aasen Lødemel
styremedlem


Sæbjørn Forberg
styremedlem


Hilde Johanne Barstad
styremedlem


(1) Arvid Hovden
statsautorisert revisor

NOTAR for 2017

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følge av renteendring.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar.

Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1 Offentlege og andre tilskot (inntektsført del i 2017)	2017	2016
Kulturdepartementet	19 579 454	16 738 557
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	137 500	135 000
Tilskot frå Hordaland fylkeskommune	934 000	961 000
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	150 000	150 000
Tilskot frå Ulvik kommune	1 095 000	1 864 050
Tilskot frå Vinje kommune	939 095	886 976
Tilskot frå Lom kommune	148 465	0
Tilskot Norsk kulturråd	198 571	228 151
Andre offentlege tilskot	40 000	115 000
Andre tilskot	251 450	497 049
Sum tilskot	23 473 534	21 575 782

Note 2 Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Note 3 Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 4 Lønskostnad, tal på tilsette m.m.	2017	2016
Lønskostnad	10 579 870	9 768 886
Folketrygdavgift	1 684 514	1 605 337
Oppg.pl. honorar	707 229	816 575
Pensjonsytingar	759 935	690 745
Andre ytingar	158 206	162 103
	13 889 754	13 043 647
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	20,0	20,3

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styreleiar	Styre- medlemmer
Løn, styrehonorar og liknande	1 010 953	110 000	120 517

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2017 utgjer kr 37.800,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 13.600,- u/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 25 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 5 Eigenkapital

	2017	2016
Grunnfond 31.12.	270 000	270 000
Annan eigenkapital 1.1	3 778 793	3 096 359
Årsresultat	1 327 629	1 232 433
Avsett til forpliktingar	-950 000	-550 000
Sum annan eigenkapital 31.12	4 156 422	3 778 793
Sum eigenkapital 31.12.	4 426 422	4 048 793

Av årets resultat er kr 950.000 avsett til definerte prosjekt, jfr årsmeldinga punkt 4.

Note 6 Driftsmiddel, avskrivningar

Tilskot til inventar/utstilling og bygg	Inventar/ utstilling	Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/veg	Bygg	Sum
Kostpris 1.1.	16 635 901	7 271 918	43 800 000	67 707 819
+ Tilgang	661 936	681 475	0	1 343 411
- Avgang	0	0	0	0
- Tilskot frå Det kongelige kulturdepartement	0	0	0	0
-Overføring frå eigne avsetjingar	-75 000	-250 000	0	-325 000
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-13 261 541	-3 914 500	-43 800 000	-60 976 041
Akk. avskrivningar 31.12.	-2 810 721	-1 258 019	0	-4 068 740
Bokført verdi 31.12	1 150 575	2 530 874	0	3 681 449
Avskrivningar i år	363 562	187 046	0	550 608
Avskrivingssats	10-33%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følge av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarande sum som tilskot.

Note 7 Datterselskap

Stiftinga eigde tidlegare 100 % av aksjane i Allkunne AS.

Allkunne AS vart avvikla per 31.7.2016. Frå og med 1.8.2016 tok Nynorsk Kultursentrum over alle rettar og plikter, og Allkunne har etter det vore ei driftsavdeling på line med Aasen-tunet og Hauge-senteret.

Avviklingsrekneskapen per 31.7.2016 viste eit driftsresultat på 5 tkr. Likvidasjonsvederlaget utgjer kr. 273 846 og er bokført som finansinntekt i Nynorsk kultursentrum i 2016.

Til styret i
Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 3

Konklusjon

Vi har revidert **Stiftinga Nynorsk kultursentrum** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 1.327.628,98. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettviseande bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon i årsrapporten som vert publisert saman med årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi ha rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettviseande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å

ØRSTA:	EID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsgt. 16, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Vi utvikler og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar og henter inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoane for at vesentleg feilinformasjon, som følgje av at misgjerdar ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er utført med vilje sidan misgjerdar kan innebære samarbeid, forfalsking, medvetne utelatingar, feil presentasjonar eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll, som er relevant for revisjonen for å utvikle revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- vurderer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar, som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av føresetnaden om vidare drift i årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er baserte på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- vurderer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilede.

Vi kommuniserer med styret/dagleg leiar mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svake punkt av betydning i den interne kontrollen.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nausynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nausynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, 27.2.2018

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS



Arvid Hovden
statsautorisert revisor

Administrasjonens årsrapport

1 Organisasjon

Ved inngangen til 2018 eig og driv Nynorsk kultursentrum desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Olav H. Hauge-senteret
- Vinje-senteret
- Dei nynorske festspela
- Ulvik poesifestival
- Litteraturdagane i Vinje
- Nettstadene Allkunne.no, Aasentunet.no, Haugesenteret.no, Vinjesenteret.no, Festspela.no, Poesifestivalen.no, Litteraturdagane.no, Tunkatten.no og Handlenett.no
- 13 kontoar i sosiale medium


I tillegg forvaltar stiftinga Vinje-fondet på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Nynorsk kultursentrum har vore ein av fire medlemmer i Samyrkelaget Norske Barneblad sidan 2008.

I 2017 hadde vi 71 lønte medarbeidarar, mot 64 året før. I tillegg var 30 frivillige med og gjennomførte ein festival, og 10 eksterne medlemmer i tre råd og utval. Det blei utført i alt 20,0 årsverk, mot 20,3 året før (figur 4).

Vi følgde opp medlemskapar i 22 institusjonar og organisasjonar, og tilsette hadde verv i 21 styre, råd og utval. Vi leidde arbeidet i to nasjonale nettverk og eitt internasjonalt nettverk, og hadde som før om åra jamleg kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemdar.

Figur 4. Betalte årsverk 2013–2017



1.1 Råd

24 stiftarar og partnarar står bak Nynorsk kultursentrum.

Kvar stiftar utnemner for minst to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum.

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet
2. Velje to styremedlemer og ein varamedlem til styret i Nynorsk kultursentrum
3. Velje revisor for Nynorsk kultursentrum
4. Drøfte faglege spørsmål og aktuelle saker etter behov og eventuelt vedta fråsegner om saker som gjeld arbeidsområdet for stiftinga, utan å binde styret.

Gjennom ei vedtektsendring er no funksjonstida avgrensa til åtte år for rådsmedlemer. Rådet oppmodar jamleg stiftarane og partnarane om å sikre god kjønnsbalanse.

Øystein A. Vangsnes var rådsordførar, og sekretær var Ottar Grepstad.

Rådet hadde desse medlemene i 2017 (oppnemningsperiode i parentes):

Kommunar og fylkeskommunar

Hordaland fylkeskommune: Jon Askeland (2011–19), vara May-Eva Sandvik (2015–19)

Møre og Romsdal fylkeskommune: Gunn Berit Gjerde (2015–19), vara Hild Våge (2015–19)

Rogaland fylkeskommune: Torkel Myklebust (2005–19), vara Erik Tangeraas Lygre (2015–19)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Hege Lothe (2015–19), vara Jon Olav Kvamme (2015–19)

Telemark fylkeskommune: Jørund A. Ruud (2014–17), vara ikkje oppnemnd

Ulvik herad: Hans Petter Thorbjørnsen (2012–19), vara Jens Olav Holven (2015–19)

Vinje kommune: Signe Marie Kittelsaa (2014–18), vara Jon Rikard Kleven (2017–18)

Volda kommune: Astrid Gjersdal (2015–19), vara Anne Lise Fredly (2015–19)

Ørsta kommune: Jostein O. Mo (2008–19), vara Hjørdis Almelid Vikenes (2008–19)

Forsknings- og utdanningsinstitusjonar
Høgskulen i Volda: Per Halse (2014–17), vara Aud Folkestad (2016–17)

Høgskulen på Vestlandet: Gunnar Yttri (2012–17), vara Eli Natvik (2016–17)

Møreforskning: Inga oppnemning.

Møre Folkehøgskule: Birte Einan (2017–2018), vara ikkje oppnemnd

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet: Jan Ragnar Hagland (2016–17), vara Hanne Siri Sund (2012–17)

Universitetet i Bergen: Ann-Kristin Helland Gujord (2015–18), vara Endre Brunstad (2015–18)

Universitetet i Oslo: Jon Gunnar Jørgensen (2017–18), vara Gudleik Grimstad (2015–18)

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet: Øystein Vangsnes (2010–17), vara Åse Mette Johansen (2014–17)

Kulturinstitusjonar

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget: Edmund Austigard (2017–18), vara ikkje oppnemnd

Det Norske Teatret: Carl Morten Amundsen (2012–17), vara Åse Ryvarden (2016–17)

Sunnmøre Museum: Jørgen Holte (2011–18), vara Cecilie Rørstad (2015–18)

Målrørsle

Noregs Mållag: Vidar Lund (2014–17), vara Bente Riise (2012–17)

Noregs Ungdomslag: Marie Nicolaisen (2016–17), vara Håvard Ims (2016–17)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Liv Kari Eskeland (2016–17), vara Gunnar Strøm (2013–17)

Vestmannalaget: Inga oppnemning

1.2 Styre

Styret har sju medlemer og fire varamedlemer. Rådsordførar kan møte som observatør

på alle styremøta. Sekretær var Ottar Grepstad.

Staten v/Kulturdepartementet utnemner fire medlemer og to varamedlemer i nummerert rekkjefølgje, rådet vel to medlemer og éin varamedlem, og dei tilsette vel éin medlem og éin varamedlem.

Styret attvalde 27.2.2016 Lodve Solholm som styreleiar 2016–18.

Styret i 2017 var:

Oppnemnde av Kulturdepartementet 12.2.2014–31.12.2017

Lodve Solholm, Ålesund (utnemnd første gongen 2014)

Brit Bildøen, Oslo (utnemnd første gongen 2014)

1. varamedlem: Hege Myklebust, Stord (utnemnd første gongen 2014)

2. varamedlem: Jens Helleland Ådnanes, Bergen (utnemnd første gongen 2014)

Oppnemnde av Kulturdepartementet 22.2.2016–31.12.2019

Hilde Barstad, Oslo (utnemnd første gongen 2016)

Sæbjørn Forberg, Skjåk (utnemnd første gongen 2016)

Vald av rådet 1.1.2016–31.12.2019

Jon Østbø, Oslo (vald første gongen 2012)

Valde av rådet 1.1.2014–31.12.2017

Grete Riise, Bergen (vald første gongen 2010)

Varamedlem for rådsvalde styremedlemer: Ellen C. Kvalsund, Ulstein (vald første gongen 2016)

Vald av dei tilsette 27.2.2016–1.3.2018

Stina Aasen Lødemel, Ørsta (vald første gongen 2014)

Varamedlem Stein A. Hevrøy, Ulvik (vald første gongen 2016)

1.3 Medarbeidarar

Nynorsk kultursentrum hadde arbeidsavtale med 71 medarbeidarar, mot 64 året før. Av desse arbeidde 21 personar i 19 faste stillingar.

Medarbeidarane utførte 20,04 årsverk mot 20,33 året før. Av dette stod dei fast tilsette for 16,38 årsverk, mot 15,81 året før. Frivillige utførte 0,20 årsverk, mot 0,50 året før, og ein medarbeidar i arbeidspraksis 0,20 årsverk.

Det samla sjukefråværet utgjorde 5,9 prosent, mot 3,9 prosent året før. Av dette var fråvær over 16 dagar 3,8 prosent, mot 1,6 prosent året før.

Desse 21 medarbeidarane var fast tilsette eller i vikariat:

Ottar Grepstad, direktør
Geir S. Netland, dagleg leiar Hauge-senteret
Gaute Øvereng, dagleg leiar Aasen-tunet
Jorid Lekve Eide, salssekretær
Siri Beate Gjerde, bibliotekar
Stein Arnold Hevrøy, dokumentasjonsansvarleg
Milan Ilic, kafé- og kjøkkenleiar
Liv Astrid Skåre Langnes, formidlar (til 31.8)
Laila Walseth Lid, kommunikasjonsrådgivar
Guro Ljone, formidlar Hauge-senteret (omsorgspermisjon frå 26.4.)
Stina Aasen Lødemel, konstituert redaktør (til 31.1.), redaksjonssekretær (frå 1.2.)
Sigbjørn Denton Mork, driftsansvarleg
Ragnhild Nabben, vikar formidlar (frå 27.3.)
Ingrid I. Opedal, tunvert (frå 1.3. 60 prosent)
Sunniva Lund Osdal, prosjektmedarbeidar (frå 30.8.)
Per Magnus Finnanger Sandsmark, redaktør (frå 1.2.)
Janne Driveklepp Semb, økonomisekretær
60 prosent
Anna Elise Vadset, prosjektmedarbeidar (frå 11.9.)
Monika Haanes Waagan, programansvarleg (til 30.9.)
Anders Aanes, dokumentasjonsleiar
Oddny Nupen Aarflot, administrasjonssekretær 80 prosent, 90 prosent frå 1.9.

I gjennomsnitt arbeidde kvar fast tilsett 43 timar pluss- og overtid, mot 59 timar året før.

Desse 40 medarbeidarane var tilsette i engasjementsstillingar og utførte 3,14 årsverk, mot 3,52 årsverk av 28 medarbeidarar året før:

Maryam Nour Ahmed
Amalie Lødemel Arntzen
Ida Kristine Bae
Vivian Solvang Brune
Vidar Buset
Eleonora Cappello
Danica Dordevic
Astrid Aakre Eikrem
Elina Garras
Guro Kristin Grønbech
August Hjeltnes
Ellen Vartdal Håvoll
Kristina Ilic
Lene Klemetsen
Jorun Aarflot Kornberg
Ingrid Krogsæter
Sivert Krøvel
Tora Langballe
Indre Larssen
Sunniva Leber
Oscar H. Lewe
Synne Marie Lillenes
Øystein Linge
Patrycja Milewska
Ida Lindsay Denton Mork
Åsmund Hjorthol Opedal
Biljana Pandilovska
Sunniva Widerøe Rotevatn
Ingrid L. Saure
Solveig Othilie Skare
Anja Haugland Svingen
Mathias Louis Sørbø
Anna Elise Vadset
Yvonne S. Viken
Ingeborg Vikestrand
Ragnhild Vikestrand
Vebjørn Øvereng
Aslaug Marit Øyehaug
Torkil Aarflot

Desse 10 var engasjerte til elevfram-
syningar og utførte 0,50 årsverk, mot 1,00
årsverk av 13 medarbeidarar året før:

Guro Kristin Grønbech
Geir Vegar Hoel
André Jensen
Hanne Mellingen
Per Olav Hoff Mydske
Lykke Kristine Moen
Richard Olsen

Benedicte Søreng

Malin Aakre

Marita Bett Aakre

Ein medarbeidar i arbeidspraksis utførte 0,20 årsverk frå september.

30 frivillige utførte 0,20 årsverk, mot 0,50 årsverk av 125 frivillige året før.

1.4 Verneombod og internkontrollutval

Milan Ilic var verneombod med Guro Ljone som vara. Direktør og verneombod hadde regelmessige møte gjennom året.

I internkontrollutvalet møtte direktør, verneombod og styremedlem vald av dei tilsette. Utvalet hadde tre møte i 2017. Det blei gjennomført brannøvingar og fysisk verne-
runde i begge avdelingane.

1.5 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda.

Revisor var Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS v/Arvid Hovden.

1.6 Personalforvaltning

Nynorsk kultursentrum og Forskarforbundet har avtale om eit lokalt lønssystem som gjeld for alle tilsette, bygd på alternativ B i museumsovereinskomsten i Virke. Dette er supplert med særavtalen «Lokalt arbeidsreglement for Nynorsk kultursentrum».

Nynorsk kultursentrum har frå 2009 hatt signert samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv med Arbeids- og velferdsetaten. På denne måten systematiserer vi arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø betre.

1.7 Samarbeid mellom avdelingane

Frå og med 2016 har Nynorsk kultursentrum hatt fire faggrupper med møte på tvers mellom avdelingane:

- Museumsgruppe
- Nettredaksjon
- Programgruppe
- Salsgruppe

Måla er å fremje samarbeid mellom avdelingane, samordne tiltak og bruke den samla kunnskapen best mogleg.

Ein avdelingsleiar leier kvar gruppe, som har minst to førebudde møte i halvåret. Alle fast tilsette får referat med konklusjonar. Faggruppene er ikkje vedtaksorgan som kan binde enkeltavdelingar eller institusjonen økonomisk eller fagleg. Gruppleiaren tek konklusjonane vidare til avgjerd av direktøren.

1.8 Medlemskapar

Nynorsk kultursentrum var i 2017 medlem i desse 22 institusjonane og organisasjonane:

- Nynorsk Forum (frå 1997)
- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal (frå 2000)
- Norsk Kulturhusnettverk (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)
- ICOM Norge (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv (frå 2003)
- Norsk Bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Norske Festivaler (frå 2005)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)
- Virke (frå 2008)
- Norsk Barneblad (frå 2008)
- Litteraturnettverket (frå 2008)
- Virke-nettverk for reiseliv (frå 2011)
- Virke-nettverk for kulturledere (2017–2018)
- Hanen, nettverk for bygde- og gardsturisme (frå 2010)
- Destinasjon Hardanger Fjord (frå 2012)
- Ulvik næringslag (frå 2012)
- Festivalforum Søre Sunnmøre (frå 2014)
- NCE Tourism (frå 2014)
- International network of language museum (frå 2016)

1.9 Verv og representasjon

Tilsette hadde verv og representasjonsoppgåver i 21 styre, råd og utval, som året før:

- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)

- Musea i Møre og Romsdal: Gaute Øvereng, styremedlem (2011–)
- Ørsta Reiselivslag: Gaute Øvereng (varamedlem 2011–)
- Fehn-forum: Gaute Øvereng (leiar, 2011–), Ottar Grepstad (2008–)
- Litteraturnettverket: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Anders Aanes, Geir S. Netland, Stein A. Hevrøy
- Interimsstyre Jon Fosse-arkivet: Ottar Grepstad (2008–)
- Frukostforum i Volda: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng (2009–)
- Norsk Barneblad (2017–18): rådsmedlem Laila W. Lid med personleg varamedlem Jorid Lekve Eide, og rådsmedlem Stina Aasen Lødemel med personleg varamedlem Gaute Øvereng
- Norsk Barneblad: Siri Beate Gjerde (styremedlem 2017–18)
- Norsk Barneblad: Gaute Øvereng (varamedlem styret 2009–18)
- Nynorskfylket.no: Ottar Grepstad (2012–)
- Nettverk for nynorskforsking (2013–17): Ottar Grepstad, observatør
- Styre i Ulvik næringslag: Geir S. Netland (2013–)
- Cittaslow-råd, oppnemnd av Ulvik herad: Geir S. Netland (frå 2014)
- Nasjonal komité for 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018: Ottar Grepstad (2014–2018)
- Regionalt forum for kriseberedskap og restverdiredning i Møre og Romsdal: Anders Aanes (frå 2015)
- Museumsforum i Hordaland: Geir S. Netland (frå 2015)
- Felles samlingsforvaltningsplan for musea i Hordaland: Stein A. Hevrøy (frå 2015)
- Jury for Årets nynorskkommune: Gaute Øvereng (2016–17)
- Styret i International network for language museum: Ottar Grepstad (leiar, 2016–18)

1.10 Råd og utval

I 2016 var tre råd og utval i arbeid med til saman 13 eksterne medlemmer.

Programrådet for Ulvik poesifestival 2013–2017: Geir S. Netland (leiar), Brit Aksnes, Sindre Ekrheim, Ruth Lillegraven, Endre Ruset og Eirik Vassenden. Programrådet hadde to møte i 2017.

Fagrådet for Vinje-fondet: Ikkje oppnemnd for 2017.

Redaksjon i Allkunne 2015–2017: Stina Aasen Lødemel (leiar til 31.1.), Per Magnus F. Sandsmark (leiar frå 1.2.), bibliotekar Mariann Schjeide, geolog Stein Bondevik, historikar Silje Een de Amoriza, lektor Vibeke Lauritsen og førsteamanuensis Svein Tuastad.

1.11 Nasjonale nettverk

Nynorsk kultursentrum hadde nøkkelroller i tre nasjonale nettverk i 2017.

Nynorsk Forum er eit samarbeidsorgan som i 2017 hadde 17 nasjonale, nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter som medlemmer. Forumet arbeider særleg med erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samordning av tiltak, ikkje minst prioriteringar i dei årlege statsbudsjetta. Nynorsk Forum runda 20 år i 2017, hadde tre møte og handsama i alt 23 saker, mot 29 året før. Utanom informasjonsutveksling og samordning var hovudsakene nynorskprioriteringar i statsbudsjettet, konsekvensar av stortingsvalet 2017, og kommune- og regionreform.

Fehn-forum er eit nettverk for dei seks musea som har byggverk skapte av Sverre Fehn. Desse ligg i Horten, Oslo, Hamar, Alvdal, Ørsta og Fjærland. Musea møtest til vanleg minst ein gong i året. Føremålet er å sikre erfaringsutveksling for førebyggjande tiltak, utvikle kompetanse, samarbeide om marknadsføring og eventuelt utvikle felles produkt. Forumet hadde eit møte i 2017.

I samsvar med avtale med ABM-utvikling etablerte Nynorsk kultursentrum 7.11.2008 *Litteraturnettverket*. Ved årsskiftet var 29 driftseiningar ved 14 litterære museum med. Frå 2015 leier Aust-Agder mu-

seum og arkiv / Grimstad bys museer nettverket, som hadde to møte, i Oslo og på Kongsvinger.

Litteraturnettverket sette i 2015 i gang arbeid med forskings- og dokumentasjonsprosjektet *Museum som minnepolitiske aktører* under leiing av Ottar Grepstad. Prosjektet hadde to samlingar i 2017. Ved utgangen av året var seks delprosjekt i arbeid. Prosjektet blir avslutta i 2018.

1.12 Internasjonale nettverk

Nynorsk kultursentrum inviterte i oktober 2015 språkmuseum over heile verda til å bli med i *International network of language museums*. Nettverket blei formelt skipa i Milano 3.7.2016 og hadde ved utgangen av året 14 medlemmer. Ottar Grepstad leier nettverket 2016–2018.

1.13 Samarbeidspartnarar

Nynorsksenteret – Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – rettar seg først og fremst inn mot lærarar, Nynorsk kultursentrum mot elevane. Med åra har denne arbeidsdelinga kome under press gjennom oppdragsbrev fra Utdanningsdirektoratet til senteret. Også i 2017 samarbeidde vi særleg om den nynorske barnebokveka «Klart vi les!»

Nettverk for nynorskforskning blei oppretta i 2013 som ein del av UH Nett Vest. Nynorsk kultursentrum var observatør til og med 2017, men trekte seg ut då ein førespurnad om å vere ordinær medlem blei avvist.

Seminarnettverket for poetisk tenking (frå 2015) blei skipa av Hauge-senteret i 2015. I 2017 arrangerte nettverket for andre gong eit seminar, denne gongen «Lyrikk, samfunn og krise».

I 2016 tok rådet initiativ til å opprette *Nasjonalt forum for nynorskforskning*. I første omgang blei dei sju universiteta og høgskulane blant stiftarane og partnarane våre inviterte med. Ved inngangen til 2018 hadde fire takka ja, og prosjektet blir då følgt opp.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer elles ulike samar-

beidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemdar som er spreidde i mange fylke landet over. Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk.

Denne utoverretta verksemda kravde svært mykje arbeids- og reisetid i 2017.

1.14 Planar som styringsreiskap

Nynorsk kultursentrum har utvikla og reviderer regelmessig desse 11 langtidsplanane som styringsdokument for verksemda (siste vedtak i parentes):

- Visjon og strategi (2017)
- Sikring og bevaring (2015)
- Samling og dokumentasjon (2014)
- Utstilling og formidling (2016)
- Digitale tenester (2017)
- Allkunne (2014)
- Festivalar (2016)
- Kulturprogram (2017)
- Kommunikasjon (2015)
- Butikk (2015)
- Kafé (2014)

Alle planane blir drøfta og godkjende av styret, dei fleste med tre års mellomrom.

2 Administrasjonen

Administrasjonen auka inntektene med 19 prosent frå 3 058 000 i 2016 til 3 631 000 i 2017. Med finansinntekter gav drifta eit overskot på 729 000, mot 8000 året før.

Dei viktigaste resultata var oppbygginga av Vinje-senteret med tilsetjing av dagleg leiar (sjå kapittel 5), organisering av institusjonen i framtida, *Vinje-bibliografien*, dokumentasjon av Økland-samlingane.

Gjennom 2017 følgde vi opp den treårige strategien som styret fastsette hausten 2015 for oppfølging av prisen *Årets museum 2015*.

2.1 Mål og strategi

Administrasjonen har vore i drift frå 1.1.2011 med direktøren som leiar og dekkjer museumsfaglege og driftsfaglege fellesfunksjonar.

Avdelinga leier arbeidet med samfunnsrolla og det språk- og litteraturpolitiske arbeidet til Nynorsk kultursentrum.

Avdelinga leier arbeidet med å gjennomføre tiltaka i *Visjon og strategi* og arbeider særleg med strategi, organisering og utvikling av nye tiltak.

Administrasjonen skal sikre ein slitesterk og personuavhengig organisasjon med kort veg til overordna og avgjerder, og godt handlingsrom for sjølvstendig arbeid.

Administrasjonen førebur og følgjer opp alle møte i styre og råd, samordnar verksemda driftsavdelingane imellom, utviklar statistisk dokumentasjon, følgjer den økonomiske utviklinga nøye og lagar nødvendige analysar. Fellesfunksjonane gjeld særleg personalforvaltning, språk, økonomistyring, ikt, digitale tenester, kommunikasjon.

2.2 Bygningar og uteområde

Ansvar for å forvalte bygningar og uteområde ligg til dei ulike driftsavdelingane.

2.3 Forankring

Administrasjonen gir den nasjonale og internasjonale forankringa av verksemda i Nynorsk kultursentrum. Avdelingane står for den regionale og lokale forankringa.

2.4 Organisering

Administrasjonen hadde ved utgangen av året ein fast tilsett, direktøren. I tillegg 60 prosent av stillinga administrasjonssekretær og 25 prosent av stillinga kommunikasjonsrådgivar knytte til denne funksjonen, likeins 20 prosent av deltidsstillinga økonomisekretær.

I leiargruppa sat direktør, avdelingsleiarar og kommunikasjonsrådgivaren. Leiargruppa hadde 12 møte og handsama 122 saker, mot 116 saker på 13 møte året før.

Etter ein grundig og open prosess om den vidare organiseringa av institusjonen konkluderte styret i 2017 med at ei ny stilling som administrasjonssjef skal opprettast når det økonomiske grunnlaget er til stades.

I 2016 sette Møre og Romsdal fylkeskommune i gang arbeidet med ein felles museumsplan for fylket. Etter ein vanskeleg prosess enda arbeidet med at Nynorsk kultursentrum blei integrert i planen.

2.5 Innhald og drift

Avdelinga leidde forskings- og dokumentasjonsprosjektet «Museum som minnepolitiske aktørar» 2015–2018.

Vi følgde utviklinga i arbeidet med språksamlingane og Norsk Ordbok ved Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda, men hadde inga rolle og var ikkje tillagd nokon oppgåver.

Avdelinga var mykje involvert i planlegginga av 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018 og tok mellom anna ansvaret for å få til ei Vinje-helg i Oslo i oktober 2018 og å få fram nyskrivne litterære tekstar til, om eller i samspel med Vinje.

Sentrale kulturfaglege bidrag i 2017 var *Vinje-bibliografien* og artikkelserien «Luther-tesar» i 13 delar i *Dag og Tid*.

2.6 Årets nynorskbrukar

Prisen «Årets nynorskbrukar» blei i 2017 delt ut for 18. gong.

Prisen gjekk til generaløytnant *Morten Haga Lunde* i Etterretningstenesta for å gi bruk av nynorsk den autoriteten som trengst på eit område som har vore mindre språkleg mangfaldig enn resten av samfunnet.

Prisen var på 100 000, diplom og eit grafisk blad av Arne Nøst og blei overrekt av nestleiar Grete Riise under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 28.6.

3 Ivar Aasen-tunet


Driftsinntektene minka med fire prosent frå 15 136 000 i 2016 til 14 556 000 i 2017. Drifta gav eit overskot på 167 000, mot 588 000 året før.

Dei viktigaste resultatane var temautstillinga *Sannare enn røynda?* om liv og dikt i litteraturen, ein familiekonsert med fleire nye

nynorske barnesongar til bruk i *Tunkattens songbok*, og ei markering av Ivar Aasen sine reiser på nettstaden og i sosiale medium. Aasen-tunet satsa på familiearrangement heile året, introduserte eit nytt lågterskeltilbod i Bok og bakverk, hadde utøvarar på to ulike skulesekk-turnear i tre fylke og gjennomførte eit utvida arrangementstilbod i sommarsesongen.

Aasen-tunet hadde 20 060 gjester, mot 26 866 året før. Festspela hadde 4054 gjester, kulturprogrammet samla 2715 gjester, utstillingane 6700 og utleigearrangement utanom festivalen 2900 gjester, medan 4876 var med på skulesekk-framsyningar (figur 5).

Figur 5. Gjesteprofil Aasen-tunet 2013–2017
Absolutte tal



3.1 Mål og strategi

Ivar Aasen-tunet er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur. Dette er det eldste språkmuseet i verda og det einaste språkmuseet i Norden. Med 11 fast tilsette i 2017 er Aasen-tunet det største litterære museet i landet.

Aasen-tunet er både arkiv, bibliotek og museum, produserer utstillingar og utviklar eit breitt kulturprogram, driv Dei nynorske festspela og fleire nettstader, har kafé og butikk som ein svært viktig del av publikumstilbodet, som også femner om mange andre tenester.

Dokumentasjonssenteret har to hovudoppgåver: ta vare på relevant dokumentasjon for ettertida, og aktivisere slik dokumentasjon i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i Aasentunet.no.

Basisutstillinga er på 350 m² og fortel om språk i verda, Ivar Aasens liv og verk, aktuelle emne frå nynorsk skriftkultur og innhald ei eiga avdeling for born. Utstillinga blei fornya i 2007 og i 2013–14. Kvar dag blir det vist noko nytt i basisutstillinga.

Aasen-tunet ønskjer å bli oppfatta som ein uunnverleg formidlar av nynorsk identitet og sjølvtilitt.

3.2 Bygningar og uteområde

Nynorsk kultursentrum eig fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byr på ein autentisitet som gjer sterkt inntrykk på mange.

Hovudbygningen frå 2000 i Aasen-tunet er heidra med A.C. Houens fonds diplom for framifrå byggjekunst. Dette er ein av dei vakraste og mest særmerkte bygningane i landet, med krevjande tekniske anlegg.

Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn blei prioritert høgt også i 2017, både av bygningar og uteområde. I 2017 blei store delar av skogen på nedsida **høgd** vekk, slik at hovudbygningen skulle visast betre frå vegen.

Hausten 2017 blei Steinhuset bygt om for å hyse tre faste arbeidsplassar og møterom. Tiltaket fekk dispensasjon frå Arbeidstilsynet i april 2017 for kravet om toalett i bygningen, og var avslutta tett oppunder jul. Som vanleg har vi samarbeidd godt med fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal om saka.

3.3 Forankring

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og vi har heile tida lagt stor vekt på nær kontakt med desse. Aasen-tunet samarbeider både med kommunar, skular og næringsliv i begge vertskommunane, og det er tydeleg at mange ser på Aasen-tunet som ein viktig institusjon.

Nasjonalt har verksemda i Aasen-tunet vunne tillit og respekt, og Aasen-tunet har lenge vore ein nasjonal institusjon. Institusjonen er blitt ein stad å vende seg til med

fagspørsmål, lån av utstillingar, erfaringsutveksling og språk- og litteraturpolitisk dokumentasjon.

3.4 Organisering

Aasen-tunet hadde ved utgangen av 2017 12 fast tilsette i 12 stillingar – dagleg leiar, fire kulturfaglege og sju driftsfaglege medarbeidarar. I tillegg hadde vi hausten 2017 ein prosjektmedarbeidar for marknads- og kommunikasjonsarbeid i eit deltidsengasjement.

Vinteren 2017 fekk vi ein ny medarbeidar i ny 100 prosent stilling som butikkansvarleg etter at tunverten tok ut 40 prosent avtalefesta pensjon. Stillinga som salssekretær gjekk då ut.


3.5 Innhald og drift

Verksemda er utdjupa i kap. 8–18.

4 Olav H. Hauge-senteret

Driftsinntektene minka med 28 prosent frå 7 276 000 i 2016 til 5 267 000 i 2017. Drifta gav eit resultat på 82 000, mot 296 000 i 2016.

Figur 6. Gjesteprofil Hauge-senteret 2013–2017
Absolutte tal



Den viktigaste årsaka til reduserte driftsinntekter var at 2017 var eit mellomår utan festival. Eit breitt og kvalitetsretta kulturprogram gav endå eit år med god publikumsoppslutning. For første gong hadde Hauge-senteret over 4000 gjester på ein produksjon i Den kulturelle skulesekken på eitt år. Basisutstillinga blei supplert med *All verdas lyrikk*

gjennom 4000 år med både skrift- og songlyrikk. Saman med universitet, høgskular og litterære tidsskrift arrangerte Hauge-senteret seminaret «Lyrikk, samfunn og krise» på Universitetet i Bergen i regi av nettverket *Poetisk tenking*. Og møterommet blei bygt om til kontor og møterom.

Hauge-senteret hadde 6915 gjester i 2017 mot 11 332 gjester medrekna Poesifestivalen i 2016. Til samanlikning var det 5051 gjester i mellomåret 2015. Kulturprogrammet samla 932 gjester, utleigearrangement 43, medan 1868 gjesta utstillingane og 4072 var med på skulesekk-framsyningar (figur 6).

4.1 Mål og strategi

Hauge-senteret er eit dokumentasjons- og formidlingssenter for Olav H. Hauges liv og verk og for lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser. Hauge-senteret er det første lyrikksenteret i landet og det einaste litterære museet for denne sjangeren, og hadde fire fast tilsette i 2017.

Basisutstillinga *Indre syn, ytre blikk* utgjør 145 m² i seks store og små rom over to etasjar. Utstillinga fortel om Olav H. Hauges liv og verk, viser lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser med lyrikkbibliotek og lyrikkverkstad og inneheld om lag 60 prosent av boksamlinga etter Olav H. Hauge.

Hauge-senteret produserer temautstillingar, gjennomfører eit breitt kulturprogram om skrift- og songlyrikk, driv Ulvik poesifestival, nettstaden Haguesenteret.no og eigen museumsbutikk, og utviklar elevprogram i og utanfor Den kulturelle skulesekken.

Eit viktig strategisk grep er å formidle ulike former for lyrikk gjennom opne publikumsarrangement om lag ein gong i månaden. Kulturprogrammet presenterer aktuelle lyrikarar, litterære samtalar, konsertar, foredrag og tilbod for barnefamiljar.

Hauge-senteret samarbeider med lokalt kultur- og næringsliv, og har mellom anna felles marknadsføring med Frukt- og sideruta og Brakanes hotell mot reiselivsaktørar.

4.2 Bygning og uteområde

Hauge-senteret held til i det gamle herads-
huset på Brakanes og betaler leige for delar
av huset i samsvar med leigeavtale med Ul-
vik herad frå 2014.

Senteret disponerer til saman 294 m² av
huset. 145 m² blir nytta til utstillingar og
anna formidling, medan resten blir brukt til
butikk, resepsjon, kontor, arkiv og lager.

I tillegg deler Hauge-senteret eit felles-
areal på 183 m² med Ulvik herad, medrekna
heradsstyresalen som vi bruker til møte og
arrangement.

For eigen kostnad bygde vi i 2017 om mø-
terommet i 2. etasje for å få eit ekstra kontor.

Som ein del av leigeavtalen disponerer
også Hauge-senteret plassen framfor herads-
huset der det i sommarsesongen blir plassert
utemøblar.

Hauge-senteret har i 2017 sendt ei kritisk
høyringsfråsegn til forslag til planprogram
for detaljreguleringsplan for mobil cruise-
hamn i Ulvik.

4.3 Forankring

Hauge-senteret har god kontakt og godt
samarbeid med Ulvik herad. Den årlege sat-
singa frå heradet gjennom løyvingar til drift
og poesifestival er ein nødvendig føresetnad
for gode resultat og vidare utvikling.

Det er etablert eit godt samarbeid med
Hordaland fylkeskommune. Gjennom *Regio-
nal kulturplan for Hordaland 2015-2025* er
Hauge-senteret jamstilt med dei andre mu-
sea i fylket som er med i det nasjonale muse-
umsnettverket.

Hauge-senteret leverte i 2017 rapporten
Stader for skrift om diktarheimar i Hordaland
på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.
Rapporten blei godt motteken og har resul-
tert i museumsplanmidlar for å greie ut nye
modellar for organisering og drift av Einar
Økland-huset i Valevåg og samlingane hans.
Dette blir gjort i samarbeid med Sunnhord-
land museum og ekteparet Økland.

Hauge-senteret samarbeider også med
Venelaget Olav H. Hauge, og med Olav H.
Hauge-stiftinga der dagleg leiar er sekretær
og observatør i styremøta. Hauge-senteret

forvaltar boksamlinga etter Olav H. Hauge i
tråd med *Avtale om samarbeid og deponi
mellom Olav H. Hauge-stiftinga og Nynorsk
kultursentrum 2014–2023*.

Ulvik herad er den fjerde Cittaslow-kom-
munen i Noreg, og var i 2017 vertskap for eit
av dei årlege nettverksmøta der representan-
tar frå heile verda deltok. Dagleg leiar ved
Hauge-senteret er representert i Cittaslow-
rådet, oppnemnd av heradet.

Dagleg leiar er styremedlem i Ulvik næ-
ringslag som også driv turistkontoret i Ul-
vik.

Hauge-senteret har eit avtalefesta samar-
beid 2015–2019 med Hardanger og Voss mu-
seum om Diktardagen. Lyrikkprisen Diktar-
tavla er ei steinhelle med innskrift som blir
lagd ned på Diktarstien i Utne. Vinnaren i
2017 var Øyvind Rimbereid. Med boka *Dik-
tarstien* blei prisvinnarane gjennom 25 år
presenterte samla.

4.4 Organisering

Hauge-senteret hadde fire faste heiltidsstil-
lingar – dagleg leiar, dokumentasjonsansvar-
leg, formidlar og salssekretær – og tre del-
tidstilsette utstillingsvertar.

Programrådet for Ulvik poesifestival med
fem eksterne medlemmer hadde to møte i
2017, eit på Hamar i mars og eit i Bergen i
september.

4.5 Innhald og drift

Verksemda er utdjupa i kap. 8–18.

5 Vinje-senteret

Medrekna Vinje-fondet auka driftsinntek-
tene med 48 prosent frå 1 606 000 i 2016 til
2 371 000 i 2017. Drifta gav eit resultat på
325 000, mot null året før.

Dei viktigaste resultatane var kytte til etab-
leringa av institusjonen. Vinje kommune og
Nynorsk kultursentrum signerte ein avtale
som innebar at vi tok over utviklings- og
driftsansvaret for Vinje-senteret frå 1.5.2017
og forvaltninga av Vinjestoga frå 1.1.2018.

Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje gjorde avtale med Nynorsk kultursentrum at vi tek over festivalane frå 1.1.2018.

Vi tilsette dagleg leiar ved Vinje-senteret, som dermed fekk sin første medarbeidar, og kjøpte ei større litteraturhistorisk samling med mellom anna fleire originalbrev frå A.O. Vinje.

Stortinget løyvde 1,6 millionar til basisutstillinga i Vinje-senteret, og Vinje kommunestyre vedtok å løyve 24 millionar til byggjeprojektet i åra 2017–2019.

5.1 Mål og strategi

Vinje-senteret i Vinje skal bli eit dokumentasjons- og formidlingssenter for diktning og journalistikk, og målet er eit komplett publikumstilbod seinast frå 2020. Dagleg leiar blei tilsett i 2017.

Grunnlag, mål og tiltak er grundig omtalte i prosjektplanen som blei lagd fram 29.2.2016. Denne planen låg til grunn for arbeidet også i 2017.

Vinje kommunestyre vedtok i desember 2017 å løyve 24 millionar i åra 2017–2019 til bygging av Vinje-senteret. Arbeidet med å få midlar frå Kulturdepartementet, Telemark fylkeskommune og private aktørar held fram.

Basisutstillinga er budsjettert til 6,3 millionar. Med løyvinga frå Stortinget og eiga avsetjing i 2017-rekneskapen har vi alt 2,2 millionar til rådvelde. Styret fastsette i 2017 mandat for ei utstillingsgruppe og oppnemnde medlemmer til denne.

5.2 Bygning og uteområde

Vinje kommunestyre la gjennom vedtak i februar 2014 til grunn at Vinje-senteret blir lagt til hovudetasjen Vinje skule etter ombygging, med Vinjar samfunnshus vegg-i-vegg som sambruk ved større arrangement.

Gjennom skisseprosjekt og forprosjekt frå arkitektane ligg det til rette for å etablere Vinje-senteret på om lag 700 m² inkludert ein ny kontorfløy med fire arbeidsplassar.

I mars 2017 gav Riksantikvaren dispensasjon frå kulturminnevernlova for det nybygget som kontorfløya blir.

5.3 Forankring

Ikkje noko prosjekt i regi har Nynorsk kultursentrum har vore betre forankra en dette. Arbeidet byggjer no på ein overtakings- og driftsavtale mellom Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum, signert 6.4.2017.

Den 199. fødedagen for A.O. Vinje blei markert på Vinjar samfunnshus 1.4. saman med Vinje kommune.

5.4 Organisering

Nynorsk kultursentrum og Vinje kommune samarbeidde tett om prosjektet også i 2017. Avtalen mellom medlemslaget Litteraturdagane i Vinje og Nynorsk kultursentrum inneber at Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum skal gjere ein tilleggsavtale om festivalen.

5.5 Innhald og drift


Verksemda er utdjupa i kap. 7–18.

6 Allkunne

2017 var første heile driftsåret som ordinær driftsavdeling. Driftsinntektene auka med fem prosent frå 2 658 000 i 2016 til 2 782 000 i 2017. Drifta gav eit resultat på 83 000, mot 68 000 året før.

Kulturdepartementet løyvde eit øyremerkt tilskot på 2 622 000 til Allkunne som språkpolitisk tiltak. Allkunne fekk i tillegg 450 000 i eksterne prosjektmidlar frå Fritt Ord og Sparebanken Vest. 150 000 frå Sparebanken Vest blei inntektsført i 2017.

Figur 7. Tekstar og unike brukarar 2013–2017
Absolutte tal



Allkunne er det einaste norske leksikonet som honorerer alle redaksjonelle medarbeidarar. Honorar til forfattarar, fagkonsulentar, omsetjarar, språkkrettarar og redaksjon utgjorde 659 000, mot 749 000 året før.

Ved utgangen av året hadde Allkunne publisert 25 030 artiklar, mot 23 005 året før. 3104 artiklar var originalskrivne for Allkunne, medan 21 926 var redigerte artiklar frå andre utgivingar (figur 7).

Talet på brukarar (øktar) auka med 37 prosent frå 183 956 i 2016 til 252 329 i 2017. Talet på sidevisingar auka med 36 prosent frå 429 114 i 2016 til 585 181 i 2017.

5 608 likte Allkunne på Facebook, 2 248 følgde leksikonet på Twitter, 313 følgde kontoen på Instagram, mot 4 511, 2 164 og 72 året før.

Både i innhald og bruk var Allkunne.no den største av nettstadene våre.

6.1 Mål og strategi

Allkunne er eit redigert oppslagsverk med digitalt kvalitetsinnhald på nynorsk og hadde i 2017 to fast tilsette. Allkunne skal vere ein av dei fremste nettstadene i ein digital nynorsk skriftkultur.

Allkunne skal gi nynorskbrukarane og andre som ønskjer å lese nynorsk, godt og påliteleg stoff som er kvalitetssikra språkleg og tverrfagleg. Leksikonet skal styrkje posisjonen til nynorsk skriftkultur på Internett og kunnskapen om nynorsk skriftkultur i samtid og fortid.

Allkunne er eit fritt og sjølvstendig oppslagsverk, redigert etter redaksjonelle retningslinjer som styret fastsette i 2016. Retningslinjene byggjer mellom anna på lov om redaksjonell fridom, Redaktørplakaten, Ver varsam-plakaten og forskingsetiske retningslinjer.

6.2 Organisering

Allkunne gjekk frå 1.2.2016 frå 1,6 til 2,0 årsverk – redaktør og redaksjonssekretær.

Allkunne har ein tverrfagleg redaksjon som i 2016arbeidde med redaksjonell utvikling, vurdering av manuskript, innhalds-

utvikling og strategiske prioriteringar. Redaksjonen hadde tre møte i 2017 og handsama 26 saker. Dette kom i tillegg til handsaming av alle nyskrivne artiklar.

6.3 Innhald og drift

Allkunne publiserer både leksikonartiklar, artikkelseriar, kvissar og temasider. Stoffet er dels originalskrive for leksikonet, dels redigert frå andre tidlegare utgivingar, som Caplex og Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane.

I 2017 oppdaterte Allkunne 591 artiklar mot 331 året før. Det blei lagt inn foto og video i 590 artiklar mot 933 året før.

I 2017 publiserte Allkunne 85 artiklar frå Hans Fredrik Dahl (red.): *Norsk presses historie* og 33 artiklar frå Liv Marit Idsø (red.): *Fæner i den frilynde ungdomsrørsla*. Vi gjorde også avtale med Det Norske Samlaget om publisering av heile eller delar av ei rekkje verk. Det arbeidet held fram i 2018.

Allkunne prøvde i 2017 ut ei ordning med gjesteredaktørar. Åtte profilerte nynorskbrukarar frå politikk og litteratur fekk plukke ut innhald til framside og sosiale medium. Dette var med på å gjere Allkunne betre kjend blant nye målgrupper.

Allkunne er nærare målet om å vere eit allment oppslagsverk på nynorsk. Etter 2017 har vi artiklar frå alle dei store fagområda i Caplex utanom økonomi. Ved utgangen av året var 14 092 oppdaterte og omsette artiklar frå Caplex publiserte. Allkunne har rett til å publisere 32 000 slike artiklar i alt.

Dokumentasjonen av den nynorske kulturhistoria har blitt utvida med nye biografier om skjønnlitterære forfattarar på nynorsk og dialekt, og artiklar om dei aller fleste aviser som har blitt redigerte på nynorsk eller nynorsk og bokmål. Det har òg kome til nye artiklar om den norske språksituasjonen, og om større og mindre språk i andre delar av verda.

7 Vinje-fondet

Vinje-fondet fekk 598 784 i tilskot frå Kulturdepartementet mot 588 387 året før. Til frådrag gjekk ei forskottert løyving på 61 000 av midlane i 2016. Med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget blei 9000 forskottert frå 2018-løyvinga.

Styret i Nynorsk kultursentrum løyvde 480 000 til fire prosjekt, mot 650 000 til fem prosjekt året før.

Samla kostnader var 548 000, mot 718 000 året før. Administrasjonskostnadene utgjorde 68 000, eller 12 prosent.

7.1 Mål og retningslinjer

Vinje-fondet skal styrkje nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på nynorsk, og medverke til større rekruttering av nynorskbrukande journalistar.

Fondet skal gjere det lettare å vere nynorskbrukar, vere med og gjere nynorsk til eit sjølv sagt språk i alle typar media, og stimulere utgivarar og redaktørar til å engasjere og tilsetje fleire nynorskbrukarar i ulike media.

7.2 Organisering

Styret i Nynorsk kultursentrum svarar for bruken av midlane.

Styret avgjer tildelingar på grunnlag av innstilling frå eit fagråd, som legg til grunn ei tilråding frå administrasjonen.

7.3 Søknader og tildelingar

Midlane for 2017 blei lyste ut nasjonalt primo mars med søknadsfrist 15.5. Det kom inn fem søknader på til saman 1 470 000, mot ti søknader og samla sum på 2 190 000 året før.

Søknadene blei handsama på grunnlag av tilråding frå administrasjonen før styret gjorde vedtak. Fire prosjekt fekk støtte:

Nationen: Reportasjeserie miljø	150 000
Bygdanytt: Meir nynorsk	50 000
Nordhordland: NH Ung	80 000
Framtida.no: Forskingsjournalistikk	200 000

7.4 Søknader og tildelingar 2010–2017

Frå og med 2010 hadde Vinje-fondet fått 38 søknader med samla søknadssum på 10,8 millionar. I det same tidsrommet hadde Vinje-fondet løyvt 4 730 000 kroner til 22 prosjekt.


8 Samlingar, dokumentasjon og forskning

Samlingane våre inneheldt 59 942 gjenstandar og objekt ved utgangen av 2017. Av dette var 59 prosent tilfredsstillande registrert. Vi hadde også 109 hyllemeter arkivalia, og av dette var 73 prosent tilfredsstillande arkivert.

Vi hadde 10 326 museumsgjenstandar, og av dette var over 98 prosent tilfredsstillande registrert (figur 8). Av 719 audiovisuelle objekt var 86 prosent tilfredsstillande arkivert, og av 48 897 band i dei ordinære boksamlingane var 50 prosent tilfredsstillande registrert.

Etter denne nye sorteringa av samlingane blir tilvekst og avhendingar dokumentert for kvart år frå og med 2018.

Figur 8. Samlingar og registreringar 2017
Prosent



Avisårgangar, bøker og småskrifter utgjorde 82 prosent av samlingane. Desse blir berre unntaksvis digitaliserte av di Nasjonalbiblioteket digitaliserer alt norsk materiale. Det same gjeld dei fleste av 8638 band i boksamlingane etter Ivar Aasen og Olav H. Hauge.

Ved utgangen av 2017 hadde vi om lag 35 000 digitale dokument på nettstadene våre (sjå kapittel 15). Desse er ikkje rekna med ovanfor. Vi hadde også publisert 387 objekt i Digitalt Museum. Dette femner om både museumsgjenstandar, arkivalia, bilete og trykte skrifter.

Av plassgrunnar førte vi også i 2017 ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale. For første gong kjøpte vi ei større samling, som er av stor litteraturhistorisk verdi.

26 prosjekt var i arbeid med tilknytning til samlingane våre. Desse resulterte i fire større publikasjonar i 2017.

Grunnlaget for arbeidet var *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 4 2015–2018* og *Sikrings- og bevaringsplan nr. 5 2015–2018*.

8.1 Samlingsforvaltning

Frå og med 2018 blir samlingane våre delte i fire kategoriar, og dokumentasjonen av 2017 er grunnlaget for dette.

Vi skil mellom *museumsgjenstandar* i tydinga kultur- eller kunsthistoriske objekt frå fortid og samtid, *arkivalia* som er lagringsverdig, *audiovisuelle objekt* (fotograf, bilete, lydfestingar) av kulturhistorisk verdi, og *trykte og digitale skrifter* i ordinære boksamlingar.

Museumsgjenstandar inkluderer særleg gjenstandar etter Ivar Aasen, Olav H. Hauge og andre, boksamlingane etter Aasen og Hauge, utvalde titlar frå Reidar Djupedal-samlinga og bruksgjenstandar frå samtid og fortid. I 2017 hadde vi 10 326 slike gjenstandar, og 98,4 prosent av dei var tilfredsstillande registrerte.

Arkivalia inkluderer mellom anna klipparkiv frå Noregs Mållag og Reidar Djupedal og litteraturhistorisk arkiv etter Idar Handagard, dessutan eige historisk organisasjonsarkiv. Vi har fleire arkiv i deponi, som Peder Hovdans Arkiv for norsk målreising, Sivert Aarflot-arkivet og Jon Fosse-arkivet. Arkivalia utgjorde 109 hyllemeter i 2017, og 72,6 prosent var tilfredsstillande registrert.

Audiovisuelle objekt inkluderer originalopptak frå arrangement og munnlege minne

frå enkeltpersonar, utgivingar av filmar og lydfestingar, historiske foto og kunstverk. Det står att å skilje ut foto av historisk verdi frå store mengder digitale foto. Bruksfoto for marknadsføring og annan dagleg bruk er ikkje rekna med. Vi hadde 719 audiovisuelle objekt i 2017, og 85,5 prosent var tilfredsstillande registrerte.

Ordinære *samlingar av bøker og skrifter* blir forvalta av biblioteket i Aasen-tunet, også samlingar i andre avdelingar. Reidar Djupedal-samlinga og utgivingar frå og med 1935 i Aure-samlinga er dei to største. Frå og med opninga i 2000 har samlingane auka med 5846 band i form av gåver og kjøp. Samlingane utgjorde i 2017 48 897 band, og 49,7 prosent var tilfredsstillande registrerte.

Etter drøfting i rådet vedtok styret i 2015 kriterium for prioriterte forfattarar i samlingane. Vi skal ha flest moglege verk i førsteutgåver av dei forfattarane.

Tradisjonelle museumsgjenstandar blir registrerte i dataprogrammet Primus. 312 gjenstandar var registrerte per 31.12.2017.

Ved utgangen av året var 15 132 titlar katalogiserte i BIBSYS og 14 784 titlar i Micro-marc. I 2017 blei 500 nye titlar av bøker, småskrifter og av-materiale katalogiserte.

Biblioteket i Aasen-tunet hadde 239 utlån i 2017, mot 246 året før. Samlingane våre blei brukte av både tilsette og eksterne brukarar, og i tillegg lånte vi ut og sende kopiar til andre bibliotek.

8.2 Samlingar i Aasen-tunet

Ivar Aasen-tunet forvalta 11 prioriterte samlingar ved utgangen av 2017.

Ivar Aasen-samlinga: 226 registrerte gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. I 2014 tok Nynorsk kultursentrum over eigedomsretten frå Sunnmøre Museum. Med overføringa av eigedomsretten følgjer dei pliktene som står i ein avtale frå 1941.

Gjenstand IAAM-0147 frå Aasen-samlinga, ein av fleire pengepungar, blei send til konservering ved den felles konserveringstesta for fylket på Romsdalsmuseet i 2014. Der kom gjenstanden bort etter at den var

ferdig konserverert. Museet hadde ved utgangen av 2017 ikkje meldt noko nytt i saka, som blir følgd opp i 2018.

Reidar Djupedal-samlinga: Samlinga på 34 000 band inneheld bøker, særprent, småtrykk og periodika frå ulike fagområde, mest språk- og litteraturvitskap, på minst 15 ulike språk. I tillegg kjem 22 kartongar med aviser, blad og avisclipp. I 2017 avhenda vi 518 dublettar.

Sivert Aarflot-arkivet: Over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, deponert av Sivert Aarflot-museet.

Delar av *Norsk boksamling* (Anton Aure-samlinga): om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 147 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget. Resten av samlinga er førebels deponert ved Nasjonalbiblioteket, men det er semje mellom eigaren og Nynorsk kultursentrum om at heile samlinga skal til Aasen-tunet.

Arkiv for norsk målreising (Peder Hovdans arkiv): 153 arkivboksar med avisclipp og noko anna materiale i ganske ordna former, og ein stor og svært innhaldsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i kommunar, skulekrinsar og kyrkjesokn fram til om lag 1950. Arkivet er deponert av Det Norske Samlaget.

Noregs Mållags avisclipparkiv 1983–2005: 155 kassetar og permar.

Jon Fosse-arkivet: 20 øskjer grovsortert materiale frå og med 1979. Arkivet er deponert av Jon Fosse og blir supplert over tid.

Artikkelarkivet: Den systematiske tilveksten i dette arkivet blei avvikla frå og med 1.1.2010, men relevante dokument vi kjem over, blir lagde til.

Historisk saksarkiv: Dette inneheld mellom anna arkivalia om Aasen-museet frå 1898, det nye Aasen-tunet frå 1990, Dei nynorske festspela frå 1990, og komplett arkiv etter Ivar Aasen-året 1996 og Språkåret 2013.

Arkiv for nynorsk presse: Eit mindre arkiv med materiale samla inn og brukt av Ottar Grepstad i arbeidet med boka *Avisene som utvida Noreg* (2010).

Språkfakta: Ei stor samling dokumentasjon, kjeldeskrifter m.m. samla inn og brukt av Ottar Grepstad i arbeidet med publikasjonen *Nynorsk faktabok* og *Språkfakta* frå og med 1998.

8.3 Samlingar i Hauge-senteret

Hauge-senteret forvalta fire prioriterte samlingar ved utgangen av 2017:

Olav H. Hauges boksamling: 6237 bøker og tidsskrift. Samlinga er registrert i Micromarc av Ulvik folkeboksamling, kontrollert ved plassering i Hauge-senteret i 2014 og deponert av eigaren Olav H. Hauge-stiftinga. Bøkene som blir viste i basisutstillinga, er sette opp mest mogleg slik dei stod hos Olav H. Hauge kring 1990.

Brev 1970–1975: Samlinga inneheld alle dei 134 breva og postkorta som Olav H. Hauge og Bodil Cappelen skreiv til kvarandre 1970–75. Cappelen gav samlinga i gåve til Hauge-senteret i 2011.

Hauge-materiale: Sidan opninga i 2011 har Hauge-senteret fått inn ein del Hauge-relatert materiale, til dømes bøker, notatbøker, fotografi og kopiar av brev skrivne av Hauge. Ved utgangen av 2017 var 1167 gjenstandar registrerte, mellom dei 35 samlingsverdige gåver. Det meste er avisutklipp som blir registrerte med tittel, materialtype, sjanger, årstal, og eventuelle tilleggsopplysningar.

Hauge-foto: Samlinga inneheld store delar av Bodil Cappelens private fotosamling, gitt i gåve av henne i 2012. Ved utgangen av 2015 var 105 av desse bileta registrerte og digitaliserte. Mesteparten er fotografi frå 1970- og 80-åra som ikkje har vore offentleggjorde før. I tillegg er der ein heil del originalar av tidlegare publiserte bilete. Nynorsk kultursentrum gjorde i april 2016 avtale med fotograf Odd E. Nerbø om bruksrett til 31 bilete av Olav H. Hauge. Bileta er sikra som digitale filar.

8.4 Samlingar i Vinje-senteret

Vinje-senteret forvalta to prioriterte samlingar ved utgangen av 2017 og får også råderetten over ei tredje:

Erik Gjestvang-samlinga: Erik Gjestvang frå Skien, no busett i Vinje, gav i 2014 ei stor og verdfull boksamling til Vinje kommune. I avtalen med kommunen heiter det at samlinga «skal inngå i Vinje-senteret frå den tid det er etablert». Samlinga utgjer bort imot 300 hyllemeter. Vinje kommune registrerte den prioriterte delen av samlinga i Micro-marc i 2015 og 2016 med til saman 9547 titlar.

Vest-Telemark Blad: I 2016 tok vi over ein god del arkivalia og gjenstandar frå avisa på det vilkåret at vi står fritt til å makulere det vi ikkje meiner er samlingsverdig. Gåva set oss i stand til å fortelje historia om denne avisa.

Idar Handagard-samlinga: Nynorsk kultursentrum kjøpte i 2017 ei større litteraturhistorisk samling etter forfattaren og forleggjaren Idar Handagard. Samlinga inneheld mellom anna sju originalbrev frå A.O. Vinje. Materialet er fint ordna og registrert på ein måte som gjer vidare registrering unødvendig for anna enn materiale som blir gjort tilgjengeleg i den felles museumsdatabasen Primus.

8.4 Kunstsamling

Nynorsk kultursentrum byggjer år for år varsamt opp ei kunstsamling. I 2017 kjøpte vi eitt kunstverk.

8.5 Sikring og bevaring

Arbeidet blei følgd opp på grunnlag av *Sikrings- og bevaringsplan nr. 5 2015–2018*. Prioriterte sikrings- og bevaringstiltak blei gjennomførte.

8.6 Dokumentasjon og forskning

Nynorsk kultursentrum arbeidde i 2017 med 26 eigne dokumentasjons- og forskningstiltak, mot 23 året før.

Lista yver Ivar Aasen-boksamlingi (frå 1946). Denne lista blei laga av fakultetsbibliotekar Kaare Haukaas. Lista er digitalisert.

Språkfakta (frå 1998). Denne dokumentasjonen av Ottar Grepstad er truleg den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av ein skriftkultur som nokon

gong er blitt laga. Arbeidet har resultert i mange og til dels omfattande publikasjonar. Ei enkel interaktiv utgåve og samandrag på engelsk blir laga i 2018.

Eit språk blir til (frå 1998). Dette er ein krønike over utviklinga av nynorsk skriftkultur like frå 1646 til i dag. Dokumentasjonen blir oppdatert ved kvart årsskifte og publisert på Allkunne.no med to inngangar – år for år, dag for dag.

Nynorske dikt og songar (frå 2001). Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving.

Artikkelarkivet (frå 2001). Dette arkivet inneheld avis- og medieklipp på papir, mest om enkeltpersonar, men også noko om institusjonar og hendingar. Frå og med 1.1.2011 blir arkivet ikkje bygt systematisk ut vidare, men får tilfeldig tilvekst.

Ivar Aasen-bibliografi (frå 2002). Denne blir har vore i arbeid i lengre tid med fleire delutgivingar. I 2018 blir det heile utvida og smala i *Aasen-bibliografien. Skrifter av og om Ivar Aasen 1826–2016*. Bibliografien inneheld dokumentasjon av både publiserte og upubliserte skrifter av Aasen.

Det nynorske Noregskartet (frå 2002). Ein geografisk-kronologisk database som syner korleis nynorsken blei teken i bruk på ulike område. Arbeidet held fram og er integrert i arbeidet med *Språkfakta*.

Versjonar, variantar og tradering av «Nordmannen» (frå 2002). I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, mellom anna ut frå originalkjelder som finst berre i Aasen-tunet.

Historia om Ivar Aasen-museet (frå 2003). Vidare dokumentasjon blei samla inn også i 2017.

Digitalisering av Fedraheimen (frå 2005). Vi publiserer dei 14 årgangane av Fedraheimen 1877–1891 i latinsk fulltekst på Internett. Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Den samla tekstmengda er på om lag 25 millionar teikn, fordelt på meir enn 8000 artiklar. Ved utgangen

av 2017 var årgangane 1877–1887 ferdig publiserte.

Language museums of the world (frå 2008): Etter forarbeid 2008–2009 blei ein omfattande dokumentasjon av museum for språk og skriftkultur verda rundt teke opp att i 2014. Den samla dokumentasjonen av 59 språkmuseum m.m. blei publisert i skriftet *A world of languages and written culture* i 2015. Arbeidet heldt fram i 2017 og blir avslutta med dokumentasjonen *Language museums of the world* i 2018.

Historia om Ivar Aasen (frå 2009). Gjennom årlege foredrag under Dei nynorske festspela 2009–13 la vi fram ny kunnskap om og fleire perspektiv på Ivar Aasens liv og verk. Desse foredraga var ein del av grunnlaget for biografien *Historia om Ivar Aasen* som Ottar Grepstad gav ut i 2013 med ny og utvida utgåve i 2014.

Nynorsk litteraturhistorie (frå 2009). Behovet for eit slikt verk omtalte vi for første gong i årstale nr. 9 i 2009. Arbeidet blei teke opp att i 2013 og i meir utvida form i 2014. *Historia om nynorsk skjønnlitteratur* blir skriven av Jan Inge Sørbø og utgitt som *Nynorsk kulturhistorie* i 2018. Arbeidet med andre delar av denne historia held fram.

Olav H. Hauge-relatert materiale (frå 2010). Forprosjektleiaren Guro Ljone fullførte i 2011 ein omfattande dokumentasjon av *Olav H. Hauge-relatert materiale* som blir oppdatert jamleg og er til stor nytte i det vidare arbeidet.

Digitalisering av avisårgangar (frå 2011). I samarbeid med Senter for digitalisering av kulturarven i Ålesund skanna vi i 2011 svært mykje avismateriale – alle årgangane av *Fedraheimen* 1877–91, dessutan årgangar av *Nynorsk Vekeblad*, *Dølen*, *Den 17de Mai*, *Nordmannen*, *Vestmannen* og *For Bygd og By*.

Språksansen (frå 2011). Dette er store og små historier dag for dag om all verdas språk. Stoffet blei i 2013 publisert i ei førebels utgåve som dag-for-dag-oppslag på *Språkåret.no* og som bok i utvida form – *Språksansen. Kalender for all verdas språk*. I 2014 publiserte Allkunne.no framstillinga dag for dag, og stoffet blir oppdatert årleg.

Brev til Ivar Aasen (frå 2011). 209 brev skrivne til Ivar Aasen er transkriberte. Dette er noko under halvparten av alle breva til Ivar Aasen som ligg i Nasjonalbiblioteket. Ved utgangen av 2016 var 173 av desse publiserte på Aasentunet.no.

Ivar Aasens bøker (frå 2012). I 2012 skanna vi eit utval bøker frå Ivar Aasen-boksamlinga. Nokre av desse er tilgjengelege i den digitale stasjonen «Skrivebordet» i basisutstillinga frå 2013.

Hauge-arkivalia (frå 2012). Hauge-senteret arbeider systematisk med å få oversyn over arkivmateriale ved andre institusjonar, særleg det som ligg i Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen. I 2012 digitaliserte vi nær 1600 sider frå kladdebøker og manusbunkar frå dette materialet. Her finst tidlege versjonar av kjende dikt, upubliserte dikt, notat og kladdar. Kladdebøkene er til hjelp i datering av enkelt dikt. Dokumenta er frå 1920-talet fram til 1980-talet.

Hauge-bibliografien (frå 2012). Arbeidet tok til i 2012 og gjeld i første omgang systematisk oversyn over alle Hauge-dikt som blei publiserte i periodika før 1946, både eigne dikt og gjendiktingar.

Den norske røynsla (frå 2013). Grunnlaget for arbeidet er ein hypotese om at kulturelle konflikhtar kan vere vel så vanskelege som andre konflikhtar, men at det finst erfaringar frå løysing av slike konflikhtar utan bruk av vald. Arbeidet endar i bokutgiving i 2019 eller 2020.

Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt (frå 2014). Ein første dokumentasjon i enkelt format blei publisert i *Nynorsk faktabok* 2005. I 2014 blei arbeidet teke opp att, og skriftet *Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1843–2014* blei publisert i 2015. Ny og utvida oppgåve til og med 2017 blir utgitt i 2018.

Museum som minnepolitiske aktørar (frå 2014). Dette dokumentasjons- og forskingsprosjekt for litterære museum har førsteamanuensis Olaf Aagedal som fagleg mentor. Med støtte frå Norsk kulturråd blir prosjektet gjennomført 2015–2018 under vår leiding, og med deltaking frå både Aasen-tunet og

Hauge-senteret. I alt var seks delprosjekt i arbeid ved årsskiftet. Boka *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk* blir gitt ut på Samlaget våren 2018.

Vinje-bibliografien (frå 2016). Bibliografien over skrifter av og om A.O. Vinje er ein parallell til bibliografien over skrifter om Ivar Aasen og dannar ein del av det faglege grunnlaget for Vinje-senteret. Boka *Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1843–2016* blei utgitt i 2017.


Økland-samlingane (frå 2017). Einar Økland har eineståande samlingar av trykksaker og bruksgrafikk. For avgrensa og intern bruk blei materialet i 2017 dokumentert i *Økland-samlingane. Eit portrett av skrift- og biletkultur*. Samlingane utgjer om lag 453 hyllemeter.

9 Utstillingar og formidling

I 2017 hadde vi 8568 utstillingsgjester, mot 10 539 året før. 6700 personar gjesta utstillingane i Aasen-tunet, mot 6683 året før. Hauge-senteret hadde 1868 utstillingsgjester, mot 2706 året før.

Aasen-tunet laga éi ny temautstilling i 2017 og utvida ei utstilling om julehefte frå 2014. Hauge-senteret laga ei ny temautstilling. Til og med 2017 har avdelingane laga 37 temautstillingar. Komplett liste ligg ved.

Figur 9. Representasjon og publisering 2013–17
Absolutte tal



I alt viste Hauge-senteret og Aasen-tunet sju temautstillingar i 2017, som året før.

Dokumentasjons- og formidlingsarbeidet var svært utoverretta også i 2017. Tilsette og personar i verv stod for 62 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 81 året før. Styremedlemmer og tilsette representerte ved 180 møte og tilstellingar, mot 203 året før (figur 9). Aktivitet knytt til Språkåret 2013 er ikkje rekna med i figuren.

Grunnlaget for arbeidet var *Utstillings- og formidlingsplan nr. 4 2017–2020*.

9.1 Basisutstillingar

Aasen-tunet og Hauge-senteret forvaltar kvar sine basisutstillingar og heldt desse ved like i 2017 med nye element kvar dag.

I *Forfattarrommet* i basisutstillinga presenterer Aasen-tunet heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut, og til no har vi presentert 48 forfattarar. Komplett liste over presenterte forfattarar ligg ved.

På *aktualitetshylla* la vi ut avisklipp spora-disk gjennom året.

9.2 Temautstillingar

Aasen-tunet laga ei ny temautstilling i 2017: *Sannare enn røynda? Ei utstilling om liv og dikt i litteraturen*. Utstillinga sprang ut av debatten i Aftenposten og fleire andre aviser om såkalla røyndomslitteratur. Det blei laga ein videoinstallasjon med forfattar Ruth Lillegraven og Berit Bjerke, som stod bak diktsyklusen *Manilahallen*. Utstillinga hadde elles det vanlege formatet på tolv plansjar, fire banner og to tittelbanner.

Hauge-senteret hadde to temautstillingar i 2017. Den eine var *Ordefar* med kunstnar Randi Annie Strand, med bøker som ord- og installasjonskunst. Den andre utstillinga var *Halldis i livet*, på lån frå Aasen-tunet.

Dette året viste Aasen-tunet fire temautstillingar:

- *Det usynlege språket. Omsetjing og gjendiktning* 4.1.–31.3.
- *I Edvard Hoems tid* 2.4.–14.6.
- *Sannare enn røynda? Ei utstilling om liv og dikt i litteraturen* 15.6.–25.11.
- *Ei utstilling om nynorske julehefte* 26.11.–23.12.

Hauge-senteret viste tre temautstillingar:

- *Obstfelder, Jonsson og Hauge*. 4.12.2016 – 16.4.2017
- *Ordefar* 11.5.–1.10.
- *Halldis i livet* 1.11.–21.12.

9.3 Vandreutstillingar

I 2017 kunne vi tilby bibliotek, museum og andre interesserte 32 vandreutstillingar. Truleg har få museum eit liknande tilbod.

Aasen-tunet hadde to utlån av vandreutstillingar, mot 16 året før (tabell 1).

Tabell 1. Utlån vandreutstillingar 2013–2017

	2013	2014	2015	2016	2017
Utstillingar	12	6	3	4	2
Stader	16	3	3	12	2

Ordets sølvsmedkunstnar. Elias Blix, Midt-Troms Museum, Finnsnes, 6.1.–1.9.

Halldis i livet. Hauge-senteret 1.11.–21.12.

Frå og med 2000 har vi hatt 188 utlån av 28 ulike utstillingar i 18 fylke. Det er uråd å føre nokon påliteleg statistikk for gjestetalt på vandreutstillingar.

9.4 Publisering

Tilsette heldt 32 større foredrag og presentasjonar, mot 52 året før. Dei fleste foredrag har vore tilgjengelege som manuskript. Komplette foredragsliste ligg ved.

Tilsette publiserte 30 bøker og lengre signerte artiklar i aviser, tidsskrift og bøker, mot 29 året før. Av dette var fire større utgivingar, mot fem året før. Komplette publiseringsliste ligg ved.

9.5 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 180 eksterne tilstellingar, mot 203 året før. Møta blei haldne mange stader, flest i Ulvik, Ørsta og Oslo (tabell 2). Komplette møteliste ligg ved.

9.7 Publikumssørvis

Som før om åra fekk tilsette jamleg spørsmål frå publikum på telefon, i e-post, via sosiale medium og ein hende gong i vanlege brev. Ofte er det skuleelevar som treng hjelp til heimeoppgåver. Det er også vanleg at vi får

Tabell 2. Møtestader 2015–2017

	2015	2016	2017	Sum
Oslo	30	32	49	111
Ørsta	24	34	27	85
Ulvik	29	35	17	81
Bergen	12	7	17	36
Vinje	10	9	14	33
Volda	9	16	7	32
Molde	4	9	7	20
Ålesund	7	5	4	16
Førde	2	5	2	9
Lom	0	4	5	9
Voss	4	0	3	7
Skien	2	3	0	5
Sveio	0	0	5	5
Andre stader i Noreg	21	30	21	73
Stader i andre land	0	5	1	6
Telefon eller video	12	9	1	22
Sum	176	203	180	558

spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer. Ein del førespurnader kom frå akademiske og andre fagmiljø.

I Aasen-tunet svara bibliotekaren og dokumentasjonsleiaren på dei fleste spørsmål utanfrå. I Hauge-senteret svara formidlaren og dokumentasjonsansvarleg på spørsmål.

Skriftlege svar blir tekne vare på slik at det er lett å hente dei fram når det trengst.


10 Tilbod til barn og unge

13 510 barn og skuleelevar gjesta arrangement og utstillingar, mot 14 780 året før. Dette var 50 prosent av alle gjestene våre, mot 40 prosent året før.

8948 elevar og lærarar var med på framsyningar i Den kulturelle skulesekken, mot 12 415 året før – av dette 7323 på turnear (figur 10). 10 978 barn var med på dei pedagogiske tilboda våre i 2017, mot 13 233 året før.

Til og med 2017 hadde Aasen-tunet laga åtte produksjonar og reviderte utgåver, Hauge-senteret to, i tillegg til at arbeidet med ein ny felles produksjon tok til hausten 2017.

Figur 10. Gjester skulesekk-framsyningar 2013–2017
Absolutte tal



Frå og med 2004 har vi gjennomført 1953 turnéframsyningar av ti produksjonar i Den kulturelle skulesekken for 65 680 elevar og lærarar i åtte fylke.

2492 elevar gjesta utstillingane våre, mot 1718 året før.

Aasen-tunet heldt fram med faste familiedagar den første søndagen kvar månad vår og haust og det utvida programtilbodet Festsprell for barnefamiljar under Dei nynorske festspela. Vi hadde i 2017 til saman 12 utebibliotek i åtte kommunar, som året før.

10.1 Nye tilbod

Ved utgangen av 2017 kunne Nynorsk kultursentrum tilby fire produksjonar i Den kulturelle skulesekken. Arbeidet med ein ny produksjon for 5.–7. steg tok til i 2017 i samarbeid mellom Aasen-tunet og Hauge-senteret. *Les for livet!* er skriva av Lars Mæhle. I framsyninga blir døme frå gode nynorskbøker sette inn i ei spennande og aktuell fortelling som skal få elevar til å lese nynorsk litteratur i fleire sjangrar. Programmet turnerer i skulane frå hausten 2018.

Aasen-tunet har i fleire år samarbeidd med Ørsta mållag og Ørsta kommune om å gje eit tilbod til barnehagane i Ørsta. Tidle-gare er det *Oppdrag alfabet!* som er blitt vist. Då produksjonen stod utan skodespelar, laga formidlaren i Aasen-tunet den nye framsyninga *Bok, boks, bokstav*. Framsyninga presenterer barna for Lurivar, legg opp til språkleik og formidling av nynorsk barnelitteratur.

10.2 Tunkatten Lurivar

Etter premieren i november 2006 er tunkatten Lurivar blitt det fremste verkemiddelet vårt for å nå dei yngste barna. I 2017 var han på fem arenaer: Aasen-tunet, turnear i Den kulturelle skulesekken, Tunkatten.no, gjennom utebiblioteka og i eigenproduksjonen *Bok, boks, bokstav* frå Aasen-tunet i barnehagane i Ørsta. Nettstaden er omtalt i kapittel 15.

I Aasen-tunet heldt Lurivar påskefest for 195 barn og vaksne over tre dagar, 161 barn og vaksne var med på ti Lurivar-omvisingar i sommarsesongen.

Utebiblioteka hadde 1940 gjester, mot 2741 året før.

Lurivar og det hemmelege skrinet blei vist for 4133 gjester i tolv kommunar, og *Bok, boks, bokstav* vart vist til 120 barn og vaksne i barnehagane i Ørsta.

10.3 Barn og småbarnsfamiljar

Vi gjennomførte 38 arrangement for barn og småbarnsfamiljar, mot 26 året før – 35 i Aasen-tunet og tre i Hauge-senteret.

Aasen-tunet hadde sju barneprogram i vårprogrammet, ti under Dei nynorske festspela, ti i sommarsesongen og tre i haustprogrammet. I tillegg stod barnekunstutstillinga i november for fem arrangement.

Hauge-senteret hadde eitt barnearrangement i vårprogrammet, og eitt i haustprogrammet. Våren 2017 arrangerte vi Poesifridsordning for 1.–4. steg på skulens planleggingsdag, og i haustprogrammet følgde vi opp førjulstradisjonen med familiedag med juleverkstad. I påska 2017 arrangerte vi påskejakt for barn i utstillinga dei dagane senteret var ope.

10.4 Barnehagar

Aasen-tunet har hatt omvisingstilbod for barnehagar frå 2009. I 2017 var 45 barnehagebarn med på omvisingane, mot 65 året før.

Hauge-senteret har hatt omvisingstilbod for barnehagebarn sidan 2015. I 2017 var 19 barnehagebarn med på slike omvisingar, mot 38 året før.

Under Dei nynorske festspela var alle

barnehagane i Ørsta inviterte til å delta på opninga av kunstgata.

Også i 2017 arrangerte Aasen-tunet barnekunstutstilling for barn frå barnehagane i regionen. Barna tok utgangspunkt i *Papelina* av Randi Fuglehaug. Barn frå barnehagar i Ørsta, Volda, Stryn, Hornindal og Ulstein las boka og laga verk til utstillinga. Til saman 357 barn og vaksne var med på fem opningar, mot 406 året før.

I 2017 vedtok Ørsta kommune lokal rammeplan for barnehagane. Rammeplanen trekker fram at barnehagebarna skal få kunnskap om Ivar Aasen og få opplevingar knytt til Aasen-tunet. I samband med dette, hadde vi i oktober 20 barnehageetilsette på skulering i tunet.

10.5 Skular

Utanom skulesekk-turnear på eksterne arenaer gjesta 2492 elevar utstillingane våre, mot 1718 året før. Av dette var 2178 i Aasen-tunet, mot 1647 året før, og 314 i Hauge-senteret, mot 400 året før.

Like sidan hausten 2000 har Aasen-tunet hatt program for ulike alderssteg i skulen. Tilboda blir alltid tilpassa det skulane ønsker. I 2017 var dette dei sju standardtilboda, tilpassa gjeldande læreplan:

- *Oppvekståra til Ivar Aasen*: barnesteg
- *Ivar Aasens verk med Ivar Aasens ordtak*: barnesteg, ungdomssteg og vidaregåande
- *Arkitektur*: barnehage, barnesteg, ungdomssteg og vidaregåande
- *Dialektar*: barnesteg, ungdomssteg og vidaregåande
- *Nynorske teikneseriar*: barnesteg, ungdomssteg og vidaregåande
- *Nynorske dikt*: barnesteget, ungdomsteget og vidaregåande

I 2014 hadde Hauge-senteret klar tre ulike omvisingar for elevar i grunnskulen. Desse blei bygde ut i tidsrommet 2015–17, og i 2017 kunne Hauge-senteret tilby fire elevprogram:

- *ABC, kva er no det?* og *Kattejakta*, 1.–2. steg
- *Ein tanke slo meg her um dagen*, 8. steg

- *Handverkar og poet*, yrkesførebuande i vidaregåande opplæring
- *Frå Hauges dikt til dagens Hip-Hop*, studieførebuande i vidaregåande opplæring.

10.6 Den kulturelle skulesekken

I 2017 gav vi 165 turnéframsyningar av tre produksjonar for 7958 elevar og lærarar, mot 296 framsyningar av åtte produksjonar for 11 882 elevar og lærarar i 65 kommunar året før (tabell 3)

Aasen-tunet hadde framsyningar av to produksjonar i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Buskerud:

- *Snakk om språk!* (ungdomsskule)
- *Lurivar og det hemmelege skrinet* (barnesteget)

Hauge-senteret hadde framsyningar av éin produksjon i Rogaland, Hordaland og Oppland:

- *Ein nordmann likar ikkje å vera våpenlaus* (8.–10. steg og vidaregåande skule.)

Tabell 3. Turnéframsyningar i Den kulturelle skulesekken etter fylke 2017

Produksjon	Kommunar	Visingar	Gjester
<u>Møre og Romsdal</u>			
Lurivar og det hem...	2	10	515
<u>Sogn og Fjordane</u>			
Lurivar og det hem...	8	45	2274
Snakk om språk!	1	16	515
<u>Hordaland</u>			
Ein nordmann ...	4	28	2131
<u>Rogaland</u>			
Ein nordmann ...	3	17	898
<u>Buskerud</u>			
Lurivar og det hem...	3	40	1426
<u>Oppland</u>			
Ein nordmann ...	6	9	199
Sum	27	165	7958

Like sidan 2004 har vi systematisk henta inn evalueringar frå skulane etter framsyningane. I 2017 gjorde Aasen-tunet lite av dette, mest fordi Sogn og Fjordane fylkeskommune ville gjere det sjølv. Både utøvarane og fylka har fått gode tilbakemeldingar på produksjonane våre.

Hauge-senteret henta inn evalueringar av *Ein nordmann likar ikkje å vera våpenlaus* frå turnear i Oppland og Rogaland hausten 2017. Tilbakemeldingane var eintydig positive.

Frå og med skuleåret 2009/2010 har Aasen-tunet samarbeidd med vertskommunane om årlege program i Den kulturelle skulesekken til alle elevane på 3., 6., 8. og 10. steg. I 2017 var 1256 elevar og 111 lærarar med på 39 arrangement med desse tilboda, mot 750 elevar og 79 lærarar på 21 arrangement året før.

Dette fordelte seg slik:

- *Bli kjend med Ivar Aasen*. 248 elevar på tre arrangement, 3. steg
- *Det ligg mellom linjene*. 199 elevar på ni arrangement, 6. steg
- *Forfattarbesøk*. Festspeldiktaren Lars Mæhle møtte 265 elevar på ni arrangement, 8. steg
- *Snakk om språk!* 265 elevar på ni arrangement 2016/17, 279 elevar på ni arrangement 2017/18

Programmet for 10. steg blei i 2016 flytta frå desember 2016 til januar 2017. Vi hadde derfor to rundar med *Snakk om språk!* i 2017.

I tillegg gav Ørsta Mållag og Ørsta kommune den nye framsyninga *Bok, boks, bokstav* i gåve til alle fem- og seksåringane i barnehagane i Ørsta. Det blei fem framsyningar for 110 for barn og 20 barnehagetilsette, mot seks framsyningar for 128 barn og 21 barnehagetilsette året før på framsyningar av *Oppdrag alfabet!*

10.7 Klart vi les!

Frå og med 2012 har Aasen-tunet utvikla *Klart vi les! Nynorsk barnebokturné*. I 2017 var Møre og Romsdal fylkesbibliotek, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek og Nynorsksenteret med i samarbeidet, som året før.

Saman med forfattaren Anna R. Folkestad presenterte vi i 2017 nynorsk barnelitteratur for barnehagebarn, barnehagelærarar og elevar og lærarar på barnesteget. Dette året la vi om forma på turneen. Vi hadde éi veke på turné om hausten, mot to i fjor, med

eit mål om å fordele turnéverksemda på haust og vår.

Turneen inneheldt 12 forfattarbesøk i fire folkebibliotek og på éin skule, to lærarmøte og éin seminardag i fem kommunar. 224 barnehagebarn og elevar var med på forfattarbesøka i biblioteka, 81 lærarar var med på forfattarbesøk og lærarmøta, og vi hadde 64 deltakarar på seminaret.


10.8 Nasjonalt lesedøgn

Hausten 2017 gjekk Nynorsk kultursentrum inn i eit formelt samarbeid med Samlaget om Nasjonalt digitalt lesedøgn våren 2018. Lesedøgnet blir eitt av hovudarrangementa under 150-årsjubileet til Samlaget. Elevar på 1.–4. steg i heile landet blir inviterte til ein heil dag med lesing av nynorsk barnelitteratur på den digitale leseplattforma Lesemeister.no. Aasen-tunet hjelper Samlaget i den praktiske gjennomføringa av prosjektet.

11 Festivalar

I 2017 gjennomførte Nynorsk kultursentrum ein litteraturfestival med samla driftsinntekter på 1 992 000, mot 3 973 000 for to festivalar i 2016.

Figur 11. Inntektsprofil festivalane 2014–2017
Absolutte tal



Dei nynorske festspela gav eit underskot på 17 000, mot eit overskot på 343 000 i 2016. Festivalen hadde 4054 gjester, mot 10 387 ved to festivalar i 2016.

Ulvik poesifestival brukte 103 000 i utviklinga av program for festivalen i 2018.

Offentlege tilskot på til saman 1 553 000 utgjorde 74 prosent av inntektene, mot 62 prosent året før (figur 11).

111 utøvarar var med på 53 arrangement på 16 ulike scener, mot 391 utøvarar på 91 arrangement på 32 scener i 2016. Det gav tett kontakt mellom festival og publikum, men kosta også meir enn å gjennomføre festivalane på eit fåtal scener.

Grunnlaget for arbeidet med Dei nynorske festspela var *Langtidsplan for festivalar 2017–2020*.

Kulturrådet løyvde i 2017 midlar til eit tingsingsverk om A.O. Vinje som blir framført på alle dei tre festivalane våre i 2018.

Komplett festivalprogram ligg ved.

11.1 Dei nynorske festspela

Dei nynorske festspela er ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen og dei norske dialektane. I 2017 blei festivalen arrangert for 26. gong.

Driftsinntektene minka med fem prosent frå 2 086 000 i 2016 til 1 992 000 i 2017. Festspela gav eit underskot på 17 000, mot eit overskot på 113 000 året før.

Billettinntektene kom på 274 000, mot 422 000 året før. Medrekna fribillettar utgjorde førehandssalet 39 prosent, mot 36 prosent året før. Den sosiale profilen kom til uttrykk ved at heile 37 prosent av arrangementa var utan inngangsbillett, mot 47 prosent året før, og billettprisane varierte mykje.

Medrekna internsal utløyste Festspela ei bruttoomsetning på 263 000 i kafeen og butikken dei fire festspeldagane, mot 287 000 året før. Butikken selde mindre til festspelgjestene enn tidlegare år, kafeen enda på om lag same nivå som året før.

Festspela blei gjennomførte med 39 eigne arrangement og 14 arrangement med eksterne arrangørar, til saman 53, mot 56 året før. I alt gjennomførte vi arrangement på 15 scener utanfor Aasen-tunet, mot 16 året før.

I 2017 var 74 prosent av arrangementa i vår regi, og der var også 82 prosent av gjestene. Fordelen med mange eigne arrangement er at vi då styrer innhald og økonomi.

Ulempa er at færre eig i festivalen og involverer seg direkte i prosjektet. Det eksterne engasjementet er likevel stort, med 32 samarbeidspartnarar.

111 utøvarar var med i programmet, mot 224 året før.

Dei nynorske festspela hadde 4054 gjester, mot 5405 året før. Det er også langt under budsjettet på 6000.

Temaet *Tabu* gav ein del nye inngangar til programplanlegginga. Publikum fekk møte temaet mellom anna i foredrag om tabu og livsalvor i samtidslitteraturen, i samtale om korleis taterar og andre minoritetar har blitt handsama, i barneframsyning om utanforskap og ikkje minst i tekstar som framleis er tabu i andre land.

Festspeldiktar Lars Mæhle prega programmet med samtalar om eigen forfatterskap, litterær konsert og gjennom nyskrivne songtekstar for barn. Den plassen skiftande festspeldiktarar har i programmet, er ein føresetnad for at Festspela skal kunne endre karakter frå år til og unngå å kopiere seg sjølv.

Dei litterære og språklege arrangementa er kjernen i festspelprogrammet. Dei samla i år jamt over færre gjester enn tidlegare. Festspela hadde som før fleire faglege originalforedrag og førte vidare mange faste postar, som Ivar Aasen-minneforedraget, møte med Årets nynorskbrukar og ein utanlandsk foredragshaldar i programposten Verda den vide om språk i andre land.

Programmet strekte seg frå lett tilgjengeleg pop og tradisjonsmusikk til store litterære kunstopplevingar. Ein familiekonsert inneheldt nye barnesongar på nynorsk som vi vonar vil leve vidare i fleire og nye samanhengar. Aasen-stemnet avslutta noko uventa med magedans og sterk og tankevekande tekstformidling med tonefølgje av ypparste kvalitet.

Festspela held på sin klare nynorskprofil og klarer likevel å fornye seg innanfor dei rammene. Det kunstnarlege og faglege nivået på utøvarane er som regel høgt, utan at her er mange opplagde plakatsnamn. Vi gjer

mykje for å unngå dei opplagde gjengangerane; det viser breidda og vinn tillit.

Dei nynorske festspela hadde også i 2017 eit breitt tilbod for born og unge. Fire arrangement fekk plass under vignetten Festsprell, og i samarbeid med Norsk folkemuseum og Sunnmøre museum arrangerte vi krimgåte på Volda bygdetun tre dagar.

Festivalorganisasjonen hadde passe mange frivillige og ryddig organisering. Vi utvida staben av fast tilsette med 22 deltids-tilsette og 30 frivillige, mot 72 året før.

Avviklinga baud på få vanskar, og Festspela var ein trygg stad å vere for både store og små. På kritiske punkt blir organiseringa forbetra år for år, også i 2017. Det var meir tid mellom arrangementa i Salen, medan utvidinga av kafeen med ein ekstra salsstasjon ikkje gav like stort utslag som i 2017 av di vi hadde færre gjester jamt over. Nytt av året var at vi strøymde utvalde arrangement og gav dermed fleire høve til å oppleve nokre av høgdepunkta på Festspela, og ute hadde vi eit stort mattelt som skjerma mot nedbør.

Programmet blei lansert 26.4., mot 6.4. året før. Det var få endringar i programmet etter lanseringa.

Vi brukte 342 000 i marknadsføring, mot 321 000 året før. Dette utgjorde 17 prosent av samla festivalkostnader, mot 16 året før. I stor grad marknadsførte vi Festspela gjennom dei faste kanalane, der sosiale medium no er ein sjølvsgd del. Riksmedia var også i 2017 lite interesserte i festivalen.

Veret var stort sett svært bra. Utearrangementa dei tre første dagane blei gjennomførte utan vanskar. Søndag tvang kraftig regnvêr fram improvisasjonar med godt resultat då vi mellom anna la to foredrag inn i basisutstillinga.

For seinare år vil festivalen ha færre gratisarrangement og liggje innanfor om lag 45 arrangement totalt. Eit arbeid er også i gang med å endra framdrifta slik at programmet blir ferdig før 1.3. frå 2018.

11.2 Ulvik poesifestival

Poesifestivalen skal etablere seg som den viktigaste festivalen i Noreg for lyrikk i

mange former på tvers av språkgrenser. Festivalen blir arrangert den andre helga i september annakvart år.

Mellomåret 2017 blei brukt til programplanlegging. Programrådet hadde to møte, eit under Nordisk poesifestival på Hamar i mars, og eit på Litteraturhuset i Bergen i september.

Med finansieringsgrunnlag frå Sparebanken Vest og Sparebankstiftinga Hardanger kunne styret i 2017 fastsetje statuttar og utnemne fagjury for Olav H. Hauge-stipendet for unge diktarar. Det første stipendet blir delt ut under den 10. festivalen i 2018.

11.3 Litteraturdagane i Vinje


I samsvar med avtalen med medlemslaget Litteraturdagane i Vinje oppnemnde styret eit programråd for festivalen og fastsette mandat for dette rådet. Medlemslaget nominerte tre medlemmer, og styret oppnemnde alle tre i tillegg til to eigne medlemmer.

12 Kulturprogram

Det samla kulturprogrammet hadde driftsinntekter på 1 658 000, mot 1 643 000 året før. Dette gav eit underskot på 273 000, mot eit underskot på 43 000 året før.

På 108 arrangement hadde vi 3782 gjester, mot 4041 gjester på 104 arrangement året før.

Figur 12. Arrangementsstader kulturprogram 2013–2017
Absolutte tal



Offentlege tilskot på saman 1 075 000 utgjorde 65 prosent av inntektene, mot 67 prosent året før. Samla billettinntekter blei 310 000, mot 237 000 året før, og utgjorde 19 prosent av inntektene, mot 25 prosent året før.

I 2017 blei ein større del av arrangementa gjennomførte i dei fire vertskommunane enn åra før (figur 12).

Komplett kulturprogram ligg ved.

12.1 Arrangement Ivar Aasen-tunet

Kulturprogrammet inneheldt 83 arrangement mot 66 året før. Desse samla 2715 gjester, mot 2347 året før.

Aasen-tunet har kvart år arrangement med festspeldiktaren som vitjar elevane på 8. steg, og på fødselsdagen til Ivar Aasen 5.8.

Som før om åra var målet eit variert program som viser nynorsk i bruk i ulike samanhengar.

Vårprogrammet i eigen regi blei gjennomført frå 1.2. til 12.4. Programmet *Bok og bakverk* på dagtid var nytt av året, der presenterte bibliotekaren utvald litteratur. Som vanleg gjesta festspeldiktaren alle åttandeklassingane i Ørsta og Volda, morsmålsdagen vart markert med gratis morsmålskafé, brørne Ola og Lars Bremnes heldt konsert, Øystein Hide fortalde om den nynorske dagboktradisjonen og Kristin Sørsdal om arbeidet med omsetjingane av Elena Ferrante. Borna fekk vere med på *Påskejakt med Lurivar* og tre familiedagar.

Sommarprogrammet blei gjennomført med spesialomvisingar med Lurivar, bokkafé, eventyrstund og songstund med egne ressursar. Ivar Aasens 204. fødselsdag 5.8. blei feira med den årvisse gratis kaka i kaféen.

Haustprogrammet i eigen regi blei gjennomført frå 6.9. til 3.12. Edvard Hoem trekte tilnærma fullt hus i september, historikar Sigrun Høgetveit Berg fortalde om Reformasjonen, Lars Amund Vaage, Marit Tusvik og Unn Conradi Andersen presenterte sine nyaste romanar på Boknatta og Aasmund Nordstoga inviterte til julekonsert i november. I samarbeid med Forskningsdagane ved

Høgskulen i Volda laga vi program om bieforskning og litteraturen til ekteparet Vesaas.

Hausten 2017 var tre søndagar sett av til familiedagar. Familiedagane hadde kvart sitt tema, med presentasjon av barnebøker og verkstadaktivitetar knytt til dette.

12.2 Arrangement Hauge-senteret

Hauge-senteret hadde 21 egne arrangement mot 30 året før. Desse samla 932 gjester, mot 1054 året før.

Hauge-senteret arrangerer kvart år kulturprogram knytt til Verdas poesidag 21.3., Sidersleppet i mai og Olav H. Huges fødselsdag 18.8. I 2017 blei også Den internasjonale morsmålsdagen 21.2. og Den europeiske språkdagen 26.9. markert. Morsmålsdagen var eit vellykka samarbeid med Ulvik folkebibliotek og språkopplæringa for innvandrarar.

Vårprogrammet hadde første programpost 8.2. og blei avslutta med Hardingtokt 31.5. Blant gjestene var Gunnstein Akselberg, Håvard Rem, Jan Erik Vold, Gisle Selnes, Pedro Carmona Alvarez, Annlaug Børseheim og Guro von Gerneth.

Diktardagen blei markert for 25. gong på Hardanger folkemuseum på Utne den 17.6. Diktartavla gjekk til Øyvind Rimbereid. Gjennom sommarsesongen hadde Hauge-senteret faste daglege omvisingar i utstillinga for første gong, noko som blei godt motteke blant gjestene.

Haustprogrammet starta den 18.8. der Folkemusikktrioen *Felefylgje* framførte nye tonesettingar av Hauge-dikt. Den litterære festkvelden med Agnes Ravatn og Einar Økland var i samband med Oktobertorget i Ulvik. Luther-jubileet blei markert i samarbeid med Allkunne på 500 års dagen for reformasjonen med foredrag av Sigrun Høgetveit Berg og quiz om Europa frå 1517 til i dag. Det nye programkonseptet Poesinatt var eit uformelt møte med nye unge poetar. Andre gjester var muskarane Elin Furubotn med Torbjørn Økland, medan Aasmund Nordstoga avslutta haustprogrammet med julekonsert i Ulvik kyrkje 2.12.

12.3 Program andre stader

Utanom festivalane og skulesekk-turneane gjennomførte vi åleine eller i samarbeid med andre ni opne arrangement utanfor Aasen-tunet og Hauge-senteret, mot 25 året før.

Vinje-senteret gjennomførte fire arrangement på ulike stader i Vinje.

Hauge-senteret var medarrangør for Diktardagen på Hardanger folkemuseum. I 2017 blei Diktartavla tildelt Øyvind Rimbereid. I høve 25-års jubileet blei ei jubileumsbok med alle diktsitata og omtale av vinnarane lansert under prisseremonien. Jubileumsarrangementet blei avslutta med ein minnerik poesikonsert med Øyvind Rimbereid og Sigbjørn Apeland.


I samarbeid med Universitet i Bergen arrangerte Hauge-senteret seminaret «Lyrikk, samfunn og krise» med 11 innleiarar frå universitet, høgskular og andre institusjonar. I tilknytning til seminaret arrangerte Hauge-senteret ein lyrikk-kveld på Litteraturhuset i Bergen.

Også i 2017 heldt Hauge-senteret fram samarbeidet med turlag og sogelag om å plassere dikt og litterære tekstar på stølane i Stølstrimmen i Ulvik.

13 Kafé og utleige

Omsetninga i kafeen i Aasen-tunet minka med 16 prosent frå 749 000 i 2016 til 627 000 i 2017. Drifta gav eit underskot på 125 000, mot eit underskot på 118 000 året før. Summane inkluderer utleige.

Figur 13. Inntektsprofil kafé 2013–2017
1000 kroner



Matsal utgjorde 47 prosent av omsetninga, mot 66 prosent året før. 21 prosent kom frå internomsetning, mot 12 prosent året før (figur 13).

Frå og med 2015 har Westre bakeri i Ørsta selt om lag 42 950 *Tunbrød frå Åsen*, og Ole Ringdal på Hellesylt har selt om lag 725 kg *Tunpølse frå Åsen*.

Grunnlaget for drifta var *Langtidsplan kafeen nr. 4 2014–2016*.

13.1 Kafédrift

Kafeen er ein integrert del av det samla publikumstilbodet i Aasen-tunet, skal drive kommersielt og gi viktige eigeninntektene.

I år var Festspela frå 29. juni til 2. juli. Juni og juli stod for 34 prosent av årsomsetninga for kafeen, mot 25 prosent i juni året før. Festspeldagane gav kafeen eit sal på 113 000, mot 134 000 året før. Då er internomsetninga ikkje rekna med.

Kostnadsfaktoren er forholdet mellom sal og varekostnad. I 2017 var kostnadsfaktoren 34 prosent, mot 32 prosent året før. Denne faktoren har vore ganske låg og stabil over mange år.

Også i 2017 tilbød vi ein variert meny med mat av høg kvalitet, laga av gode råvarer og minst mogleg halvfabrikata. Kafeen bygde på det tradisjonelle og det moderne, med eigen gruppemeny og meny med to- og trerettarsmiddagar for ulike typar selskap.

I samsvar med pålegg frå Mattilsynet merkar vi framleis alle rettane på a la carte-menyen for allergen. Også i heile 2017 hadde kafeen smilefjes-godkjenning frå Mattilsynet

Samarbeidet med Ole Ringdal AS på Hellesylt om produksjon av *Tunpølse frå Åsen* frå 2013 heldt fram i 2017. Pølsa blir brukt i mange rettar i kafeen og var til sals i tunet, nettbutikken og i daglegvarebutikkar i det området som Ringdal leverer varer til. I 2017 selde Ringdal 183 kg tunpølse, mot 269 kg året før.

Tunbrød frå Åsen utvikla vi saman med Westre bakeri i Ørsta i 2014. Brødet blei brukt på menyen i tunet og var til sals i Westre-butikkane. Bakeriet selde om lag 17 150 brød i 2017, mot 16 800 året før. Brødet

gir profilering, og kafeen fekk ein god del brød til eigen bruk, men salet gav ingen provisjon.

Som før samarbeidde programansvarleg og kafé- og kjøkkenleiar om serveringstilboda ved arrangement, men arrangementsgjestene nytta mattilbodet endå mindre enn før i 2017.

13.2 Utleige

Inntektene frå utleige av lokale til lukka og opne arrangement minka frå 74 000 i 2016 til 54 000 i 2017. Sal av mat og drikke og andre tenester kjem i tillegg.

Talet på utleigearrangement gjekk ned frå 65 i 2016 til 58 i 2017, og gjestetallet fall med 37 prosent frå 4276 i 2016 til 2716 i 2017. Denne marknaden er blitt svært krevjande dei siste åra, og nedgangen verkar negativt inn på drifta av kafeen.

14 Butikkar

Omsetninga i dei tre butikkane i Aasen-tunet, Hauge-senteret og nettbutikken Handlenett.no fall md 21 prosent frå 1 704 000 i 2016 til 1 344 000 i 2017. Den samla butikkdrifta gav dermed eit underskot på 482 000, mot eit underskot på 158 000 året før.

Nettbutikken Handlenett.no stod for 14 prosent av brutto butikkisal, mot 16 prosent året før. Ved utgangen av året hadde Handkenett.no 1368 adresser, mot 1778 året før. Denne reduksjonen skriv seg frå omlegging av butikkssystem.


Eit samla boksal på 653 000 stod for 49 prosent av omsetninga, mot 52 prosent året før (figur 14). Boksallet minka med 87 000 eller 12 prosent frå 2016. Det var altså salet av andre varer som svikta mest.

Samla varekjøp på 841 000 utgjorde 46 prosent av alle kostnader, mot 59 prosent året før. Butikkane hadde i alt 1456 kurante varer ved årsskiftet mot 1564 eit år tidlegare.

Butikkane er ein integrert del av det samla publikumstilbodet i Aasen-tunet og

Hauge-senteret og hadde mykje å seie for eigeninntektene våre.

Figur 14. Inntektsprofil butikkar 2013–2017
1000 kroner



Grunnlaget for drifta var *Langtidsplan butikkar nr. 5 2016–2019*.

14.1 Butikk Aasen-tunet

Omsetninga minka med 13 prosent frå 1 274 000 i 2016 til 1 107 000 i 2017. Drifta gav eit underskot på 284 000, mot eit underskot på 10 000 året før.

Boksallet gjekk ned 17 prosent frå 575 000 i 2016 til 480 000 i 2017 og utgjorde 43 prosent av samla sal, mot 45 prosent året før.

Som før om åra var *Aasen-boksaren* bestseljaren. Det årlege salet av festspelkrus er jamt høgt, og dei nye sitjeunderlaga selde godt. Dei fem bestseljarane stod for 24 prosent av samla butikkisal (tabell 4).

Tabell 4. Bestseljarar Aasen-butikken 2017
Sal kroner og eksemplar

Aasen-boksarar	1 238	138 277
Festspelkrus, ulike år	261	40 755
Sitjeunderlag m/Aasen-ordtak	208	39 563
Lønning: Jordboka	61	21 289
Festspel-t-skjorte 2017	133	21 078

Generelt sel Aasen-butikken framleis meir barnebøker enn vaksnebøker, og vi tener på at dei fleste bokhandlane har eit dårleg utval av nynorske barnebøker.

For vaksnebøker konkurrerer vi særleg med Haugenbok.no og nettbutikken til Samlaget. Nyare norsk skjønnlitteratur er vanskeleg å selje anna enn når forfattarane er til stades og signerer bøker. Elles set mange

pris på å finne andre typar bøker her enn andre stader.

14.2 Butikk Hauge-senteret

Omsetninga fall med 45 prosent frå 430 000 i festivalåret 2016 til 237 000 i 2017. Drifta gav eit underskot på 198 000, mot eit underskot på 148 000 året før.

Boksalet fall med 43 prosent frå 306 000 i 2016 til 173 000 i 2017 og utgjorde 73 prosent av alt sal, mot 71 prosent året før.

Hauge-senteret selde 114 eksemplar av Hauges *Dikt i samling*, og det meste av det som selde bra, var knytt til denne forfatterskapen. Hauge-butikken hadde ingen storseljar, men dei fem bestseljarane stod for 22 prosent av samla sal (tabell 5).

Tabell 5. Bestseljarar Hauge-butikken 2017
Sal kroner og eksemplar

Hauge: Dikt i samling (hefta)	114	16 926
Hauge: Dikt i samling (innbunden)	37	11 916
Hauge: Olav H. Huges vakraste ...	28	10 332
Hauge og Cappelen: ABC	53	7 897
Magnetpoesi Hauge og Aasen	67	6 317

Som venta var omsetninga i museumsbutikken på topp i sommarsesongen mai-august. Likevel ligg salet desse månadene 36 prosent under omsetninga på same tid året før. Dette må sjåast i samanheng med besøkstal for Hauge-senteret.

Salet dette året vart også dårlegare enn venta i lågsesong. September og november var månadar med låge besøkstal og dermed låg omsetning for butikken. Desse månadane er butikken heilt avhengig av store, gode og kjøpesterke grupper for å klare seg.

Julesalet i desember landa på omtrentleg same nivå som i fjor. Eit nytt positivt tiltak her var museumskveld i butikken i starten av desember; ein kveld der lyrikk og litteratur vart anbefalt og lese, og der publikum responderte med å handle det dei fekk servert.

14.3 Handlenett.no

Bruttoomsetninga i nettbutikken Handle-nett.no gjekk ned med sju prosent frå 237 000 i 2016 til 221 000 i 2017. Nettbutikken

stod for 14 prosent av det samla butikksalet, mot 16 prosent året før. Sal via telefon og e-post blir rekna med i den vanlege butikkdrifta.

Grunna endringar i registrering av kundeadresser gjekk talet på kundeadresser ned med 33 prosent frå 1778 i 2016 til 1369 i 2017. Ordretalet gjekk ned med fem prosent frå 487 til 464, medan omsetninga per ordre minka frå 485 i 2016 til 476 i 2017.

I 2017 selde nettbutikken mest av Aasen-boksarar, oppvaskklut med dialektord, Bø og Bæ-dokker, og Festspelkrus.

Ved årsskiftet kunne nettkundane velje mellom 2026 varer, mot 1765 varer ved utgangen av 2016. Kvar månad var i gjennomsnitt 1273 gjester innom nettbutikken, mot 1356 året før. Førjulssalet stod for 45 prosent av årsumsetninga – november 21 prosent og desember 24 prosent av årsumsetninga, mot 23 og 24 prosent året før.

I 2017 kom 38 prosent (40 prosent i 2016) gjennom søk, 33 prosent (15) var direkte trafikk, og 23 prosent (34) av kundane kom via peikarar frå andre nettstadar. Av dei sistnemnde kom 89 prosent (78) frå våre eigne nettstader. Desse stod for 32 prosent (45) av omsetninga i nettbutikken.

Kjøpsfrekvensen måler kor mange som går vidare frå å kome inn på nettbutikken til å gjennomføre kjøp. Denne kjøpsfrekvensen var i 2017 på 3,0 prosent i Handlenett.no, som året før.

Vi bruker MailChimp til å administrere og sende ut nyheitsbrev. I 2017 sende vi ut ti nyheitsbrev gjennom denne tenesta, mot fem året før.

14.4 Nye varer

Både Aasen- og Hauge-butikken utvikla fleire nye eigenproduserte varer i 2017.

Aasen-butikken laga i samarbeid med Ole Lislerud ein espressokopp og fat med teksten «Det finst tusenvis av språk». Det vart òg produsert eit nytt sitjeunderlag i ull frå Røros Tweed, denne gongen i blått med teksta «Han lyt sitja på det same Kongen som me». Festspelkrus og -t-skjorte hadde i år tekst av Lars Mæhle. Særleg t-skjorta

selde godt. På slutten av året produserte vi vrenjeluer der den eine sida var svart med sitat av Ivar Aasen og den andre sida var blå med bilde av Tunkatten Lurivar.

Hauge-butikken laga eit nytt handlenett med bokomslag frå Hauge si diktsamling *Dropar i austavind*. Eit nytt opplag handlenett med bokomslaget *Spør vinden* vart også produsert. Postkort med motiv av gamle eple-sortar med sitat frå Hauge si dagbok vart produsert i tre ulike variantar. Ein ny magnet med utgangspunkt i dei lyriske grubleboblene kom også til, *Tanke og draum er himmelske køyrety* er magnet nummer tre i denne serien.

14.5 Varelager

Etter nedskriving for ukurans var den samla lagerverdien 1 064 000, mot 970 000 året før.

Vi har jamleg skrive ned varelageret for ukurans for å hindre at fiktive verdier byggjer seg opp. I 2017 skreiv vi ned lagerverdien med 82 000, likt med året før.

Etter dette utgjorde verdien av butikkklageret 79 prosent av nettoomsetninga i butikane i 2017, mot 57 prosent året før. Bøker utgjorde 29 prosent av samla varelagerverdi, mot 31 prosent året før.

Ved årsskiftet hadde Aasen-butikken dermed 1149 kurante varer på lager, mot 1176 året før. Hauge-butikken hadde 307 kurante varer på lager, mot 388 året før.

15 Digitale tenester


I 2017 opna Nynorsk kultursentrum konto for Vinje-senteret på Facebook og dreiv med det åtte nettstader og hadde 13 kontoar i sosiale medium. Handlenett.no er omtalt i kapittel 14.

Talet på unike brukarar auka med 42 prosent frå 418 410 i 2016 til 594 507 i 2017. Desse såg på 1 413 509 sider, mot 1 252 694 året før (figur 15).

Aasentunet.no fekk ein engelsk versjon i 2015, Haguesenteret.no til sommaren 2016,

og Allkunne.no har artiklar om Ivar Aasen og Olav H. Hauge på engelsk.

Figur 15. Bruk av nettstadene 2013–2017
Absolutte tal



Det vi digitaliserer og publiserer, overlappar ikkje det arbeidet Nasjonalbiblioteket gjer.

Vinteren 2017 stoppa vi arbeidet med å utvikle og vidareføre Diktkammeret.no, som Dagbladet etablerte i 2001. Kulturrådet hadde løyvt prosjektmidlar som blei betalte attende.

Grunnlaget for arbeidet var *Langtidsplan digitale tenester nr. 5 2015–2018*.

15.1 Nettstader i utvikling og bruk

Nettstadene våre er utvikla over tid og blei opna på desse tidspunkta:

Aasentunet.no	26.4.2000
Tunkatten.no	12.9.2006
Allkunne	20.10.2009
Haguesenteret.no	22.9.2011
Festspela.no	3.6.2013
Handlenett.no	17.7. 2013
Poesifestivalen.no	20.6.2014
Vinjesenteret.no	29.2.2016

Nynorsk kultursentrum gjorde i 2017 avtale med Norsk Målungdom om å kjøpe domenet Nynorsk.no. Etter ein overgangsperiode kan vi ta i bruk domenet frå 1.1.2018. Nettstadstrukturen må endrast, og det nye domenet er optimalt for oss.

Frå og med 2018 eig og driv vi Litteraturdagane i Vinje. Domenet Litteraturdagane.no er kjøpt og blir teke i bruk i 2018 for nettstad for festivalen.

15.2 Allkunne.no

Sommaren 2015 lanserte Allkunne ei ny nettstadløysing med integrert søk i Nynorskordboka, nye menyar, ny form og grafisk profil. I 2017 kom eigen, ny og betre søkefunksjon.

Allkunne er tilrettelagt som godkjent, digitalt hjelpemiddel til eksamen.

Ved utgangen av året hadde Allkunne publisert 25 016 artiklar, mot 23 005 året før.

Allkunne.no hadde 252 399 unike brukarar og 585 181 sidevisingar, mot 183 956 og 429 114 året før.

Både i innhald og bruk var Allkunne.no den største nettstaden vår også i 2017.

Innhaldet er omtalt i kapittel 6.

15.3 Aasentunet.no

År for år har vi bygt ut Aasentunet.no i retning av å bli den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Litteratursidene som blei opna i 2001, skal vere den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.

Av forskning er *Språkfakta 2015* den mest omfattande publikasjonen vår, som jamleg blir oppdatert.

Det meste frå Ivar Aasens hand er tilgjengeleg. Rekna som enkeltdokument hadde vi publisert over 600 digitale tekstar av Ivar Aasen ved årsskiftet. Til no har vi også publisert 15 artiklar og dikt om Aasens liv og verk, 173 brev skrivne til Ivar Aasen, tre nekrologar om han, *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter* og *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*.

Hausten 2017 utvida vi informasjonen om Aasens reiser med historiske bilete, dagbok-sitat og utdrag frå Aasens ordsamlingar frå 50 stader frå heile landet.

Digital publisering av Fedraheimen 1877–1891 er det største enkeltprosjektet på nettstaden. Ved utgangen av 2017 var 11 av 15 årgangar publiserte med 7717 artiklar.

Bloggen «Siste ytring» har vore publisert kvar veke sidan 2015. Ved årsskiftet var tiltaket under vurdering med tanke på innhald, statistikk og tidsbruk. Framtida.no

kan publisere innlegga utan kostnad så lenge dei lenkjer til Aasentunet.no.

Arbeidet med å publisere tekstar frå fleire nolevande eller nyare forfattarar er godt i gang og held fram i 2018.

Aasentunet.no hadde 138 635 unike brukarar og 304 041 sidevisingar, mot 127 104 og 282 295 året før.

15.4 Festspela.no

Her er informasjon om utøvarar og program, billettsal, praktisk informasjon til publikum, presse og frivillige, og arkiv med dokument frå tidlegare festspel.

Festspela.no hadde 7334 unike brukarar og 36 710 sidevisingar, mot 9328 og 31 941 året før.

15.5 Tunkatten.no

Nettstaden er eit aktiviserande formidlings-tilbod for born i alderen 5–12 år om nynorsk språk og litteratur.

Nettstaden inneheldt ved utgangen av 2017 mellom anna 13 originaltekstar om Lurivar av ulike forfattarar, blogg, lydbøker med utdrag frå 15 nynorske barnebøker, ordliste og boktips. Der var 73 songar med lydfile og notar i *Tunkattens songbok*.

Born sende også inn spørsmål til nettstaden.

I desember hadde Tunkattens adventskalender 4480 gjester mot 1321 året før.

Publikum kunne laste ned og spele av lydfile gratis, og vi dekte som før Tono-avgifta.

Tunkatten.no hadde 21 331 unike brukarar og 252 106 sidevisingar, mot 23 641 og 271 673 året før.

15.6 Haugesenteret.no

I hovudsak blei nettstaden i 2017 nytta til å informere om arrangementstilbod, kulturarangement og utstillingar.

Det blei også publisert lyrikkfaglege artiklar om akademisk arbeid og forfattarintervju. Formidlingsartiklar om lyrikk vert presentert kvar månad under «Månadens bok» og «Drypp frå boksamlinga». Fana for tema-

utstilling vart oppdatert slik at alle temautstillinger på Hauge-senteret no også ligg som digitale presentasjonar. Lyrisk julekalender vart også i år presentert med eit dikt kvar dag gjennom heile adventstida.

Haugesenteret.no hadde 21 843 unike brukarar og 46 315 sidevisingar, mot 25 192 og 52 381 året før.

15.7 Poesifestivalen.no

Det var ikkje poesifestival i 2017 og aktiviteten på nettstaden bar sjølv sagt preg av det. For å betre bruke poesifestivalen.no også i mellomår for festival vart det dette året sett i gang arbeid med å lage tiltak og rutine for festivalen sin nettstad utanom sesong.

Poesifestivalen.no hadde 1395 unike brukarar og 3604 sidevisingar, mot 8682 og 36 194 året før.

15.8 Vinjesenteret.no

Strukturen er som for dei andre nettstadene, men framsida er tilpassa det faktum at vi førebels er utan slikt som opningstider og billettprisar. I staden henta vi fram dei viktigaste delane av prosjektplanen for Vinje-senteret.

I 2017 besøkte 3931 unike brukarar nettstaden, mot 1615 året før.

15.9 Besøk og brukarar

56 prosent (53 prosent i 2016) av alle brukarane på nettstadene kom til nettstadene gjennom søkjemotorar. 22 prosent (19) kom direkte inn på nettstadene, medan 22 prosent (27) kom via peikarar frå andre, som Facebook. Allkunne.no er inkludert frå 2017.

Det skil seg mykje kvar brukarane til ulike nettstader kom frå. Høvesvis fleire gjekk direkte inn på festivalnettstadene, Handlenett.no og Tunkatten.no enn via søkemotorane, medan Allkunne, Aasentunet.no og Haugesenteret.no fekk fleire via søkemotorar. Vinjesenteret.no hadde høgare trafikk frå peikarar og sosiale medium.

Kvar nettbrukar såg i gjennomsnitt på 3,2 sider per økt i 2017, mot 3,6 sider året før. Det var store skilnader mellom dei ulike nettstadene, men eit mønster der musea og

Allkunne har lågt tal, festivalane noko høgare og nettbutikk og tunkatten mykje høgare (tabell 6).

Tabell 6. Sidevisingar etter nettstad 2014–2017
Gjennomsnitt per brukar

	2014	2015	2016	2017
Aasentunet.no	2,4	2,2	2,2	1,8
Haugesenteret.no	2,3	2,0	2,1	1,8
Vinjesenteret.no	-	-	2,0	1,8
Allkunne.no	2,2	2,3	2,3	1,9
Festspela.mo	2,4	2,4	3,4	3,7
Poesifestivalen.no	4,3	1,3	4,2	2,3
Tunkatten.no	5,4	8,3	11,5	8,1
Handlenett.no	6,8	4,9	6,5	4,4

Godt og tilgjengeleg fagstoff er ein del av grunnlaget for nettstadene. Dei største brukarane er skular over heile landet. Mange elevar, studentar, lærarar og andre fagfolk finn tilbod på nettstadene våre som dei ikkje finn andre stader. Det er også grunnen til at sidene om Ivar Aasen var mellom dei mest populære på nettstadene i 2017 med 12 290 gjester på opningssida.

Tunkattens songbok hadde i 2017 31 216 brukarar. I 2017 var det 45 825 avspelingar og 4049 nedlastingar frå denne songboka, mot 45 531 og 4520 året før.

For festivalane skilde programsidene seg ut, på Haugesenteret.no var det Bodil Cappelen's utvalde dikt, og på Aasentunet.no songen «Det lyser i stille grender». På Vinjesenteret.no skilde artikkelen «Vi søker etter dagleg leiar» seg ut, og på Allkunne.no artikkelen om Ivar Aasen.

16 Kommunikasjon


Kommunikasjonskostnadene utanom løn minka med 16 prosent frå 1 692 000 i 2016 til 1 417 000 i 2017. Dette utgjorde 5,1 prosent av samla kostnader, mot 6,0 prosent året før.

Vi sende ut 99 pressemeldingar, mot 98 i 2016. Ulike sider av verksemda vår blei omtalt i 2746 registrerte artiklar og oppslag i norske massemedium, mot 2921 året før (figur 16).

Vi praktiserte også i 2017 open informasjon og svara på alle dei spørsmåla som

kom. Sidan 2004 har vi praktisert meiroffentlegheit.

Figur 16. Medieomtale 2013–2017
Tal mediekliipp



Det samla opplaget for trykksaker var 82 000 eksemplar, mot 110 000 året før. Av dette stod Hauge-senteret for 19 500 eksemplar og Aasen-tunet for 62 300.

Grunnlaget for arbeidet var *Langtidsplan for kommunikasjon nr. 9 2016–2019*.

16.1 Mediedekning

Ulike sider av verksemda vår blei omtalt i 2746 registrerte artiklar og oppslag i norske massemedium, mot 2921 året før. Desse tala skil ikkje mellom riks- og lokalmedium eller mellom store og små oppslag.

Mest omtalt av institusjonane våre var Aasen-tunet, før Nynorsk kultursentrum, Hauge-senteret, Dei nynorske festspela, Vinje-senteret, Allkunne og Poesifestivalen.

Av norske litteraturfestivalar vi undersøkte, var vi blant dei mest omtalte med Dei nynorske festspela (145). Bjørnsonfestivalen låg over med 168 og Norsk litteraturfestival under med 128. Aasen-tunet var omtalt om lag tre gonger meir enn Hamsunsenteret og om lag dobbelt så mykje som Prøysenhuset. Noregs Mållag var omtala om lag dobbelt så mange gonger som Aasen-tunet.

Ivar Aasen blei omtalt 977 gonger, mot 1065 året før. Olav H. Hauge blei omtalt 347 gonger, mot 405 året før. Aasmund Olavsson Vinje blei omtalt 176 gongar i 2017.

Over tid viser omtalane at *poesi* blir mykje meir brukt enn *lyrikk*, og *nynorsk* blir omtalt dobbelt så mange gonger som *dialekt*. I 2016

registrerte vi 3478 oppslag om *nynorsk*, mot 4253 året før. Tilsvarande tal for *dialekt* var 1879 og 2100.

16.2 Presse og kringkasting

Alt i alt sende vi ut 99 pressemeldingar, mot 98 i 2016. Dei aller fleste blei også publiserte på nettstadene og i sosiale medium.

56 av meldingane var frå Aasen-tunet og 20 frå Hauge-senteret. Nynorsk kultursentrum sende ut 21 pressemeldingar i 2017 og Allkunne to.

Som tidlegare år førte vi ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar for alle arrangement. Vi sende også ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspresse og tidsskrift.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK abonnerte vi på mediekliipp frå Retriever.

16.3 Trykksaker

I 2017 gav Aasen-tunet ut to nummer av meldingsbladet *Symra*, i januar og september. Begge blei trykte i 7500 eksemplar og distribuert til fast adresseliste og til faste utleveringsstader i ti kommunar.

Dei nynorske festspela hadde i 2017 same grafiske profilen på alle trykksakene, utvikla av formgivar Thomas Lewé.

Festspelavisa var som tidlegare år eigenprodusert avis på 32 sider i fire fargar. Avis blei trykt i 22 000 eksemplar, mot 29 500 året før. Den blei spreidd som innstikk i heile opplaget til Sunnmørsposten 15.6. som innstikk i Møre Nytt 24.6., og lagd ut i butikkar og andre samlingsstader i regionen.

Ein programfaldar blei spreidd i 24 000 eksemplar til alle husstandar og eit utval samlingsstader i dei ti næraste kommunane.

Festspelplakaten blei trykt i 1300 eksemplar i fleire format og send til mellom andre bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar.

Hauge-senteret gav ut to utgåver av meldingsbladet *Onen*, i januar og august. Nr. 1 blei trykt i 9 500, nr. 2 i 9 000 eksemplar. *Onen* blei spreidd som innstikk i Avis Hor-

daland (om lag 7000 husstandar) og til bibliotek, turistinformasjonar, tenestetorg, kafear og reisemål i Hardanger og på Voss. Bladet blei også lagt ut på Bergen offentlege bibliotek og andre utvalde kulturarenaer i Bergen.

Reisemålsbrosjyrane vart distribuert til alle reiselivsaktørar i Hordaland. I tillegg låg brosjyren framme på alle romma i Brakanes hotell og konferansesenter. Hotellet nyttar også brosjyren i mapper til kundegrupper og anna marknadsføring av Ulvik.

Reisemålsbrosjyren som er laga i samarbeid med Fruk- og siderruta og Brakanes hotell vart sendt ut som ein del av DM til grupper, lag og organisasjonar både regionalt og nasjonalt. Hauge-senteret sende ut over 1300 av desse.

16.4 Annonsering

Alle arrangementa i Aasen-tunet blei annonserte i lokalavisene Møre, Møre-Nytt, Vikebladet, Vestlandsnytt og Fjordingen, og vi hadde annonse for sesongane i Regionvisa og Møre Nytt.

For Dei nynorske festspela brukte vi om lag to tredelar av annonsebudsjettet lokalt og ein tredel i riksmidium.

Aasen-tunet var også i 2017 med i Ørsta Reiselivslag og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre si marknadsføring av regionen.

Til arrangementa trykte vi plakatar som blei spreidde i nærmiljøet. Arrangementa blei annonserte i Avisa Hordaland og på gratissida «Det skjer» i Bergens Tidende.

16.5 Sosiale medium og strøyming

Talet på følgjarar i sosiale medium auka med 14 prosent frå 17 690 i 2016 til 20 181 i 2017. Desse fordelte seg med 14 908 følgjarar på sju Facebook-kontoar, 3893 likarar på tre Twitter-kontoar og 1380 følgjarar på tre Instagramkontoar.

Både Aasen-tunet og Hauge-senteret brukte Facebook og Twitter aktivt i marknadsføringa. Sidene på Facebook blei mellom anna brukte til å spreie informasjon om og frå dei fleste arrangementa.

Meldingskanalen Twitter blei i 2017 mest brukt til å spreie pressemeldingar med politisk innhald, utdrag frå talar, innlegg, debattar og foredrag under Festspela.

16.6 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre var Aasen-tunet mellom anna vore med i reisemålsrek-lame frå Fjord Norge. I tillegg vart Aasen-tunet nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga.

Frå 1.1.2017 marknadsfører selskapet seg på nynorsk, både digitalt og på trykk. Nynorsk kultursentrum tok initiativ til denne endringa i 2012.

Aasen-tunet var med på Bygdeturisme-kampanjen, ein del av ein Noregskampanje til Innovasjon Norge for å profilere Noreg som feriemål for folk busett i Noreg.

Hauge-senteret er medlem i Reisemål Destinasjon Hardanger Fjord og Ulvik destinasjon med omtale i Hardanger Guiden 2017.

16.7 Logo- og profilprogram

Styret fastsette i 2017 revidert logo og profilprogram for Allkunne.

17 Gjester


Etter rekordåret 2016 med to festivalar og svært mange skulesekk-framsyningar fall gjestetallet med 32 prosent frå 40 194 i 2016 til 27 143 i 2017.

Aasen-tunet hadde 20 060 gjester mot 26 866 19 031 året før og 19 031 i 2015.

Hauge-senteret hadde 6915 gjester mot 11 332 året før og 5051 i 2015. Vinje-senteret hadde 168 gjester mot 1350 gjester året før.

Vi hadde færre gjester enn året før i alle kategoriar, eigne arrangement, utleigearrangement, utstillingar og skulesekk-turnear, men fleire skuleelevar enn året før (figur 17).

Figur 17. Gjesteprofil 2013–2017
Absolutte tal



Truleg er vi eit av musea i Noreg med størst del born og unge blant gjestene. I 2017 var 50 prosent av gjestene barn og unge, mot 40 prosent året før.

Den 12. september 2017 hadde Nynorsk kultursentrum hatt 5 277 762 gjester og brukarar. Det var like mange som det då var innbyggjarar i Noreg.

17.1 Gjesteprofil

I 2017 kom 80 prosent av gjestene til festival, utstillingar eller skulesekk-framsyningar, mot 83 prosent året før. Dei nynorske festspela stod for 15 prosent (13 prosent i 2016) av gjestene, skulesekk-framsyningane for 32 prosent (31) og utstillingane for 33 prosent (26).

Gjestene fordelte seg annleis utover året enn i 2016, og vårsesongen var best (tabell 7). Aktivitetsprofilen vår gjer at gjestene likevel kjem meir jamt gjennom året enn tilfellet er for mange andre museum.

Tabell 7. Prosentfordeling gjester etter sesong 2013–2017

	Vår	Sommar	Haust
2012	22	35	43
2013	32	37	31
2014	18	31	51
2015	27	46	27
2016	30	31	39
2017	40	31	29

17.2 Marknadsposisjon 2016

Statistikk for museum 2016 frå Kulturrådet var den nyaste tilgjengelege i februar 2018.

Rekna i gjester er vi ein liten institusjon i Noreg og ganske middels i Møre og Romsdal. I digitale tenester er vi blant dei store.

I 2016 hadde 109 museumseiningar 11,3 millionar gjester. Av dette stod vi for 0,4 prosent, mot 0,2 prosent året før. Seks museumseiningar i Møre og Romsdal hadde 368 358 gjester. Av dette stod vi for 10,9 prosent, mot 5,9 prosent året før.

Musea i heile landet hadde 13,3 millionar brukarar på nettstadene sine. Av dette stod vi for 3,1 prosent, mot 2,3 prosent året før. Musea i Møre og Romsdal hadde 759 526 brukarar på eigne nettstader. Av dette stod vi for 55 prosent, mot 34 prosent året før.

Tabell 8. Barn og unge gjester 2013–2016
Prosent av alle gjester

	2013	2014	2015	2016
Nynorsk kultursentrum	42	40	33	40
Møre og Romsdal	27	36	29	27
Noreg	28	27	25	23

Barn og unge utgjer ein mykje større del av gjestene våre enn for musea i Møre og Romsdal og for heile landet (tabell 8). Dette gjeld også dei som var med i pedagogiske tilbod (tabell 9).

Tabell 9. Pedagogisk verksemd for barn og unge 2013–2016
Prosent av alle gjester

	2013	2014	2015	2016
Nynorsk kultursentrum	38	36	28	33
Møre og Romsdal	7	11	11	14
Noreg	12	9	8	7

17.3 Gjestundersøking

I 2017 gjennomførte vi ei ny publikumsundersøking under Dei nynorske festspela etter same mal som før. 137 gjester over 15 år svara.

Halvparten av gjestene var kvinner, og gjennomsnittsalderen var 57 år, til liks med til dømes 2013.

Åtte av ti gjester kom frå Møre og Romsdal, mot sju av ti i 2015 og seks av ti i 2013 – og fem av ti i 2007.

Om lag fire av ti var tilsette i offentleg sektor, ein av fire i privat sektor. Tre av fire hadde høgare utdanning, og slik har det vore lenge.

Åtte av ti gjefta festivalen privat. To av tre var på inntil fem arrangement, sju av ti

hadde vore på festivalen før, og heie ni av ti hadde vore i Aasentunet før, fleire enn i tidlegare undersøkingar.

Åtte av ti var ganske nøgde eller svært nøgde med festivalen. Ni av ti sa at dei ville kome att neste år – i 2015 sa sju av ti det same.

Undersøkinga syner ein tendens til eit meir regionalt basert publikum enn før, men som før svarar 25 -30 prosent at dei ikkje har vore på festivalen før.

17.4 Opningstider

Opningstidene for Aasen-tunet har, med små justeringar, vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei nynorske festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene:

1.6.–15.8.: mån–fre 10–16, søn 12–17

16.8.–31.5.: mån–fre 10–17, laur og søn 12–17

Hauge-senteret hadde desse opningstidene:

6.1.–22.12.: tys–fre 10–16

11.1.–30.4. og 6.9.–20.12.: søn 12–17

3.5.–30.8.: laur og søn 11–17

21.11.–12.12.: laur 12–15

17.5 Billettsystem og prisar

Den etablerte prismodellen blei ført vidare med fleire viktige endringar i 2017. Aasen-tunet og Hauge-senteret hadde dei same prisane:

- Vaksne 100,00
- Born og unge 6–16, og studentar 50,00
- Honnør 70,00
- Familie (inntil to vaksne) 220,00
- Grupper (minst 15 personar) 70,00
- Skuleklassar 0,00
- Tillegg utanom opningstid 25,00

Alle festivalgjester hadde fritt tilgjenge til basisutstillingane.

Vi har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar og at dei skal få valuta for pengane. Samstundes skal tilbodet vårt romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For enkeltarrangement varierte prisane i 2017 frå 0 til 350 kroner, som i 2016.

Dei nynorske festspela hadde både gratis-tilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festivalpass med tilgjenge til alle arrangement til 1600 kroner på Festspela, mot 1550 året før.

18 Økonomi

Medrekna finansinntekter minka inntektene med to prosent frå 29 939 000 i 2016 til 28 606 000 i 2017. Driftskostnadene minka med fire prosent frå 28 440 000 i 2016 til 27 367 000 i 2017.

Med resultatet i 2017 og disponeringane av overskotet passerte Nynorsk kultursentrum fem millionar i eigenkapital medrekna vedlikehaldsfondet. Eigenkapitalen passerte ein million så seint som i 2011 og to millionar i 2013.

18.1 Resultat og inntektsprofil

Drifta gav eit resultat på 1 326 000, mot 1 232 000 året før. Dette er det beste resultatet nokon gong for Nynorsk kultursentrum.

Aasen-tunet skil seg ut som den største avdelinga, medan dei andre rekneskapsavdelingane var ganske jamstore i 2017 (tabell 10). Dette skaper ein god dynamikk i organisasjonen.

Tabell 10. Avdelingar etter inntekter 2015–2017
Prosent

	2015	2016	2017
Aasen-tunet	63	50	51
Hauge-senteret	20	23	18
Administrasjonen	12	10	13
Allkunne	10	9	10
Vinje-senteret	5	5	8

18.2 Vedlikehald og investeringar

Dei vedlikehaldsoppgåvene vi meinte var nødvendige, blei gjennomførte i 2017. Vi gjorde også sju større investeringar som utgjorde til saman 1 445 000 (tabell 11). Av dette blei 532 000 dekt ved avsetjingar i tidlegare rekneskapar.

Ombygging i Steinhuset i Aasen-tunet gav tre kontor og eitt møterom. Ei mindre

ombygging av møterommet i Hauge-senteret gav eit ekstra kontor med inntil to arbeidsplassar. Begge delar måtte til for å ha nesten nok kontorplass.

Tabell 11. Større investeringar 2017
1000 kr eks. mva

	Sum	Avsetjing
Kontor i Steinhuset	566	250
Flygel Aasen-tunet	240	75
Basisutstilling Hauge-senteret	165	132
Ombygging Hauge-senteret	120	
Persiennar Aasen-tunet	121	
Skogrydding Aasen-tunet	135	
Strøyming alle avdelingar	98	75

Trass i slike store investeringar auka avskrivingskostnadene berre frå 537 000 i 2016 til 551 000 i 2017, og likviditeten blei styrt godt gjennom heile året.

Frå og med den første fornyinga av basisutstillinga i Aasen-tunet frå 2006 hadde vi ved utgangen av 2017 investert 14,3 millionar i større utbetringar av bygningar og anlegg. Av dette har vi dekt 6,9 millionar ved egne midlar utan å ta opp lån.

Dei fleste prosjekta er fullførte innanfor budsjett.

18.3 Driftsinntekter

Etter stor auke i inntektene i 2016 flata det ut i 2017.

Rekneskapsført driftstilskot frå Kulturdepartementet auka med sju prosent frå 18 241 000 i 2016 til 19 579 000 i 2017. Auken kom frå den første løyvinga av driftsmidlar til Vinje-senteret.

Offentlege prosjekt- og driftstilskot frå fylkeskommunar og kommunar minka med 19 prosent frå 3 997 000 i 2016 til 3 254 000 i 2016. Endringa heng mest saman med mellomåret for Ulvik poesifestival.

Tabell 12. Profil driftsinntekter 2013–2017
Prosent

	Stat	Fylke	Kommunar	Marknad
2013	59	3	4	34
2014	64	4	9	23
2015	67	4	7	22
2016	62	3	9	23
2017	68	4	6	19

Billettsal, sal av varer og tenester, utleige og sponsoravtalar m.m. utgjør marknadsinntektene. Desse minka med 24 prosent frå 6 742 000 i 2016 til 5 134 000 i 2017.

Medrekna øyremerkte midlar til Vinje-fondet og Allkunne utgjorde ordinært driftstilskot frå Kulturdepartementet 68 prosent i 2017, mot 62 prosent året før (tabell 12). Marknadsinntektene utgjorde i 2017 19 prosent av inntektene, mot 23 prosent i 2016. For kvar krone vi får ekstra i offentlege tilskot, skaffar vi over tid ei krone sjølve. Det gjorde vi også i 2017.


Med berre ein festival i 2017 og svakt billettsal til den festivalen minka billettinntektene med 43 prosent frå 1 457 000 i 2016 til 828 000. Dette utgjorde 2,9 prosent av driftsinntektene, mot 5,0 prosent året før.

Bruttoomsetninga over kassa inkl. mva minka med 26 prosent frå 3 759 000 i 2016 til 2 777 000 i 2017. Denne pengestraumen er med og sikrar likviditeten.

18.4 Driftskostnader

Inntektene minka i 2017, og med god økonomistyring minka kostnadene endå meir.

Figur 18. Kostnadsprofil 2013–2017
Prosent



Samla lønskostnader minka med 2,2 prosent frå 14 091 000 i 2016 til 13 779 000 i 2017. Dette utgjorde 51 prosent av alle kostnader, mot 50 prosent året før.

Offentlege refusjonar kom opp i 716 000, mot 620 000 året før. Dette blei i stor grad brukt til å tilsetje prosjektmedarbeidarar for å løyse dei aktuelle oppgåvene.

Nynorsk kultursentrum har vore medlem i Statens pensjonskasse sidan 2000. Pensjonskostnadene var på 669 000, mot 864 000 året før. Dette utgjorde 2,4 prosent av samla kostnader, som året før.

Vi kjøpte varer og tenester for 5 495 000, mot 5 714 000 året før. Dette utgjorde 20 prosent av kostnadene, som året før.

Med ein festival mindre og noko færre skulesekk-framsyningar minka reisekostnadene med 11 prosent frå 1 585 000 i 2016 til 1 417 000 i 2017. Dette utgjorde fem prosent av kostnadene, mot sju prosent året før.

18.5 Drifts- og prosjekttilskot

Kulturdepartementet løyvde i alt 19 630 000 til drifta i 2017. Dette inkluderte øyremarka midlar på 598 784 til Vinje-fondet og 2 622 000 til Allkunne.

Til Hauge-senteret og fellesfunksjonar for Hauge-senteret gjekk 3 450 000 av løyvinga frå Kulturdepartementet. Hordaland fylkeskommune løyvde 779 000 og Ulvik herad 1 075 000 medrekna verdien av husleige på 132 000.

Til Ulvik poesifestival løyvde Ulvik herad 538 100 i 2017. Av dette blei 387 700 inntektsført i 2016 og 20 000 i 2017, restsummen blir overført til 2018.

Vinje kommune løyvde 1 000 000 til Vinje-senteret. Av dette blei 61 000 forskottert i 2016, og 200 000 gjekk til å integrere den nye avdelinga i styringssystema våre.

Vi inntektsførte til saman 975 000 i prosjekttilskot, mot 709 500 året før:

- Norsk kulturråd: 149 000 til forskings- og dokumentasjonsprosjektet «Museum som minnepolitiske aktørar» og 50 000 til prosjekttavklaring om Diktkammeret.no
- Hordaland fylkeskommune: 80 000 til Ulvik poesifestival, 50 000 til digitalt prosjekt, 25 000 til forprosjekt Økland-samlingane
- Møre og Romsdal fylkeskommune: 138 000 til Dei nynorske festspela
- Volda kommune: 75 000 til Dei nynorske festspela

- Ørsta kommune: 75 000 til Dei nynorske festspela
- Vågå, Lom og Skjåk kommunar: 148 000 til utviklingsprosjekt *Diktarhuset*
- Sparebanken Vest: 150 000 til *Røystene som nådde målet*
- Sparebankstiftinga Hardanger: 35 000 til jubileumsboka *Diktarstien*

Av løyvinga frå Kulturrådet til «Museum som minnepolitiske aktørar» blei 274 347 overført til avslutningsåret 2018.

18.6 Samarbeidspartnarar

Vi hadde i 2017 gode og langsiktige sponsoravtalar med tre samarbeidspartnarar:

- Aker BP / Det norske oljeselskap
- Sunnmørsposten
- Sparebank1 Søre Sunnmøre

I tillegg fekk vi 50 000 frå Sparebanken Vest i gåve. Rekneskapsførte inntekter frå desse avtalane og gåvene utgjorde 536 000, mot 535 000 året før.

Alt i alt hadde vi 110 samarbeidspartnarar i 2017, mot 115 året før. Også desse var med:

Amfi Ørsta, Avisa Hordaland, Bakk-Ola-marka, Bertel O. Steen Volda, Bil & Gummi-service, Brakanes barne- og ungdomsskule, Brakanes hotell og kurs- og konferansesenter, Buskerud fylkeskommune, Cappelen Damm, Den grønne kafé, Den nasjonale komiteen for Vinje-jubileet 2018, Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, Det Grønne Treet, Det Norske Samlaget, Drøs bakeri og kafé, Elle-melle, Flamme Forlag, Forlaget Oktober, Forlaget Skald, Forskingsdagane, Frivillig-sentralen i Volda, Fru Svendsen kunst- og kulturkafé, Frukt- og siderruta, Furene AS, Gyldendal Norsk Forlag, Hardanger og Voss Museum, Herøy mållag, Hordaland fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen, Hovdebygda soge- og velferdslag, Høgskolen i Innlandet, Høgskulen i Volda, Jærmuseet / Garborgsen-teret, Litteraturnettverket, Lydkjelleren, Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje, Møre folkehøgskule, Møre og Romsdal fylkesbibliotek, Møre og Romsdal fylkeskom-mune, Nasjonalbiblioteket, Naturfestivalen,

Nettbuss, Noregs Ungdomslag Norsk Barneblad, Norsk Forfattarsentrum, Norsk kulturråd, NRK Nynorsk mediesenter, NRK Sogn og Fjordane, Nynorsksenteret, Nyttevekstforeningen i Ålesund, Olav H. Haugestiftinga, Ole Bull Akademiet, Ole Ringdal as, Racer, Rossvoll, Selja forlag, Slow Food Hardanger, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger, Spinneriet kjøpesenter, Sula bibliotek, Sunnhordland Museum, Sunnmøre kultur næringshage, Sunnmøre museum, Sunnmørsposten, Telemark fylkeskommune, Tine Meierier Ørsta, Torgdagen i Ulvik, Tussa ASA, Ulvik folkebibliotek, Ulvik herad, Ulvik kyrkje, Ulvik næringslag, Ulvik Sogelag, Ulvik Turlag, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger, Universitetsforlaget, Vagant, Venelaget Olav H. Hauge, Vest-Telemark Museum, Vinje Handverkslag, Vinje kommune, Volda Fotball, Volda kommune, Volda kulturskule, Volda læringssenter, Volda næringsforum, Volda og Ørsta kunstlag, Volda omsorgssenter, Volda sokneråd, Volda statlege mottak, Volda vidaregåande skule, Voss bibliotek, Voss Lyd, Westre bakeri, Ørsta Bil, Ørsta folkebibliotek, Ørsta frivilligsentral, Ørsta kommune, Ørsta Mållag, Ørsta opplæringssenter, Ørsta næringskontor, Ørsta reiselivslag, Ørsta sokneråd.

Nynorsk kultursentrum takkar alle!

19 Retning 2021

I 2021 vonar vi at Vinje-senteret er i full drift med eit komplett publikumstilbod.

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2017. Med grunnlag i *Visjon og strategi 2018–2021* heldt vi fast ved posisjonen vår som ein sjølvstendig kulturinstitusjon.


Å bli kåra til *Årets museum 2015* gav ein sjanse til å ta nye steg i posisjonering og strategisk arbeid. Prisen var ein inspirasjon for råd, styre og tilsette, den gav oss ei visse om

korleis fagmiljøet ser på arbeidet vårt, og prisen gir legitimitet til vidare satsingar. Dette drog vi veksar på også i 2017, det tredje og siste året med profilering av prisen.

Frå 2000 har vi arbeidd mykje med å utvikla vår eiga forståing av den norske språk- og kultursituasjonen. Gjennom årstalane 2001–2012, høringsfråsegner, og språkleg, litterær og språkpolitisk dokumentasjon har vi arbeidd målretta for å fremje dialog med mange land og kulturar, følgje opp språkmeldinga, styrkje bruken av nynorsk for born, auke bruken av nynorsk i digitale medium, fornye opplæringspolitikken for nynorsk og forme ein ny og moderne argumentasjon for nynorsk.

Kvart år arbeider 60–70 medarbeidarar i faste stillingar og engasjement for å løyse oppgåvene og gi publikum gode tilbod året gjennom (figur 19). Desse har forma den idémyldrande bedriftskulturen som vi gjer det vi kan for å ta vare på og utvikle vidare.

Figur 19. Betalte medarbeidarar i faste stillingar og engasjement 2013–2017
Absolutte tal



Som leiar for Nynorsk forum har vi sidan 2000 dokumentert utviklinga i løyvingar til nasjonale og regionale kulturinstitusjonar over statsbudsjettet. Desse løyvingane frå ulike departement summerer vi og reknar ut i prosent av den samla løyvinga frå Kulturdepartementet. Dette resulterer i ein nynorskindeks. I perioden 2000–2017 var denne aldri lågare enn i åra frå 2015 med 2,6 prosent.

Skal nynorskindeksen bli betre, må det utviklast nye og større nynorskprosjekt. Styret i Nynorsk kultursentrum følgde opp ei første framtidsdrøfting med leiinga i utvalde

nynorskinstitusjonar i 2015 ved å invitere til *Perspektivmøte for nynorsk i 2017*.

Nynorsk kultursentrum er ein institusjon prega av engasjement. Det viser også att i det private engasjementet til dei tilsette med ein medarbeidar som heradsstyremedlem i Ulvik 2015–2019.

19.1 Strategisk utvikling og nye oppgåver

Både formelt med sine 24 stiftarar og partnarar og gjennom praksis er Nynorsk kultursentrum *ein nasjonal institusjon*. Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Så vel publikum som massemedium har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt.

Vi legg til grunn at *kulturelt mangfald* inkluderer det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet, og at bokmål og nynorsk er to norske språk. Samstundes legg vi vekt på å arbeide for kulturell og språkleg integrering i kvardagen av innvandrarar og flyktningar. Det spørsmålet har vi arbeidd med på ulike måtar sidan 2002.

Kvalitet i alle ledd skal vere kjennemerket for verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum. Vi måler alltid verdien av publikumstilbodet i meir enn gjestetal, og vekst kan dreie seg om noko anna enn fleire kroner eller fleire gjester.

Drifta dei siste åra har avdekt *oppgåver og problem* som må løysast. Dei nynorske festspela er blitt ein meir regional festival på publikumssida enn profil og strategi skulle tilseie. Sals- og produktutviklinga i butikane må ta nye retningar utan at vi mistar det særpreget som er opparbeidd. Vi må omstrukturere dei digitale tenestene våre slik at ale delar av verksemda vår kjem fram, og publikum finn det dei er ute etter.

Nye tiltak vi går inn i, skal *styrkje det vi alt gjer* og ikkje svekkje noko av dette. Alt no ser vi at Aasen-tunet og Hauge-senteret styrkjer kvarandre, likeins Dei nynorske festspela og Ulvik poesifestival. Dette har alt kome Vinje-senteret til gode.

Aasen-tunet er generelt i god stand. Etter-spurnaden og aktiviteten er alt mykje større enn det ein rekna med då institusjonen blei planlagd. Presset er difor stort i mange ledd. I 2017 vedtok styret framdriftsplan for arbeidet med eit lager- og reiskapshus som skal munne ut i ein prosjektplan hausten 2018.

Vedlikehald av *natur- og kulturlandskapet* i Aasen-tunet er ei kontinuerleg oppgåve. Styret vedtok i juni 2014 ein første framdriftsplan for arbeidet. Arbeidet held fram i 2018.

Hauge-senteret er trygt etablert med stødrift og fekk med ombygging i 2017 endå betre kontorlokale. Det gjer at meir arbeidstid kan brukast til kulturfagleg arbeid og gode publikumstilbod.

Nynorsk kultursentrum er ein av få kulturinstitusjonar som også driv festivalar. Etablerte støtteordningar for festivalar tek ikkje omsyn til dette, og vi held fram arbeidet for å få endra desse. *Dei nynorske festspela*, *Ulvik poesifestival* og *Litteraturdagane i Vinje* skal bli verande ulike i programprofil, men drivast mest mogleg likt.

Involvering i interne prosessar har vore grunnlaget for arbeidet med både daglege oppgåver og større prosjekt. Med driftsavdelingar fleire stader i landet blei dette systemet utvida frå 2011. Frå 2017 har vi *fire faggrupper* i tillegg til leiargruppa: museumsgruppe, programgruppe, nettedaksjon og salsgruppe.

Nynorsk kultursentrum ønskjer å *bli ein større organisasjon*, men etablerte tiltak må ha passert sine milepålar før nye større tiltak blir ein del av porteføljen. Det er strategisk bra for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er no organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta. Dette føreset:

- Sikker grunnfinansiering av nye driftsavdelingar frå stat, fylkeskommunar og kommunar
- Større kapasitet i Administrasjonen for å handtere dei mange fellesfunksjonane godt nok
- Vidareutvikling av dei systema vi har etablert for erfaringsutveksling og

kunnskapsutvikling mellom avdeling-
ane

I alle samanhengar går Vinje-senteret no føre andre større utviklingsprosjekt frå vår side. Utgreiingsarbeidet om *Diktarhuset* i Lom er i gang, og partane er på det reine med at arbeidet tek til med ei open tilråding.

I 2015 tok vi opp att arbeidet med *Jon Fosse-arkivet* på grunnlag av ein omfattande forprosjektrapport frå 2008. Arbeidet held fram.

Eit nytt tiltak kan bli *Einar Økland-huset* på Stord. Etter initiativ frå familien samarbeider Sunnhordland Museum og Nynorsk kultursentrum frå 2016 om å avklare framtida for dei enorme samlingane av skrifter, bruksgrafikk og brukskunst som det huset rommar. Å etablere ei eiga avdeling eller noko nytt senter er ikkje aktuelt, men det er eit hus som kan brukast og forvaltast på fleire vis. Dokumentasjonen *Økland-samlingane* er ein del av eit utviklingsprosjekt som Hauge-senteret leier saman med Sunnhordland Museum og med støtte frå Hordaland fylkeskommune.

Som andre museum utviklar vi *forsking og dokumentasjon*, og vi driv kunnskapsbasert formidling. Vi legg som før vår eigen definisjon av slik verksemd til grunn:

«Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskriving og analyse».

Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forsking lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein svært utoverretta organisasjon. Dei neste åra må vi prioritere *samlingsforvaltning*. Relativt meir arbeidstid vil gå med til interne oppgåver

som registrering, katalogisering og konservering. Frå og med 2015 har vi ei liste over forfattarar som skal prioriterast ved innkjøp av førsteutgåver.

Immateriell kulturarv er frå og med 2015 ein meir integrert del av arbeidet vårt enn før. Det blei raskt tydeleg at vi sjølve må arbeide for å fremje språklege perspektiv i arbeidet med denne kulturarven både i Norges Museumsforbund og i andre samanhengar..

Dette kombinerer vi med *minnekultur og minnepolitikk*. Det viser seg at få museum arbeider med slike teoretiske perspektiv, og prosjektet «Museum som minnepolitiske aktørar» har alt tilført ny forståing av arbeidet vårt. Det prosjektet blir avslutta med boka *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk* våren 2018.

I *det kulturfaglege arbeidet* vil vi i større grad enn før kombinere det språk- og litteraturfaglege med resultatretta tilbod og tenester til prioriterte målgrupper.

Ein vesentleg større del av gjestene våre er *born og unge* enn hos museum flest. Den kunnskapen og dei erfaringane dette har gitt oss, vil vi utvikle vidare. Både for Aasen-tunet og Hauge-senteret blir Den kulturelle skulesekken verande ei hovudscene i åra som kjem.

Aasen-tunet har ti års røynsle med figuren Lurivar, som er språkleg nysgjerrig og kry av språket sitt, og ein døropnar til nynorsk litteratur og undring over språk. Dette er ein av få ikkje-kommersielle barnefigurar i Noreg. Vi kombinerer nokre få lisensprodukt med læring og aktivisering, og desse varene marknadsfører vi ikkje på Tunkatten.no. Innanfor rimelege grenser gjer vi møta med Tunkatten til ei kjøpefri sone.

For Hauge-senteret blir barnelyrikk og barnesong prioriterte arbeidsområde overfor den same målgruppa.

Vi arbeider heile tida med å *auke marknadsinntektene våre*. For kvar krone vi får ekstra i offentlege tilskot, skal vi skaffe ei krone sjølv. Dei viktigaste verkemidla er billettsal, kafeen og butikkane.

Nynorsk kultursentrum prioriterte *digitale tenester* tidlegare enn mange museum og

er no eit av få museum i Noreg med fleire nettstader enn bygningar. På nettstadene legg vi vekt på å publisere både nytt, opphavsverna materiale og stoff som har falle i det fri – i 2018 vil det seie tekstar av forfattarar som døydde før utgangen av 1947.

Nettportalen Digitaltmuseum.no har gitt oss meir kontakt med publikum, som også lett kan gi oss eventuell tilleggsinformasjon om gjenstandane vi presenterer der.

19.2 Utvikling av samarbeid og nettverk

Nynorsk kultursentrum har leidd arbeidet i *Nynorsk forum* sidan 2000 og held fram i denne rolla. Nynorsk skriftkultur har mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, som alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og favorisering.

Nyvinningane til fordel for nynorsk-brukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Vi legg vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målrørsla og sentrale nynorsk-institusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

Det siste tiåret har det kome til mange *nye institusjonar*, både i norsk kulturliv generelt og i nynorskmiljøet. Dette set jamleg evna til samarbeid på prøve. Vi tek svært gjerne del i prosjekt som samsvarar med forretningsideen vår. Der vi er med, ønskjer vi å vere aktive, ikkje eit namn til utlån. Få nye museum er komne til på 2000-talet; vi står sjølv for to av dei.

Internasjonalt følgjer vi særleg opp gjennom *International network of language museums*. Grunnlaget er dokumentasjonen *Language museums of the world* som blir utgitt 2018. Den internasjonale samarbeidsflata blir også utvida gjennom Litteraturnettverket, ICLM og ICOM.

Styret hadde seminar i Finland i 2014 og i Danmark i 2016. I dette ligg ei opning for

nordiske inngangar til arbeidsfeltet vårt. Når Nynorsk kultursentrum no driv internasjonalt samarbeid i praksis, blir den nordiske sida av saka ekstra viktig.

Vinje-fondet er eit lite, men målretta tiltak som kjem i tillegg til dei store støtteordningane. Med midlar frå Vinje-fondet kan jamt fleire medieverksemdar vere med og auke bruken av nynorsk.

Utanom Vinje-fondet utøver vi ikkje forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre. Tvert om øver vi press mot dei som har det ansvaret. Samstundes stiller vi gjerne kompetansen vår til rådvelde for arbeid og tiltak som kan gjere det lettare å vere nynorskbrukar.

Frå 2017 arbeider vi systematisk med å utvikle og publisere relevant stoff om oss sjølve, den norske språksituasjonen og andre sentrale emne på *engelsk*.

19.3 Språk- og litteraturpolitisk aktør

Vi spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle overfor styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt. Kritisk og konstruktivt er vi med og styrkjer den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet.

Sidan 2004 var det uttrykt politikk frå eit breitt fleirtal i Stortinget at nynorsk skriftkultur skulle styrkjast systematisk fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013. Det såg vi nok lite til i praksis.

Nynorsk kultursentrum har forplikta seg til å forvalte det ansvaret det er å få ført vidare prosjekt frå Språkåret i regi av ulike institusjonar og organisasjonar. Dette inneber at vi i tida framover arbeider både med nynorsk skriftkultur og andre delar av det norske språklege mangfaldet.

Kulturdepartementet sette i 2014 i gang eit arbeid som truleg vil munne ut i framlegg til *språklov*. Intensjonen er at den nye lova skal erstatte mellom anna lov om målbruk i offentleg teneste. Styret sende i februar 2015 innspel til dette arbeidet, og vi vil følgje opp dette fram til saka vonleg er avslutta med godt resultat.

Nynorsk kultursentrum har følgd nøye med på prosessane om *samanslåing av kommunar og fylke*. Styret har ikkje drøfta eller teke stilling til dei overordna spørsmåla i denne saka, men det har vore peikt på at blir det samanslåingar, trengst det sterke og store nynorsk kommunar også i dei områda der nynorskbrukarane er i fleirtal. Vi utvikla nødvendig faktakunnskap om saka hausten 2016, og denne kunnskapen bruker vi vidare. Med større kommunar og regionar blir det kritisk viktig at mange institusjonar har ei dedikert nynorskrolle.

Med driftsavdelingar fleire stader i landet har saka også med kommunane som vertskap å gjere. Dei ordningane og avtalane som er etablerte for samarbeid og støtte, må eventuelle nye storkommunar overta utan negative endringar. Vedtaka om kommunesamanslåingar i Stortinget i juni 2017 inneber at vi får ein utvida vertskommune for Aasen-tunet ved at Volda og Hornindal går saman frå 2020, medan Ulvik og Vinje held fram som før.

Dei siste åra har vi arbeidd sporadisk med prosjektet *Den norske røynsla* om det å kunne løyse kulturelle konflikter utan vald. I 2015 følgde vi opp dette med ei prøvande drøfting av emnet «museum i den nye folkevandringsstida», og i 2016 med temautstillinga *Menneske og språk på vandring*. Prosjektet held fram i retning av bokutgiving 2019 eller 2020.

Det internasjonale perspektivet blir også ført vidare i *Språkfakta 2020* med statistisk oppdatering for åra 2015–2019.

Med Hauge-senteret i full drift blir *rammevilkåra for lyrikk* i Noreg eit nytt arbeidsfelt for oss. Dette gjeld både skriftleg poesi, songlyrikk og brukslyrikk.

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gammal og byggjer på ein tusenårslang skrifttradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til noko liknande. Å forstå denne tradisjonen, og vere med og utvikle denne skriftkulturen vidare, er den lange oppgåva for oss.

Eit handfast tiltak har vore å ta initiativ til og vere med og leggje grunnlaget for ei *nynorsk litteraturhistorie*. Den boka skriv Jan Inge Sørbo, og Det Norske Samlaget gir ut boka til 150-årsjubileet sitt våren 2018. Framstillinga er konsentrert om skjønnlitteratur, og etter evne Nynorsk kultursentrum supplere med eigne bidrag om sakprosa og nynorsk skriftkultur.

Litteratursosiologi og delar av språksosiologien står svakt ved universitet og høgskular, og gjennom prosjekt som i *Språkfakta* prøver vi å styrkje slik forskning og dokumentasjon.

Arbeidet held fram i retning av 2018 som rommar både 200-årsjubileet for A.O. Vinje og 150-årsjubileet for Det Norske Samlaget. Det vi gjer dei neste åra, legg grunnlaget for arbeidet vårt i 2020-åra. Retning og prioriteringar følgjer av *Visjon og strategi* og av hundreårserklæringa frå 2013.

19.4 Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret

Til 200-årsdagen for Ivar Aasen 5.8.2013 la Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum fram erklæringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret». Saman med strategiplanen er denne erklæringa eit grunndokument for det politiske arbeidet vårt.

Frå denne erklæringa har vi forma ti bodord for nynorsk i det 21. hundreåret:

1 Hald oppe Noreg som ein stat med to jamstilte norske språk.

2 Bruk konsekvent prinsippet nynorsk om at nynorsk alltid skal reknast med og vurderast der språk blir tematisert eller brukt.

3 Driv språkvern i praksis gjennom ei ny og utvida språklov.

4 Gi born og unge meir nærkontakt med nynorsk.

5 Gjer nynorsk til eit språk også for innvandrarar.

6 Utvid den lokale offentlege språkpolitikken.

7 Hald oppe skulen som arena for språkleg jamstilling.

8 Bruk nynorsk i tenking og forskning.

9 Gjer digitale tenester på nynorsk sjølv-sagde.

10 Meir nynorsk i fritidsindustri, underhaldning og idrett.

To emne blir overordna i arbeidet.

Vi vil dele *den norske røynsla* med andre. Nordmenn er meir interesserte i språkspørsmål enn dei fleste. Gjennom språkstrid og andre motsetnader utvikla nordmenn på 1900-talet ein tradisjon for å dempe eller løyse kulturelle konflikhtar utan bruk av vald. Denne norske røynsla er verdifull i dagens internasjonale samfunn og noko vi ønskjer å formidle til andre samfunn og statar.

Vi vil dokumentere og drøfte *kvifor mange nynorskbrukarar blir verande nynorskbrukarar*. I årstale nr. 4 i 2004 la vi fram den første systematiske dokumentasjonen av det vi kalla den språklege lekkasjen og som elles gjerne blir drøfta som språkskifte. Denne sida av saka er etter kvart ganske godt kartlagd. Derimot har knapt nokon studert dei mekanismane og faktorane som gjer at mange nynorskbrukarar faktisk blir verande nynorskbrukarar. Denne kunnskapen er nødvendig for at ein heilskapleg språkpolitikk for nynorsk skriftkultur skal kunne verke.

19.5 Språk- og kulturpolitisk perspektivmelding

Styret sende 31.10.2017 dokumentet *Språk- og kulturpolitisk perspektivmelding* som innspel frå Nynorsk kultursentrum til ei stortingsmelding om kulturpolitikk som regjeringa sette i gang arbeidet med i 2017.

Dokumentet bygde på drøfting i rådet, som gjorde dette vedtaket: «Rådet i Nynorsk kultursentrum legg stor vekt på at regjeringa i den nye kulturmeldinga inkluderer nynorske perspektiv på alle relevante område og dermed praktiserer prinsippet nynorsk»

Nynorsk kultursentrum tok opp desse emna:

- 1 Språk for modernisering
- 2 Demografi og demokrati i kulturpolitikken
- 3 Det digitale skiftet i skriftkulturane
- 4 Mangfald som tenkemåte og strategi
- 5 Ei utvida språklov for offentlig forvaltning

6 Nokre litteraturpolitiske initiativ

7 Minnepolitiske perspektiv på norsk kulturpolitikk

8 Behov for styrkte offentlege kulturbudsjett

I 2015 sende Nynorsk kultursentrum ein del framlegg til arbeidet med ei ny språklov i Kulturdepartementet. Dette blei følgt opp i kapittel 5 i perspektivmeldinga om ei utvida språklov for offentlig forvaltning:

Med si lange historie frå 1930 er den norske lova om målbruk i offentlig teneste eit internasjonalt føredøme for språkleg jamstilling. Den mållova som blei fremja for å skape eit eittspråkleg samfunn, har i over 70 år vore ein nødvendig føresetnad for å forme grunnlaget for ein språkdelt norsk kultur. Lova er viktigare enn nokon gong fordi offentlig sektor er større enn før, og fordi lova har vist seg å vere føremålstenleg.

Likevel held ikkje lova lenger mål ut frå dei hovudlinjene som Stortinget har sett for ein samla tospråkspolitikk som gjennomsyrrer både offentlig forvaltning og anna regulering av samfunnet. For å bevare og styrkje den tospråklege situasjonen må lova utvidast på det statlege området og forplikte kommunane på det regionale nivået.

Særleg tydeleg blir dette når ein undersøker kommunale og interkommunale føretak. Desse følgjer ofte ein annan praksis en den enkeltkommunane har fastsett. Dels er dette eit varsel om kva som kan skje når kommunar slår seg saman og ein ikkje passar på slike spørsmål, dels viser dei interkommunale føretaka at større kommunar kan vere ein fordel. Dette argumentet har då også vore mykje brukt av dei som ønskjer mange kommunesamanslåingar.

Då Stortinget i 2009 slutta seg til hovudpunkta i *St.meld nr. 35 (2007–2008) Mål og meining*, blei prinsippet nynorsk offisiell politikk. Det inneber at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast der norsk språk blir tematisert, og at det må grunngivast viss ein meiner det ikkje er relevant. Prinsippet nynorsk er enno på langt nær implementert og integrert i politikk og forvaltning.

Stortingsvedtaka om kommune- og regi-
onreform i juni 2017 er ei av dei største refor-
mene i offentleg forvaltning etter 1965. 19
fylkeskommunar skal bli ti, 428 kommunar
skal bli 356 frå 2020. Av dei er om lag 88 ny-
norskkommunar.

På papiret har dette lite å seie for styrke-
forholdet mellom dei to norske språka. Like
sidan den første mållova blei vedteken i
1930, har det vore lovbestemt at norske kom-
munar bestemmer over staten på eitt einaste
punkt: Kva slags språk skal staten bruke
overfor kommunane. Kva kommunane gjer
sjølve, er det ingen som ser etter, og der er
ingen lovfesta krav om at dei skal gjere det
sjølve, heller.

Også på andre område er den lokale
makta avgjerande i språkpolitikken. Frå og
med 1892 har det vore opp til dei lokale
skule- eller kommunestyra å avgjere om ny-
norsk eller bokmål skal vere opplærings-
språk i ein skulekrins. Likeins har kyrkjely-
dane frå same tidspunkt avgjort om liturgi-
språket skal vere nynorsk eller bokmål. At så
sentrale delar av norsk språkpolitikk blir be-
stemt lokalt, har hatt mykje å seie for det
språkengasjementet som framleis pregar No-
reg.

Eitt utviklingstrekk som ikkje er nytt,
men som no blir tydelegare, er at jamt fleire
unge språkbrukarar lever og arbeider i
språkblanda miljø. Grunnskulen har på
langt nær så mange klassar med berre ny-
norskelevar i dag som tilfellet var for ein el-
ler to generasjonar sidan. Færre kommunar
har no sterkt dominerande nynorskbruk,
dvs. minst 90 prosent nynorskelevar i grunn-
skulen. Det same gjeld for bokmålsklassar.
Fire av ti kommunar har nynorskelevar i
grunnskulane sine.

Mange av dei samanslåtte kommunane
vil utgjere større og ganske trygge nynorsk-
miljø. Samanslåingane kan innebere større
språklege motsetnader i ein del kommunar.
No representerer kanskje fire kommunestyre
innbyggjarane i eit område. Om tre år gjer eit
kommunestyre det same. Eit og same folke-
valt organ skal no avgjere det som ulike og

sjølvstendige organ avgjorde før. Kommu-
nane sjølve avgjer korleis dette skal handte-
rast, men det er legitimt å etablere lovfesta
rammer for kommunane si rolle i den språk-
lege jamstillingspolitikken

Der er gode grunnar for å seie at språk er
ein av dei viktigaste infrastrukturane i eit
samfunn. For andre slike infrastrukturar,
som samferdsle og forsvar, handsamar Stor-
tinget forpliktande langtidsplanar. Dette bør
også gjerast for språk, og det bør kombine-
rast med at Stortinget kvart fjerde år gjer
opp status for språkbruk i offentleg teneste.
Stortinget har ikkje hatt noka slik drøfting si-
dan 2009.

Den språklege praksis i offentleg forvalt-
ning har over tid hatt mykje å seie på to må-
tar. Dels har det styrkt skriftspråka bokmål
og nynorsk som vitale skriftkulturar, dels
har dette hatt positive ringverknader i privat
verksemd. Då bør mest mogleg offentleg
verksemd vere regulert av eitt og same lov-
verk, slik at den nye språklova gjeld også for
ein del fristilte statsselskap som mållova ik-
kje gjeld for no. Vi viser her til brev frå Ny-
norsk kultursentrum 4. februar 2015 med
innspel til ei ny språklov.

Framlegg om reformer og tiltak:

Proposisjon om ei *ny, moderne og utvida
språklov* som inkluderer prinsippet nynorsk,
og som også gjeld for alle nivå i offentleg
forvaltning

Leggje fram ein *språk- og litteraturpolitisk
langtidsplan for norsk skriftkultur* kvart fjerde
år saman med ei statusmelding om språk-
bruk i offentleg teneste og ei tilsvarende sta-
tusmelding om press frå engelsk på ulike
samfunnsområde.

Ivar Aasens ubrukte kladdepapir på fram-
sida fortel ei historie om det som enno ikkje
er tenkt og gjort. Å ta til med blanke ark er å
skrive vidare på forteljinga om den nynorske
skriftkulturen. Mange må ha gjort mykje for
at nokon skal tenkje det uventa.

(Framhald neste år)

Statistikk 2000-2017

	2000-2011	2013	2014	2015	2016	2017	I alt
ARSVERK	165,8	20,5	20,1	17,6	20,3	20	264,3
Fast tilsette	127,3	13,5	16,1	14,1	15,8	16,4	203,2
Engasjement	34,4	6,3	3,6	3,1	3,5	3,3	54,2
Arbeidstiltak	1,7	0,5	0	0	0,5	0,2	2,9
Frivillige	2,6	0,2	0,4	0,2	0,5	0,2	4,1
SAMLINGAR						59 942	59 942
Museumsgjstandar						10 326	10 326
Ordinære boksamlingar						48 897	48 897
Audiovisuelle objekt						719	719
Tilfredsstillande registrert						35 085	35 085
Arkivalia (hyllemeter)						109	109
FORMIDLING	421	95	35	33	81	62	727
Bøker og småskrifter	15	5	4	5	1	4	34
Artiklar	173	16	4	13	28	26	260
Talar og foredrag	233	74	27	15	52	32	433
GJESTER OG BRUKARAR	3 528 249	302 377	260 854	370 075	458 604	621 650	5 541 809
Vanlege gjester	243 774	30 743	29 679	24 102	40 194	27 143	395 635
Vår	61 937	9 815	5 071	7 667	12 104	10 914	107 508
Sommar	39 379	5 128	3 243	4 918	6 966	4 517	64 151
Haust	67 460	9 852	11 394	6 618	10 737	7 658	113 719
Dei nynorske festspela	74 998	5 948	6 081	4 899	5 404	4 054	101 384
Ulvik poesifestival			3890	0	4 982	0	8 872
Nettstadbrukarar	3 284 475	271 634	231 175	345 973	418 410	594 507	5 146 174
Vår	1 446 524	132 289	89 193	139 441	178 452	224 922	2 210 821
Sommar	689 227	52 643	48 451	74 169	84 138	101 605	1 050 233
Haust	1 148 724	86 702	93 531	132 363	155 820	169 604	1 786 744
Gjester etter tilbod							
Utstillingar	68 342	6 234	6 814	8 630	10 539	8 296	108 855
Kulturprogram i eigen regi	45 302	5 548	2 820	2 891	3 401	3 782	63 744
Festivalar	70 623	5 986	9 971	4 899	10 357	4 054	105 890
Elevprogram skulesekk	23 876	9 526	8 276	4 797	12 415	8 948	67 838
Utleige	35 434	3 449	1 995	2 885	3 482	2 063	49 308
Gjester etter alder							
Barn og unge	63 750	12 779	11 159	11 159	14 780	13 510	127 137
Vaksne	174 447	17 964	18 520	18 520	25 414	13 633	268 498
Tilastellingar	3076	550	501	370	593	386	5 476
Kulturprogram i eigen regi	595	105	48	71	104	108	1 031
Festivalar	648	47	74	42	91	53	955
Utlån tematutstillingar	146	16	6	3	16	2	189
Elevprogram turnear	807	265	274	167	296	165	1 974
Utleige	880	117	99	87	86	58	1 327
UTØVARAR FESTIVALAR	3 110	177	255	167	360	111	4 180

Fagleg representasjon 2017

Møte i den nasjonale komiteen for Vinje-jubileet 2018 i Oslo 11.1.: Ottar Grepstad

Stabsseminar og fellesmøte med Vest-Telemark Museum i Vinje og Tokke 18.–19.1.: alle fast tilsette

Fellesmøte om forskning i musea i Møre og Romsdal på Sunnmøre Museum i Ålesund 23.1.: Gaute Øvereng

Snakk om språk! på Kulturtorget i Molde 25.1.: Monika Haanes Waagan

Samarbeidsmøte med Sparebanken Vest i Ulvik 25.1.: Guro Ljone og Geir S. Netland

Møte med Voldaregnskap om årsavslutning og oppdragsbrev 2017 i Volda 26.1.: Ottar Grepstad, Janne Driveklepp Semb

Møte om samarbeidsprosjekt med Kulturskulen i Ulvik og Ole Bull Akademiet 30.1.: Guro Ljone og Geir S. Netland

Styremøte i Ulvik næringslag 30.1.: Geir S. Netland

Møte med Oppland fylkeskommune om utviklingsprosjekt Diktarhuset på Lillehammer 31.1.: Ottar Grepstad

Møte i Forum for nynorsk i opplæringa i Oslo 3.2.: Ottar Grepstad

Møte om kvissar og Framtida Junior med Framtida.no 3.2.: Stina Aasen Lødemel og Per Magnus F. Sandmark

Kurset «Strategisk og praktisk bruk av nynorsk i næringslivet» i Aasen-tunet 2.2. og 7.2.: Monika Haanes Waagan

Møte i Nynorsk Forum i Oslo 7.2.: Ottar Grepstad

20-årsmiddag for Nynorsk Forum i Oslo 7.2.: Ottar Grepstad

Sponsormøte med Sunnmørsposten i Ivar Aasen-tunet 8.2.: Laila Walseth Lid, Gaute Øvereng

Arbeidsseminaret «Museum and languages» i Firenze 9.–10.2.: Ottar Grepstad

Møte med Samlaget og Lars Mæhle om Festspela i Oslo 13.2.: Laila Walseth Lid, Monika Haanes Waagan

Møte i arbeidsgruppe for Masterplan for reiseliv i Ørsta kommune i Ørsta 14.2.:

Gaute Øvereng

Reiselivsmøte i regi av Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 15.2.: Gaute Øvereng

Møte med representantar for Bergen kommune og Noregs Mållag om Allkunne i Bergen 17.2.: Per Magnus F. Sandmark

Redaksjonsmøte i Allkunne, Bergen 17.2.: Per Magnus F. Sandmark og Stina Aasen Lødemel

Synfaring med Riksantikvaren og Telemark fylkeskommune i Vinje 21.2.: Ottar Grepstad

Forhandlingsmøte med Vinje kommune om overtakings- og driftsavtale for Vinjesenteret i Aasen-tunet 22.2.: Lodve Solholm, Ottar Grepstad

Fagseminar «Kultur som næring i distriktet» på Voss 2.3.: Geir S. Netland

Møte med Hans Fredrik Dahl om *Norsk presses historie* på Høgskulen i Volda 2.3.: Per Magnus F. Sandmark

Møte med Incita og Ulvik herad i Ulvik 6.3.: Geir S. Netland

Møte i programrådet for Poesifestivalen på Hamar 9.3.: Geir S. Netland, Jorid Lekve Eide, Stein A. Hevrøy

Nordisk poesifestival – Rolf Jacobsen-dagene på Hamar 8.–11.3.: Geir S. Netland, Jorid Lekve Eide, Stein A. Hevrøy

Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i Molde 10.3.: Gaute Øvereng

Møte i arbeidsgruppe for Masterplan for reiseliv i Ørsta kommune i Ørsta 14.3.: Gaute Øvereng

Årsmøte i Studentmållaget i Volda 14.3.: Per Magnus F. Sandmark

Styre- og årsmøte i Ulvik næringslag i Ulvik 15.3.: Geir S. Netland

Møte med Framtida.no i Oslo 17.3.: Gaute Øvereng

Samling nr. 4 i «Museum som minnepolitiske aktører» i Oslo 20.–21.3.:

Ottar Grepstad, Stein A. Hevrøy, Anders Aanes
 Årsmøte i Olav H. Hauge-stiftinga i Ulvik 21.3.: Geir S. Netland
 Biblioteksjefmøte i Møre og Romsdal i Molde 21.–23.3.: Siri Beate Gjerde
 Møte i Litteraturnettverket på Ibsen-museet og Nasjonalbiblioteket i Oslo 21.–22.3.: Stein A. Hevrøy, Gaute Øvereng
 Presentasjon av Hauge-senteret for utanlandske turoperatører i Ulvik 23.3.: Geir S. Netland
 Museumsleiarsamling for musea i Hordaland på Voss 23.–24.3.: Geir S. Netland
 Fehn-seminar på Arkitekturmuseet i Oslo 23.3.: Gaute Øvereng
 Møte med Idar Stegane om Olav H. Hauge som omsetjar i Bergen 28.3.: Stein Arnold Hevrøy
 Møte i den nasjonale komiteen for Vinje-jubileet 2018 i Oslo 29.3.: Ottar Grepstad
 Møte med masterstudent Ellen Nicolaysen om Aure-samlingane i Oslo 30.3.: Ottar Grepstad
 Markering for Olaf Almenningen 70 år i Oslo 30.3.: Ottar Grepstad
 Møte med Vinje Handverkslag i Vinje 31.3.: Ottar Grepstad
 Møte med Litteraturdagane i Vinje i Vinje 1.4.: Ottar Grepstad
 199-årsdagen for A.O. Vinje i Vinje 1.4.: Ottar Grepstad
 Møte i Vinje kommunestyre i Vinje 6.4.: Ottar Grepstad
 Næringskonferansen Søre Sunnmøre 6.4.: Laila Walseth Lid, Monika Haanes Waagan
 Jordferd for Christel Siem på Åndalsnes 12.4.: Ottar Grepstad, Milan Ilic
 Årsmøte i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ålesund 19.4.: Laila Walseth Lid
 Møte med fotograf Svein Olav Humberset om film til temautstilling i Aasen-tunet 19.4.: Anders Aanes og Gaute Øvereng
 Telefonmøte med Sunnhordland Museum om Økland-huset 25.4.: Ottar Grepstad
 Samling i Virke-nettverk for kulturleiarar i Trondheim 26.4.: Ottar Grepstad

Årsmøte i Norsk Barneblad i Oslo 26.4.: Jorid Lekve Eide
 Møte i Cittaslow-rådet i Ulvik 27.4.: Geir S. Netland
 Møre med Statsbygg om akustikk i Aasen-tunet 27.4.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng
 Møte med Nettverk for poetisk tenking på Universitetet i Bergen 28.4.: Stein Arnold Hevrøy
 Møte med Møre Folkehøgskule om Dei nynorske festspela i Ørsta 2.5.: Gaute Øvereng, Monika Haanes Waagan
 Møte i arbeidsgruppe for Masterplan for reiseliv i Ørsta kommune i Ørsta 2.5.: Gaute Øvereng
 Møte med Nasjonalbiblioteket om Vinje-bibliografiar i Oslo 2.5.: Ottar Grepstad
 Møte med Terje Breivik (V) i Stortinget 2.5.: Ottar Grepstad
 Opningskonferanse for ny kulturmelding i Oslo 3.5.: Ottar Grepstad
 Lansering av boka «Kunsten å jubilere» i Oslo 3.5.: Ottar Grepstad
 Møte med Ingvild Handagard om arkivalia i Oslo 3.5.: Ottar Grepstad
 Styremøte Ulvik Næringslag 3.5.: Geir S. Netland
 Seminar om digitalt arkiv i regi av Tieto i Oslo 4.5.: Ottar Grepstad, Oddny Nupen Aarflot
 Møte med Vinje kommune om Vinje-senteret i Vinje 5.5.: Ottar Grepstad
 Synfaring med Kulturrådet i Vinje 5.5.: Ottar Grepstad
 70-årsdag for Grete Riise i Bergen 6.5.: Ottar Grepstad
 Forhandlingsmøte med Sparebanken Vest i Bergen 10.5.: Ottar Grepstad, Geir S. Netland
 Budsjettmøte med Hordaland fylkeskommune i Bergen 10.5.: Ottar Grepstad, Geir S. Netland
 Virke reiselivsnettverk for museum i Oslo 12.5.: Laila Walseth Lid
 Møte med Noregs Mållag i Oslo 12.5.: Per Magnus F. Sandmark
 Møte med Noregs Ungdomslag i Oslo 12.5.: Per Magnus F. Sandmark

Møte med Garborgsenteret på Bryne
18.5.: Per Magnus F. Sandsmark

Møte om Økland-huset med
Sunnhordland Museum i Sveio 22.5.: Ottar Grepstad

Møte med Sveio kommune om klanduset
i Sveio 22.5.: Ottar Grepstad

Møte med SixSides om oppgradering
basisutstilling i Ulvik 22. og 23.5.: Geir S.
Netland, Stein A. Hevrøy, Ragnhild Nabben
og Jorid Lekve Eide

Møte med Anne Marte Før om
fotoutstilling i Aasen-tunet 22.5.: Anders
Aanes, Gaute Øvereng

Redaksjonsmøte i Allkunne i Aasen-tunet
30.5.: Per Magnus F. Sandsmark og Stina
Aasen Lødemel

Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i
Molde 31.5.: Gaute Øvereng

Møte med Hordaland fylkeskommune
om oppfølging av rapporten *Stader for skrift* i
Bergen 1.6.: Geir S. Netland

Møte med Framtida.no om Framtida
Junior 7.6.: Per Magnus F. Sandsmark og
Gaute Øvereng

Landstinget i Landssamanslutninga av
nynorskkommunar i Ulsteinvik 8.–9.6.: Grete
Riise, Ottar Grepstad, Monika Haanes
Waagan

Møte i Cittaslow-rådet i Ulvik 15.6.: Geir
S. Netland

Møte i planleggingsgruppe for torgdag
og oktobertorg i Ulvik 15.6.: Ragnhild
Nabben

Diktardagen på Hardanger folkemuseum
på Utne 17.6.: Geir S. Netland, Stein A.
Hevrøy, Ragnhild Nabben

Forhandlingsmøte med medlemslaget
Litteraturdagane i Vinje i Vinje 19.6.: Ottar
Grepstad

Overleveringsmøte for Vinje-samling frå
Ingvild Handagard i Oslo 20.6.: Ottar
Grepstad

Styremøte i Ulvik Næringslag 21.6.: Geir
S. Netland

Møte med Hodejegerne i Oslo 29.6.: Ottar
Grepstad

Perspektivdagen 2017 i Ørsta 29.6.: Grete
Riise, Hilde Barstad, Brit Bildøen, Sæbjørn

Forberg, Stina Aasen Lødemel, Øystein A.
Vangsnes, Ottar Grepstad, Geir S. Netland,
Per Magnus F. Sandsmark

Telemarkfestivalen i Bø i Telemark 29.7.:
Ottar Grepstad

Deltaking på arrangementet «Arven etter
Vinje» på Øygarden i Sel 6.8.: Ottar
Grepstad

Gjennomgang av samlingane til Einar
Økland i Valevåg 14.–17.8.: Ottar Grepstad

Semesteropning på Høgskulen i Volda
15.8.: Gaute Øvereng

Haustlanseringa til Samlaget i Oslo 16.8.:
Gaute Øvereng

Møte med Bruket Arkitektur om
ombygging av møterom på Voss 16.8.: Geir
S. Netland

Møte med teknisk sektor i Ørsta
kommune 17.8.: Laila Walseth Lid, Gaute
Øvereng

Samling i Virke-nettverk for
kulturinstitusjonar i Rissa 18.8.: Ottar
Grepstad

Styremøte i Ulvik Næringslag 23.8.: Geir
S. Netland

Møte med Olav Nordstoga om A.O.
Vinje-saker i Vinje 23.8.: Ottar Grepstad

Fellesmøte for komiteane for Vinje-
jubileet i Vinje 24.8.: Ottar Grepstad

Møte med Samlaget i Bergen 24.8.: Geir S.
Netland

Medlemsmøte i laget Litteraturdagane i
Vinje i Vinje 24.8.: Jon Østbø, Ottar Grepstad

Litteraturdagane i Vinje 24.–26.8.: Jon
Østbø, Ottar Grepstad

Møte med leiinga ved Universitetet i
Bergen i Bergen 29.8.: Grete Riise, Øystein A.
Vangsnes, Ottar Grepstad, Per Magnus F.
Sandsmark

Møte om Hannaas-samlinga ved
Universitetsbiblioteket i Bergen 29.8.: Ottar
Grepstad

Frukostforum på Høgskulen i Volda
30.8.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Per
Magnus F. Sandsmark

Møte med Samlaget om 150-årsjubileum i
Aasen-tunet 30.8.: Ottar Grepstad, Gaute
Øvereng, Per Magnus F. Sandsmark

Møte med Samlaget om publisering av verk i Aasen-tunet 30.8.: Per Magnus F. Sandsmark, Stina Aasen Lødemel

Konstituerende møte i arbeidsutvalet for Museumslosen i Hordaland i Bergen 31.8.: Ragnhild Nabben

Samling i Virke reiselivsnettverk i Aasen-tunet 1.9.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Laila W. Lid

Fehn-treff på Holmsbu 2.9.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Møte med Dagfinn Worren og André Lynum om appen Dagens Aasen i Oslo 4.9.: Gaute Øvereng

Møte med Kulturrådet på Notodden 5.9.: Ottar Grepstad

Samarbeidsmøte for kunst- og kulturaktører i Hardanger på Utne 12.9.: Geir S. Netland

Møte med Volda sokneråd om Lutherseminar i Aasen-tunet 15.9.: Anna Elise Vadset og Gaute Øvereng

Møte i programrådet for Ulvik poesifestival i Bergen 18.9.: Geir S. Netland, Jorid Lekve Eide, Stein A. Hevrøy, Ragnhild Nabben

Avtalefesta møte om leigeavtale med Ulvik herad i Ulvik 19.9.: Geir S. Netland

Møte med Per Mulvik AS om Steinhuset 25.9.: Ottar Grepstad og Per Magnus F. Sandsmark

Møte med Aslaug Marit Øyehaug om interiør i Steinhuset 26.9.: Ottar Grepstad og Per Magnus F. Sandsmark

Møte med Samlaget om 150-årsjubileum i Aasen-tunet 27.10.: Gaute Øvereng, Synnøve Marie Sætre

Møte med leverandører til Steinhuset i Aasen-tunet 6.9.: Per Magnus F. Sandsmark.

Møte med Sæbjørn Forberg om Diktarhuset i Lom 28.9.: Ottar Grepstad

Møte med Lom folkebibliotek om Diktarhuset i Lom 28.9.: Ottar Grepstad

Møte med Arne Brimi om Diktarhuset i Lom 28.9.: Ottar Grepstad

Møte med Lom kommune om Diktarhuset i Lom 28.9.: Ottar Grepstad

Møte med Møre og Romsdal fylkeskommune om museumsplan i Molde 2.10.: Lodve Solholm, Ottar Grepstad

Møte med Fjaler kommune i Førde 6.10.: Ottar Grepstad

Møte med Selja forlag i Førde 6.10.: Ottar Grepstad

Presentasjon av dagleg leiar ved Vinjesenteret i Vinje 11.10.: Ottar Grepstad, Kristian W. Rantala

Møte med Foreningen !Les om Nasjonalt lesedøgn, Oslo 11.10: Synnøve Marie Sætre

Møte med Lesemeister om Nasjonalt lesedøgn, Oslo 11.10: Synnøve Marie Sætre

Møte med Foreningen !Les i Oslo 13.10: Ragnhild Nabben

Møte med Samlaget i Oslo 13.10: Ragnhild Nabben

Møte med manusforfatter Lars Mæhle i Oslo 13.10: Ragnhild Nabben

Møte om avslutningshelg for Vinjejubileet i Oslo 17.10.: Ottar Grepstad

Møte med Samlaget om rettigheter til publisering av verk, Oslo 17.10.: Per Magnus F. Sandsmark

Møte med Framtida.no og Framtida Junior, Oslo 17.10.: Per Magnus F. Sandsmark

Samling i Litteraturnettverket på Kongsvinger 17.–18.10.: Gaute Øvereng

Møte i Nynorsk Forum i Oslo 18.10.2017: Ottar Grepstad

Møte med Samlaget om digital utgåve av *Nynorsk litteraturhistorie* i Oslo 18.10.: Per Magnus F. Sandsmark

Møte med Samlaget om *Norsk barnelitteraturhistorie* i Oslo 18.10.: Per Magnus F. Sandsmark

Samling nr. 5 i forskingsprosjektet «Museum som minnepolitiske institusjonar» på Kongsvinger 19.–20.10.: Ottar Grepstad, Anders Aanes

Lunsjmøte med Hotell Ivar Aasen i Aasen-tunet 19.10.: Gaute Øvereng, Milan Ilic og Ingrid Opedal

Fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Aasen-tunet 23.10.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Møte med Sveio kommune om Økland-tunet i Sveio 25.10.: Ottar Grepstad

Møte med Sunnhordland museum om Økland-tunet i Sveio 25.10.: Ottar Grepstad

Arbeidsmøte med Einar Økland om Økland-samlingane i Sveio 25.–26.10.: Ottar Grepstad

Styremøte i Ulvik næringslag 25.10.: Geir S. Netland

Samling i Musea i Møre og Romsdal i Molde 25.–26.10.: Synnøve Marie Sætre

Innspelkonferanse om ny kulturmelding i Kristiansund 26.10.: Gaute Øvereng

Møte om festspelsamarbeid med Austefjordhelg i Aasen-tunet 31.10.: Anna Elise Vadset og Gaute Øvereng

Møte med festspeldiktar Marit Eikemo i Bergen 1.11.: Gaute Øvereng

Møte med Ørsta kommune om lokal rammeplan for barnehagar i Aasen-tunet 1.11.: Synnøve Marie Sætre

Budsjett høring i Stortinget 2.11.: Ottar Grepstad

Styremøte Norsk Barneblad 2.11.: Siri Beate Gjerde

Redaksjonsmøte i Allkunne i Bergen 2.11.: Per Magnus F. Sandmark og Stina Aasen Lødemel

Møte med Samlaget om Nasjonalt lesedøgn i Oslo 2.11.: Synnøve Marie Sætre

Seminar om Lyrikk, samfunn og krise i Bergen 3.–4.11.: Geir Netland, Ragnhild Nabben, Stein Arnold Hevrøy

Møte om avslutningshelg for Vinje-jubileet i Oslo 7.11.: Ottar Grepstad

Møte i den nasjonale komiteen for Vinje-jubileet i Oslo 8.11.: Ottar Grepstad

Møte med Jan Inge Sørbø om *Nynorsk litteraturhistorie* i Volda 8.11.: Per Magnus F. Sandmark

Møte Nettverk for nynorsk barnelitteratur på Stord 9.11.: Ragnhild Nabben

Møte med Diktardagar SA og kommunane i Ottadalen i Lom 13.11.: Ottar Grepstad

Møte om festspelsamarbeid med Nynorsksenteret i Aasen-tunet 14.11.: Anna Elise Vadset og Gaute Øvereng

Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i Molde 17.11.: Gaute Øvereng

Møte i Cittaslow-rådet i Ulvik 20.11.: Geir S. Netland

Frukostforum i Volda i Aasen-tunet 21.11.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Styremøte i Olav H. Hauge-stiftinga i Ulvik 25.11.: Geir S. Netland

Møte om festspelsamarbeid med Møre og Romsdal fylkesbibliotek i Ålesund 27.11.: Gaute Øvereng og Anna Elise Vadset

Møte med Museumsforbundet og Museumsnytt om museumsformidling på nett i Oslo 27.11.: Per Magnus F. Sandmark

Sleppfest for Norsk Museumstidsskrift i Oslo 27.11.: Per Magnus F. Sandmark

Informasjonsmøte i NAV om digital sjukmelding i Ulsteinvik 29.11.: Oddny Nupen Aarflot

Møte om festspelsamarbeid med ungdomsråda i Volda og Ørsta i Aasen-tunet 29.11.: Gaute Øvereng, Anna Elise Vadset

Møte med Siri Økland om Økland-samlingane i Bergen 30.11.: Ottar Grepstad

Møte med Samlaget om utgiving av *Forfattarens skriftstader* i Oslo 1.12.: Ottar Grepstad

Presentasjon av vinnaren av Årets nynorskkommune i Oslo 1.12.: Gaute Øvereng

Møte i Kulturrådet om støtteordningar for museum i Oslo 4.12.: Ottar Grepstad

Publisering 2017

Foredrag

Ottar Grepstad: «Beyond the exhibitions of language museums: culture of memory and politics of language». Arbeidsseminaret *Museum and languages*, Firenze 9.2.

–: Gratulasjonstale på Henrik Ibsens fødselsdag, Ibsenmuseet, Oslo 21.3.

–: Minnetale om Christel Siem, Åndalsnes 10.4.

–: «Introduksjon til ti vanskelege spørsmål 2017–2050». Perspektivdagen 2017, Møre Folkehøgskule, Ørsta 29.6.

–: Samtale om A.O. Vinje, «Arven etter Vinje», Øygarden i Sel 5.8.

–: Presentasjon av strategi og røynsler for leiinga ved Museet Kystens Arv i Rissa 18.8.

–: «Visjon og strategi – frå prosess til resultat». Virke-nettverk for kulturleiarar, Rissa 18.8.

–: «Under ein høgare himmel – strategi for ein nasjonal kulturinstitusjon utanfor Oslo». Virke-reiselivs-nettverk for museum, Aasen.-tunet 1.9.

–: «Mannen i det blå huset. Med Sverre Fehn gjennom 40 år og for alltid». Fehn-treff, Holmsbu 2.9.

–: «Vinje-senteret – forteljingane som vil bli med heim». Presentasjon for Norsk kulturråd på Notodden 5.9.: Ottar Grepstad

Stein Arnold Hevrøy: «Arkiv på Hauge-senteret?» Nettverk for privatarkiv i Hordaland, Tyssedal 20.4.

–: «Brevvekslinga mellom Olav og Bodil». M/F Hardingen, Hardangertokt i Ulvik 31.5.

–: «Brevvekslinga mellom Olav og Bodil». Fylkestinget i Hordaland, Lofthus 13.6.

–: «Poesi som vern og samvær: Isolasjonisme og intertekstualitet i dikt av Olav H. Hauge». Litteraturkollektivet / Ugress kulturfestival, Trondheim 16.9.

–: «Brevvekslinga mellom Olav og Bodil». Fartøyvernssenteret i Nordheimsund 8.10.

–: «Jesu ord og Heraklits vassgraut: Om Olav H. Hauges krisedikt 'Framfor

undergangen'». Seminaret *Lyrikk, samfunn og krise*, Universitetet i Bergen 3.11.

–: «Sju dikt frå sju bøker: Glimt frå forfatterskapen til Olav H. Hauge». Boka bedehus 10.11.

Stina Aasen Lødemel: «Skit eller kanel? Om Allkunne og kjeldekritikk på internett». Fagerlia vidaregåande skule i Ivar Aasen-tunet 2.6.2017

–: «Skit eller kanel? Om Allkunne og kjeldekritikk på internett», Stryn ungdomsskule i Ivar Aasen-tunet 30.10.2017

–: «Allkunne og digital kunnskapsformidling. Språk, kunnskap og kvalitet». Samling i Musea i Møre og Romsdal, Romsdalsmuseet, Molde 27.10.2017.

Ragnhild Nabben: «Om lyrikkformidling for barn og ungdom». Falturiltu-seminaret, Stord 9.11.2017

–: «4000 år med lyrikk». Opning av «All verdas lyrikk gjennom 4000 år», basisutstillinga, Hauge-senteret, 21.11.

Geir S. Netland: «Utradisjonelle arenaer og samarbeidsmoglegheiter». Presentasjon av Hauge-senteret og Ulvik poesifestival på seminaret *Kultur som næring i distriktet* i regi av Proscen, Voss 2.3.

–: «The Hauge Centre and the poet Olav H. Hauge». Presentasjon av Hauge-senteret og Hages forfatterskap for Cittaslow International Conference, Ulvik 10.11.

Per Magnus F. Sandmark: «Nynorsk på nett». Årsmøtet i Studentmållaget i Volda 14.3.

–: «Meir nynorsk i kvardagen». Hovudinnleiing på landsmøtet i Norsk Målungdom på Sandane 1.4.

–: «Frå ei furie frå Frogner til Karsten Warholm. Om nynorsk som eit språk for alt». Litteratur- og kvisskveld, Herøy mållag 19.10.

–: «Immateriell kulturarv på museum». Lansering av *Norsk museumstidsskrift* nr. 2 2017, Oslo 27.11.

Monika Haanes Waagan: «Identitet og språk i Nynorskland». Kurset *Strategisk og*

praktisk bruk av nynorsk i næringslivet, Aasen-tunet 2.2.

–: Deltaking i samtale om nynorsk i næringslivet. Landstinget, Landssaman-slutninga av nynorskkommunar, Ulsteinvik 8.6.

Gaute Øvereng: «Noreg rundt med Ivar Aasen». Arrangementet *Ivar Aasens reiser i Aasen-tunet* 1.10.

–: Innspel til ny kulturmelding frå Nynorsk kultursentrum. Innspelskonferanse i regi av Kulturdepartementet i Kristiansund 26.10.

Artiklar

Ottar Grepstad: «Reform utan språkendring». *Dag og Tid* 17.2.

–: «Den nye tidsånda i kulturlivet». *Museumsnytt* nr.1 2017

–: «Nasjonsbyggjaren», i Torgeir Anda: *Vi løftet sammen*. Aker BP, Oslo 2017

–: «The nation builder», i Torgeir Anda: *We pulled together*. Aker BP, Oslo 2017

–: «Tor Jonsson i norsk minne- og skriftkultur». Håvard Teigen og Svein Johs. Ottesen (red.): *Meg kan ingen grava ned, Artiklar om Tor Jonsson*. Oplandske Bokforlag 2017

–: Luther-tesar 2017. Artikkelserie i 13 delar i *Dag og Tid*. «Flyktningen på borga» 18.8., «Legenda om hammaren» 25.8., «Den første bestseljaren» 1.9., «Ein nasjonal katalysator» 8.9., «Språkskaparen frå Wittenberg» 15.9., «Lesestoff for all verda» 22.9., «Alle kampsongars mor» 29.9., «Dobbeltagenten frå Pommern» 13.10., «Reformasjonens kvinner» 20.10., «Den endelausa reformasjonen!» 27.10., «Høgtysk vandel, lågtysk handel» 3.11., «Då Vesten endra retning» 10.11., «Bodberarens infame helsing» 17.11.

–: «Han skreiv for eit betre Noreg». Forord i *A.O. Vinje-jubileet 2018. Program i Vinje 6.–8. april*. Usignert

Stein Arnold Hevrøy: «Olav H. Hauge 1908–1994». *Norsk oversetterleksikon* 16.6.

Stina Aasen Lødemel og Per Magnus F. Sandsmark: «Heile verda frå Hovdebygda», Hovdebygdingar – gav oss ein arv til å gøyma. *Mi gamle grend*, nr. 26, Ørsta 2017

Per Magnus F. Sandsmark: «Muser på museum». *Museumsnytt* nr. 1 2017

–: «Rett til å lære. Ansvar for å dele». Sogn Avis, Avis Valdres, Møre-Nytt, Aftenbladet.no (under overskrifta «Nynorskens perspektiv»), Sunnmøringen, Sunnmørsposten 2.3.; Strandbuen, Stavanger Aftenblad, Romsdals Budstikke, Telen 3.3.; Lindesnes, Hordaland, Møre, Gudbrandsdølen Dagningen 4.3., Vigga, Fjuken, Suldalsposten, Hallingdølen, Jærbladet 6.3.; Haugesunds Avis, Sandnesposten 7.3., Lister, Norddalen, Bygdebladet, Bø Blad 9.3.; Sunnhordland, Vest-Telemark Blad, Driva 10.3.

–: «Meir nynorsk i kvardagen», *Motmæle* nr. 2 2017

–: «Om å lure på noko». Bloggen til Nynorsksenteret 27.9.2017

: «Å stille ut handlingar. Immateriell kulturarv på museum», *Norsk Museums-tidsskrift* nr. 2 2017

Småskrifter og bøker

Diktarstien. 60 s. Utgitt i samarbeid med Hardanger og Voss Museum. 60 s.

Ottar Grepstad (red.): *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2021*. Ørsta 2017. 173 s.

Ottar Grepstad: *Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Asmund Olavsson Vinje 1843–2016*. Ørsta 2017. 416 s.

[Geir S. Netland ofl.]: *Stader for skrift. Rapport om diktarheimar i Hordaland*. Ulvik 2017. 46 s.

Løyvingar frå Vinje-fondet 2010–2017

2010	Framtida.no	Journalist lokalval 2011	200 000
	Mediehuset Sunnhordland	Omskulering til journalist	200 000
	Telemarksavisa	Avdelingskontor Vinje	375 000
2011	Øy-Blikk	Skriveverkstad for unge	100 000
	Landslaget for lokalaviser	Det store språkløftet	300 000
2012	Firda Media	Nynorsk avissenter	400 000
	Bømlo-Nytt	Utvikling av nettavis	200 000
2013	Firda Media	Nynorsk avissenter	300 000
	Framtida.no	Journalist i Språkåret	225 000
2014	Firda Media	Nynorsk avissenter	300 000
2015	Vest-Telemark Blad	Journalistikk på Snapchat	470 000
	Framtida.no	Forskingsjournalistikk	230 000
	Mellom bakkar og berg	Journalistikk næringsliv	80 000
	Språkutvikling i redaksjonar		50 000
2016	Nordre	Språkløft	50 000
	Romsdals Budstikke	Språkleg kompetanseløft	50 000
	Nordhordland	Ung her	80 000
	Josimar	Fotballjournalistikk	220 000
	Framtida.no	Forskingsjournalistikk	250 000
2017	Nationen	Reportasjeserie miljø	150 000
	Bygdanytt	Meir nynorsk	50 000
	Nordhordland	NH Ung	80 000
	Framtida.no	Forskingsjournalistikk	200 000

Kulturprogram 2017

Vår januar-mai

MÅNDAG 2. JANUAR – 31. MARS

Utstillinga, Ivar Aasen-tunet

Det usynlege språket. Omsetjing og gjendikting

Temautstilling

ONSDAG 1. FEBRUAR

14.00–15.00 Kafeen, Ivar Aasen-tunet

Bok og bakverk

Månadens kapittel: Frå *Forvandlinga og andre forteljingar* av Franz Kafka og *Frankenstein eller den moderne Prometheus* av Mary Shelley

Elevar frå musikklinja ved Volda

vidaregåande skule

Gratis

SØNDAG 5. FEBRUAR

13.00–16.00 Ivar Aasen-tunet

Familiedag: Spreke eventyr

Samlingsstund i Salen kl 13.00. Sigrid Henjum fortel om opplevingar frå Svalbard, Grønland, Sør Georgia, Nordvestpassasjen og Mongolia. Aktivitetar ute og inne.

Kr 70 / 50

SØNDAG 5. FEBRUAR

19.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Lars og Ola Bremnes

Eit sjeldan høve til å oppleve Bremnes-brørne saman på ei scene. Her får publikum både nye og gamle perler frå begge artistane.

Kr 350 / 250

ONSDAG 8. FEBRUAR

19.00–20.30 Hauge-senteret

Og plassen heitte...

Kåseri med Gunnstein Akselberg, Språkprofessor ved Universitetet i Bergen, om gardsnamn, namnetolking og namnenormering. I samarbeid med Den kulturelle spaserstokken i Ulvik herad.

Kr 150 / pensjonistar gratis

FREDAG 17. FEBRUAR

19:00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Atlantehavskveld

Ottar Fyllingsnes og Guri Aasen om boka

Færøyane og Fiskarkona og døtrene hennar

Museumsstyrar og båtbyggjar Håvard Hatløy

om prosjektet Båten og mennesket

Hanus G. Johansen om Færøyane

Meny: fisk frå Atlanterhavet, god vin og

dessert

Kr 600 inkl. mat og mineralvatn / 700 inkl. mat

og vin

TYSDAG 21. FEBRUAR

12.30–14.30 Ivar Aasen-tunet

Morsmålskafé

I høve den internasjonale morsmålsdagen.

Aktivitetar, konkurransar og enkel servering.

Gratis

TYSDAG 21. FEBRUAR

13.00–15.00 Ulvik folkebibliotek, Ulvik

Morsmålsdagen

Ulike nasjonalitetar busett i Ulvik presenterer

poesi frå heimlandet på sitt morsmål. I

samarbeid med Ulvik folkebibliotek.

Gratis

ONSDAG 22. FEBRUAR

19.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Italia, Ferrante og yttergrensa vår mot sør

Foredrag med Kristin Sørsdal

Kr 125

LAURDAG 25. FEBRUAR

21.00–22.00, Drøs bakeri og kafè, Ulvik

So long, Leonard

Foredrag om Leonard Cohen med omsette dikt

og songtekstar ved lyrikar og forfattar Håvard

Rem.

Kr 200

ONSDAG 1. MARS

Bok og bakverk

kl. 14.00–15.00: Kafeen

Månadens kapittel: Frå *Landet ingen har sett* av

Edvard Hoem

Elevar frå musikklinja ved Volda

vidaregåande skule

Gratis

SØNDAG 5. MARS

13.00–16.00 Ivar Aasen-tunet

Familiedag: Hai

13.00 og 14.00

Samlingsstunder med høgtlesing frå *Den vesle blå haien*

Aktivitetar for fleire sansar, for born frå fire år

I samarbeid med Skald forlag

Kr 70 / 50

ONSDAG 8. MARS

09.00 og 11.00 Barnas vel barnehage, Ørsta

Bok, boks, bokstav

Eit barnehageprogram med Liv Astrid Skåre
Langnes for tre-fem-åringane om språkleik,
bokstavleik litteratur og song

19.00–21.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Kjønn og språk

Kristin Fridtun og Magnhild Folkvord i
samtale med Torill Myren om feminisme og
førestillingar om kjønn

Musikk: Gabriel Fliflet og Jorun Marie

Kvernberg

Kr 200

TORSDAG 9. MARS

09.00 og 11.00 Barnas vel barnehage, Ørsta

Bok, boks, bokstav

Eit barnehageprogram med Liv Astrid Skåre
Langnes for tre-fem-åringane om språkleik,
bokstavleik litteratur og song

FREDAG 17. MARS

08.00–16.00, Olav H. Hauge-senteret

Poesifritidsordning

Alternativ skulefritidsordning for born mellom
6 og 10 år

08.00 – 08.30 Velkomen i poesiverkstad

08.30 – 09.00 Lesestund

Konkurranse etterpå – kva hugsar du frå
forteljinga?

09.00 – 09.45 Poesiverkstad

Rimleik og Kan ein stakk ha kjensler?

09.45 – 10.30 Utetime med natursti

10.30 – 11.00

Oppsummering natursti

11.00 – 11.30 Lunsj

11.30 – 12.30 Kunsttime

Vi lagar skuggeteater

12.30 – 13.30 Bøker og musikk

13.30 – 14.30 Utetid på sjakkbrettet

Vi lagar ei forteljing om sjakkbrikkene

14.30 – 15.00 Yoga

15.00 – 16.00 Origami

SØNDAG 19. MARS

13.00–16.00 Ivar Aasen-tunet

Kunstverkstad for vaksne

Kunstverkstad for vaksne inspirert av *Begrav
meg i snø* av Gudmund Skjeldal og Kristian

Finborud

Rita Slåtterøy frå Seanse rettleier i enkle måle-,
kollasj- og trykketeknikkar

Ta med forkle eller arbeidstøy som toler
målingsflekkar

Kr 500 (inkludert materiell)

TYSDAG 21. MARS

19.00–20.30 Syse gard, Ulvik

Verdas poesidag

Jan Erik Vold les eigne dikt og samtalar med
Jan H. Landro om eit langt liv i teneste for
poesien

Kr 200

LAURDAG 1. APRIL

12.00 Vinjar samfunnshus, Vinje

199-årsfødedagen til A.O. Vinje

12.00 Tom Roger Aadland: ein song

12.05 Velkomen ved ordførar Jon Rikard
Kleven

12.15 Kristin Bakken: Ord og ordsamlarar frå
Vest-Telemark i Norsk Ordbok

12.45 Allsong: «Til Vestmannalaget» av A.O.
Vinje

12.45 Graut og grautpinne

13.30 Erik Gjestvang framfører Vinje-tekstar

13.45 Allsong: «Sang for A.O. Vinje» (1869)

13.50 Ordskifte: Kva slags kulturinstitusjonar
treng Noreg no?

Svein Harberg (H), leiar familie- og
kulturkomiteen Stortinget

Tone Berge Hansen (Ap), leiar hovudutvalet
for kultur, Telemark fylkeskommune

Førebudde spørsmål og kommentarar frå
lokalpolitikarar

Debatteiar: Bjørn Bø

14.45 Kringle og kaffi

15.00 Allsong

15.00 Ottar Grepstad: Korleis er A.O. Vinje blitt forstått i ettertid?

15.30 Tom Roger Aadland: Dylan på nynorsk

16.00 Blomar ved bauta

Svein Harberg legg blomar ved Vinje-statuen

Allsong: «Blåmann»

Arrangørar: Vinje-senteret og Vinje kommune
Gratis

SØNDAG 2. APRIL

13.00–16.00 Ivar Aasen-tunet

Familiedag: Teiknspråk

13.00 Samlingsstund

Eit spennande og inspirerande

møte med teiknspråk

Teiknspråkverkstad der borna får prøve seg på teiknspråk gjennom ulike spel og aktivitetar

Kr 70 / 50

SØNDAG 2. APRIL–ONSDAG 14. JUNI

Utstillinga, Ivar Aasen-tunet

I Edvard Hoems tid

Temautstilling

Inkl. i pris til basiutstillinga

ONSDAG 5. APRIL

14.00–15.00 Kafeen, Ivar Aasen-tunet

Bok og bakverk

Månadens kapittel: Frå *Den stille flokken* av

Lars Mæhle

Elevar frå musikklinja ved Volda

vidaregåande skule

Gratis

TORSDAG 6. APRIL

19.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Det gjeng an å skriva i kvardagen òg

Doktorgradstipendiat Øystein Hide om den nynorske dagboktradisjonen

Kr 125

MÅNDAG 10.–ONSDAG 12. APRIL

13.00 Ivar Aasen-tunet

Påskejakt med Lurivar

Ordspion Lurivar av Aasen-tunet får eit nytt

mysterium å løyse, og borna blir med på

kattekrumspring i det svære huset

Påskeverkstad med ulike oppgaver

Kr 70 / 50

MÅNDAG 24. APRIL–TORSDAG 27. APRIL

Festspela ut i skulane!

Alle 8. klassane i Volda og Ørsta får besøk av festspeldiktar Lars Mæhle

I samarbeid med Volda og Ørsta kommunar

LAURDAG 29. APRIL

19.30–21.00 Drøs bakeri og kafè, Ulvik

Bob Dylan: Den store songen

Foredrag ved forfattar og professor i

litteraturvitskap Gisle Selnes

Samtale med forfattar og musikar og Dylan-

fan Pedro Carmona Alvarez

Annlaug Børsheim og Carmona Alvarez

framfører sine favorittlåtar av Dylan

Kr 250

TORSDAG 11. MAI – 22. SEPTEMBER

18.00–19.00, Olav H. Hauge-senteret

Ordefar

Opning av temautstilling med biletkunstnar

Randi Annie Strand

Introduksjon ved kunstnaren

Inkl. i billett til basisutstillinga

FREDAG 19. MAI

21.00–22.00 Den grønne kafè, Ulvik

Siderslepp: Guro von Germeten

Guro von Germeten, Line Grenheim og

Christian Svensson

I samarbeid med Frukt- og siderruta

Kr 250

Den kulturelle skulesekken

Ein nordmann likar ikkje å vere våpenlaus

Eit program for 8. – 10. steg med rap-utøvarar

Per Olav Hoff Mydske og André Jarnvig

Jensen

Framsyning om lyriske verkemiddel,

lyrikksoge og om det å slost med rap og dikt

Olav H. Hauge-senteret i samarbeid med

Rogaland og Hordaland fylkeskommunar
